

# Tidsadverbial og aspektkonkurranse

## i russisk

Per Byrkjeland



Rettleiar: Atle Grønn

Masteroppgåve i russisk språk ved  
Institutt for litteratur, områdestudiar og europeiske språk  
Det humanistiske fakultet  
Universitetet i Oslo

Våren 2011



## Takk

Det er ei rekkje personar som fortener ein takk i samband med denne masteroppgåva. Først og fremst vil eg takke rettleiaren min, Atle Grønn, for uvurderlege råd og korreksjonar, og for alltid å ha vist interesse for og tru på oppgåva.

Eg har vore så heldig at eg har fått hjelp av eit høgt kompetent og internasjonalt korrekturlesartandem; Ingrid Krog i Berlin og Jorunn Skjulestad i Sankt Petersburg. Takk for at de har vore pirkete og ærlege. Eg ser fram til å lese korrektur på dykker masteroppgåver! Ein stor takk skal Maria Bobrova ha, for å ha svart på alle slags spørsmål om russiske aspekt, og for å ha sett over omsetjingane mine frå russisk til norsk.

I desember 2010 var eg i Minsk og gjennomførte ei lita informantundersøkjing til oppgåva. Min aller første lærar i russisk, Natal'ja Bolbas, var til stor hjelp med å utarbeide denne undersøkjinga. Ho skal ha takk for det, og for at ho vekte ei interesse for russisk språk i meg, som no har resultert i denne masteroppgåva. Takk også til Kristin Ekström, svensklektor ved Minsk State Linguistic University, for hjelp med tilrettelegging av undersøkjinga, og til alle studentane hennar som svara på den.

Aller sist vil eg takke foreldra mine for at eg fekk kome eit par turar heim og ha skrivestove i Hardanger, slik Edvard Grieg ein gong hadde. Om eg vert like verdskjend som han, gjenstår å sjå.

Alle feil og manglar i oppgåva er mine eigne.

Oslo, mai 2011  
Per Byrkjeland



# Innhald

Takk.....	i
Forkortinger og symbolar.....	v
Liste over boksar .....	vi
Liste over figurar .....	vi
1. Innleiing .....	1
2. Det russiske aspektsystemet .....	4
2.1 Aspektpar.....	4
2.2 Aspektbruk.....	7
2.2.1 Perfektivt aspekt .....	7
2.2.2 Imperfektivt aspekt.....	9
2.3 Motsetnader mellom aspeka .....	11
2.3.1 Heilskapsmodellen .....	11
2.3.2 Avslutta handling .....	12
2.3.3 (A)telisitet.....	13
2.4 Oppsummering .....	16
3. Aspekt og tid i russisk .....	17
3.1 Tempuskategorien i russisk .....	17
3.1.1 Preteritum i russisk.....	18
3.2 Referansetid .....	19
3.3 Klein .....	26
3.4 (A)Telisitet.....	30
3.5 Tidsadverbial og aspekt .....	32
3.6 Oppsummering .....	36
4. Aspektkonkurranse i russisk.....	37
4.1 Eksistensiell Ipf og presuppositionell Ipf.....	37
4.2 The Event Nucleus.....	41
4.3 Tradisjonelle framstillingar av faktuell Ipf.....	44
4.3.1 Ipf skildrar ei erfaring (experiential Ipf) .....	44
4.3.2 Fokus på agens .....	45
4.3.3 Ipf som det umarkerte aspekt .....	46
4.3.4 Simple denotation.....	47
4.3.5 Pragmatiske forklaringar på Ipf.....	48
4.3.6 Faktuell Ipf redusert til andre tydingar av Ipf .....	50
4.4 Aspektkonkurranse .....	54
4.5 Grønn sin definisjon av faktuell Ipf.....	57

4.6	Aspektkonkurranse og tidsadverbial .....	66
4.6.1	Rammeadverbial.....	67
4.6.2	Inklusive adverbial .....	72
4.7	Oppsummering .....	77
5.	Degree Achievements .....	79
5.1	Definisjonar .....	79
5.2	DA-verb og (a)telisitet.....	85
5.2.1	(A)telisitet.....	86
5.2.2	Differanseverdiar.....	89
5.3	Oppsummering .....	95
6.	Konklusjon .....	98
7.	Litteratur.....	104
	Korpora: .....	107

## Forkortningar og symbolar

Ipf	imperfektivt aspekt
Pf	perfektivt aspekt
e	event (handling eller hending)
t	tid (intervall)
iff	if and only if (viss og berre viss)
<	kjem først
>	kjem etter
$\geq$	kjem etter eller samstundes med
=	samstundes med
$\neq$	ikkje samstundes med
$\subset$	inkludert i
$\supset$	inkluderer
$\subseteq$	ekte delmengde (proper inclusion)
$\not\subseteq$	ikkje ekte delmengde (not proper inclusion)
$\cap$	overlappar med
$\vee$	eller
$\neg$	ikkje

## Liste over boksar

Boks I-----	<i>Vesna 1994 goda ja uže/vse ešče rabotal<sup>Ipf</sup> v Pariže-----</i>	15
Boks II-----	<i>Dei to tydingane av Spat<sup>Ipf</sup> do obeda-----</i>	16
Boks III-----	<i>Tempora i russisk-----</i>	18
Boks IV-----	<i>Grønn sin definisjon på faktuell Ipf-----</i>	58
Boks V-----	<i>Grønn sin definisjon på aspektkonkurranse-----</i>	66
Boks VI-----	<i>Degree achievement-verb på norsk og tysk-----</i>	87

## Liste over figurar

Figur I-----	<i>Referansetid og rammeadverbial-----</i>	21
Figur II-----	<i>The Event Nucleus-----</i>	41
Figur III-----	<i>Perfektumspar-----</i>	43
Figur IV-----	<i>Første tolking av zarabotok uveličvalsja<sup>Ipf</sup>-----</i>	62
Figur V-----	<i>Andre tolking av zarabotok uveličvalsja<sup>Ipf</sup>-----</i>	62
Figur VI-----	<i>Tredje tolking av zarabotok uveličvalsja<sup>Ipf</sup>-----</i>	63
Figur VII-----	<i>Fjerde tolking av zarabotok uveličvalsja<sup>Ipf</sup>-----</i>	64
Figur VIII-----	<i>Faktuell Ipf med tidsadverbial-----</i>	68
Figur IX-----	<i>Subintervalltesten på (a)telisitet-----</i>	80
Figur X-----	<i>Monotone increasing/decreasing modifiers-----</i>	93
Figur XI-----	<i>Padučeva si forklaring av tak že nelovko, kak minutu nazad slezal<sup>Ipf</sup>-----</i>	98
Figur XII-----	<i>Mi forklaring av tak že nelovko, kak minutu nazad slezal<sup>Ipf</sup>-----</i>	98
Figur XIII-----	<i>Tydingar av Ipf čital med rammeadverbialet v detstve-----</i>	100
Figur XIV-----	<i>Subintervalltesten på eit degree achievement-verb-----</i>	102

## 1. Innleiing

Denne oppgåva er ein semantisk analyse av verbaspekt i russisk. Inndelinga av russiske verb i såkalla trivielle aspektpar, der eit imperfektivt verb (Ipf) og eit perfektivt verb (Pf) har same tyding, er noko av det som valdar størst problem for utlendingar som studerer russisk. Dei to aspekta må nyttast i ulike situasjonar. Ipf skildrar vanlegvis ein prosess eller ei vedvarande handling (prosessuell Ipf), eller ei handling som skjer fleire gonger (iterativ Ipf) eller er ein vane (habituell Ipf). På den andre sida kan Pf berre skildre einskilde handlingar som er avslutta og har gitt eit resultat. Men biletet er meir nyansert enn som så, og det er dette som ofte kan synast vanskeleg for ikkje-slaviske språkbrukarar. I visse samanhengar kan nemleg også Ipf nyttast for å skildre ei einskild handling med resultat, slik som Pf – ein bruksmåte eg kallar *faktuell Ipf* i denne oppgåva. Det oppstår med andre ord konkurranse mellom Pf og faktuell Ipf i desse høva.

Eg tek i denne oppgåva utgangspunkt i at verbaspekt er ein tidskategori, og at aspektval vert avgjort av forholdet mellom det tidsintervallet som skildrar *handlinga* og det som skildrar *referansetida*, med andre ord det tidsintervallet talaren vel å fokusere på. Det finst ei referansetid i alle ytringar. I somme høve er denne eksplisitt uttrykt av eit tidsadverbial, i andre høve er den ikkje det. Målet mitt med denne oppgåva er å finne ut korleis eit eksplisitt uttrykt tidsadverbial kan anten leggje til rette for eller hindre ei faktuell tyding av Ipf. Eg tek i bruk eit breitt utval av teoriar om temporalitet og aspekt i russisk. Desse teoriane testar eg med autentiske døme frå to ulike tekstkorpora; RuN-korpuset og Det russiske nasjonale korpuset (*Russkij nacional'nyj korpus*). Korpora er eit ganske nytt hjelpemiddel i lingvistikken, og vil i denne oppgåva bidra til ein betre og meir presis diskusjon av dei teoriane eg støttar meg på.

Eit korpus er eit informasjonssystem som er grunnlagt på ei samling tekstar i elektronisk form. Det russiske nasjonalkorpuset tek sikte på å vere basert på eit representativt utval tekstar, det vil seie at korpuset skal innehalde alle typar skriftlege og munnlege tekstar, og at desse tekstane skal inngå i korpuset proporsjonalt med den delen dei utgjer i det gitte språket. Det russiske nasjonalkorpuset er delt inn i ti underkorpora; hovudkorpus, syntakskorpus, aviskorpus, parallelkkorpus, undervisningskorpus, dialektkorpus, poesikorpus, munnleg korpus, aksentologisk korpus og multimediekorpus. Alle døma frå Det russiske

nasjonalkorpuset i denne oppgåva er tekne frå anten hovudkorpuset eller parallelkorpuset. RuN-korpuset er eit reint parallelkorpus, med tekstar hovudsakeleg på norsk og russisk, men òg engelsk og eit aukande tal på språk. Tekstane er samla på setningsnivå og er markerte med grammatisk informasjon på ordnivå. Dette har gjort sørk i korpora til ein effektiv, påliteleg og morosam måte å skaffe gode, autentiske døme frå ulike russiske tekstar – alt frå skjønnlitterære klassikarar av forfattarar som Lev Tolstoj, Anton Čechov og Michail Bulgakov til moderne kokebøker og nettfora/bloggar. Dei korpusdøma eg har teke i bruk i denne oppgåva er markerte med anten (RuN) for funn frå RuN-korpuset eller (RNC) for funn frå Det russiske nasjonalkorpuset. Alle døma er tekne frå opphavlege russiske tekstar, ikkje omsetjingar til russisk. Omsetjingane frå (RuN) er offisielle omsetjingar til norsk og engelsk som ligg i korpuset. For funn frå parallelkorpuset i (RNC) har eg nytta den offisielle engelske omsetjinga, medan omsetjingane til nynorsk frå hovudkorpuset er mine eigne.

I kapittel 2 vil eg gi eit kort oversyn over aspektkategorien i russisk. Her vil eg presentere ein metode å skilje ut trivielle aspektpar på, nemleg *Maslovs kriterium*. Vidare vil eg sjå på dei ulike tydingane til dei to aspekta, i tillegg til nokre tradisjonelle måtar å skilje dei frå einannan på. I kapittel 3 vil eg argumentere for at aspekt er ein temporalkategori i russisk, og eg vil drøfte forholdet mellom aspekt og tid. Her vil eg til å byrje med kort introdusere *tempus* i russisk, før eg gir ein detaljert presentasjon av artikkelen "A Time-Relational Analysis of Russian Aspect" av Wolfgang Klein (1995). Forfattaren kjem her med ein svært elegant teori der aspekt vert vurdert som ein tidskategori. Denne teorien er populær, og vil også danne mykje av grunnlaget for korleis eg oppfattar aspektkategorien i russisk. Men me vil òg sjå at teorien har sine svake punkt. Vidare i kapittel 3 skal me sjå på omgrepene (a)telisitet, som vil vere svært viktig i diskusjonen om aspektkonkurranse og tidsadverbial. Til sist i kapittel 3 vil eg kort drøfte tidsadverbial og deira forhold til aspekt og (a)telisitet. I kapittel 4 skal me drøfte omgrepene aspektkonkurranse. Først vil me sjå på korleis faktuell *Ipf* og aspektkonkurranse er framstilt i russisk lingvistikk, før eg vil presentere dei definisjonane eg vil bruke på desse omgrepa i denne oppgåva, tekne frå (Grønn 2003). Her vil eg òg gi eit kort oversyn over tradisjonelle tilnærmingsmåtar til faktuell *Ipf*. Etter det vil eg diskutere korleis tidsadverbial er med på å styre valet av aspekt i høve der begge aspekta er mogelege. I kapittel 5 tek eg for meg ei gruppe verb som viser særeigen åtferd med omsyn til (a)telisitet og i samband med

tidsadverbial. Desse verba kallast *degree achievement*-verb, og eg vil argumentere for at desse i utgangspunktet er ateliske, men at konteksten kan tvinge fram ei telisk tolking.

Nokre få oppgåvetekniske merknader til sist. Eg har valt å bruke standarden ISO/R 9 for translitterering av russisk tekst. I staden for han/ho, vil eg i denne oppgåva ta i bruk det kjønnsnøytrale pronomenet *hin* i situasjonar der personen som omtalast ikkje er definert for kjønn.

## 2. Det russiske aspektsystemet

Denne oppgåva handlar om verbaspekt, og eg vil difor gi ein kort introduksjon til omgrepet i dette kapittelet. Det russiske verbalsystemet kan på éi side verke ukomplisert, fordi der me på norsk har fleire fortidsformer (preteritum, perfektum, pluskvamperfektum), finst det berre éi fortidsform i russisk. På den andre sida dominerer *aspekt* verbalsystemet i russisk og andre slaviske språk. Aspekt er for mange utlendingar den vanskelegaste kategorien i russisk grammatikk, og har vore gjenstand for ein svært stor mengde lingvistisk litteratur gjennom fleire tiår. Ein detaljert presentasjon av verbaspekta er utanfor denne oppgåvas rekkjevidde, men eg finn det likevel tenleg å ta med ein liten gjennomgang for lesarar som ikkje er kjende med det russiske aspektsystemet.


### 2.1 Aspektpar

Dei fleste verb i russisk opptrer i såkalla aspektpar: eit imperfektivt (Ipf) og eit perfektivt (Pf) verb. Leinonen (1982) viser til (Mučnik 1956), som seier at av om lag 9000 russiske verb som han har gjennomgått, inngår 64 prosent i aspektpar. 31 prosent førekjem i berre eitt aspekt, medan 5 prosent av verba reknast som biaspektuelle.

Leinonen går derimot ikkje noko nærare inn på kva ho og Mučnik legg i omgrepet ”aspektpar”. Aspektpar er nemleg eit omdiskutert omgrep, og det finst slavistar som påstår at det ikkje finst reine aspektpar i det heile teke, sidan det alltid vil vere ein viss skilnad i tyding mellom Ipf og Pf. Me skal ikkje ta for oss debatten i denne oppgåva, eg vil ta utgangspunkt i at verb vanlegvis inngår i *trivelle aspektpar*, og eg vil no presentere éin måte å skilje dei ut på - *Maslovs kriterium*. Maslovs kriterium seier at det er mogeleg og til og med naudsynt å erstatte Pf med Ipf i visse samanhengar (Maslov 2004: 91). Dei to samanhengane som oftast vert nytta for å illustrere Maslovs kriterium, er omskriving frå Pf preteritum til historisk presens<sup>1</sup> (1) og omskriving av éi einskild handling i Pf til ein iterativ kontekst (det vil seie gjenteken handling), uttrykt med Ipf (2).

---

<sup>1</sup> I alle presensformer er berre Ipf mogeleg.

- (1) *On nadet<sup>Pf</sup> pal'to, prostilsja<sup>Pf</sup> i vybežal<sup>Pf</sup> na ulicu.*   
*On nadevaet<sup>Ipf</sup> pal'to, proščaetsja<sup>Ipf</sup> i vybegaet<sup>Ipf</sup> na ulicu.* (Maslov 2004: 91)
- Han tok på seg frakken, tok avskjed og gjekk ut.   
Han tek på seg frakken, tek avskjed og går ut.
- (2) *Včera on napisal<sup>Pf</sup> ej pis'mo.*   
*On každyj den' pisal<sup>Ipf</sup> ej pis'mo.* (Forsyth 1970: 153)
- I går skreiv han eit brev til ho.   
Han skreiv eit brev til ho kvar dag.

Ut ifrå desse testane kan me slå fast følgjande fire trivielle aspektpar: *nadevat<sup>Ipf</sup>/nadet<sup>Pf</sup>* 'kle/ta på seg', *proščat'sja<sup>Ipf</sup>/prostit'sja<sup>Pf</sup>* 'ta avskjed', *vybegat<sup>Ipf</sup>/vybežat<sup>Pf</sup>* 'springe/gå ut', *pisat<sup>Ipf</sup>/napisat<sup>Pf</sup>*, 'skrive'.

Morfologisk sett fungerer aspektpara slik: simpleksverb som *pisat'* 'skrive' og *ćitat'* 'lese' er Ipf. Dersom ein legg til eit prefiks, får ein den perfektive aspektpartnar som resultat: *napisat'* 'skrive', *procitat'* 'lese'. Ein kan òg kombinere simpleksverb med andre prefiks, men dei perfektive verba ein då får som resultat, kan *ikkje* reknast som aspektpartnarar til simpleksverbet. Desse verba er snarare aksjonsartar av det opphavlege simpleksverbet. Zaliznjak og Šmelev (2000: 104) definerer aksjonsartar som "ulike typer for semantisk modifisering av verbet, definert av bestemte formelle virkemiddel (prefiks, suffiks eller ein kombinasjon av dei to)". For å finne ein imperfektiv aspektpartnar til aksjonsarten lyt ein tilføye eit suffiks til det prefigerte verbet for å få det som kallast eit *sekundært aspektpar*. Dersom ein til dømes kombinerer verbet *pisat'* 'skrive' med prefikset *pro-*, vert ein altså ikkje sitjande att med eit aspektpar, sidan *propisat'* tyder 'føreskrive'. For å få ein imperfektiv aspektpartnar legg me til suffikset *-yva-* (-iva-) og får *propisyvat'*. Slik kan ein lage ei rekke sekundære aspektpar til simpleksverbet *pisat'* (alle aspektpara er ført opp med Ipf først, så Pf):

(3) <i>pisat' / napisat'</i>	skrive
<i>vpisyvat' / vpisat'</i>	skrive inn, føre inn
<i>vypisyvat' / vypisat'</i>	skrive ut
<i>dopisyvat' / dopisat'</i>	skrive ferdig
<i>zapisyvat' / zapisat'</i>	skrive ned, notere
<i>ispisyvat' / ispisat'</i>	skrive ut, fylle (med skrift)
<i>opisyvat' / opisat'</i>	skildre
<i>podpisyvat' / podpisat'</i>	skrive under, signere
<i>pripisyvat' / pripisat'</i>	tilføye, tilskrive, registrere
<i>propisyvat' / propisat'</i>	føreskrive
<i>spisyvat' / spisat'</i>	skrive av, kopiere

Ikkje alle aspektpar vert til gjennom prefigering av simpleksverb. Somme aspektpar har ulike verbstammer: *napadat' / napast'* 'gå til å tak', *brosat' / brosit'* 'kaste'. Andre aspektpar vert danna ved å leggje til suffikset *-nu* til Ipf. Desse er anten inkoative (uttrykkjer ein overgang frå éin tilstand til ein annan), eller semelfaktive (uttrykkjer at noko hender éi gong), slik som *prygat' / prygnut'* 'hoppe', *kričat' / kriknut'* 'skrike'. Til sist er det somme aspektpar som ikkje fell inn under nokre av desse kategoriane, det mest kjende er *govorit' / skazat'* 'seie'.

I tillegg til aspektpar i russisk har me såkalla *perfectiva tantum* og *imperfectiva tantum* (Mathiassen 1996). Som døme på *perfectiva tantum*, det vil seie verb som berre førekjem i Pf og som ikkje har nokon Ipf aspektpartnar, trekkjer Mathiassen fram døme som *očnut'sja* 'kome til seg sjølv (att)', verb med prefikset *za-* som produserer ein ingressiv aksjonsart (uttrykkjer byrjande handling), slik som *zaplakat'* 'bryte ut i gråt' og *zapet'* 'byrje å synge' og verb med prefiks *po-* i limitativ tyding: *postojat'* 'stå litt (ei lita stund)', *posidet'* 'sitje litt (ei lita stund)<sup>2</sup>. Av *imperfectiva tantum* nemner Mathiassen durative verb som *byt'* 'vere', *suščestvovat'* 'eksistere', *žit'* 'leve, bu', *ležat'* 'liggje' samt nokre verb med abstrakt tyding som *preobladať'* 'dominere' og vesteuropeiske kalkeringar som *predstojet'* 'førestå'.

Til sist finst det ei svært produktiv gruppe verb – dei som kan vere både Ipf og Pf. På russisk kallast desse *dvuvidovye glagoly* – biaspektuelle verb. Døme på slike verb er *kaznit'* 'avrette'

---

<sup>2</sup> Det er verdt å nemne at prefiks *po-* med verbet *idti<sup>Ipf</sup>* 'gå' og *echat<sup>Ipf</sup>* 'dra/køyre' gir verba *pojtī<sup>Pf</sup>* og *poechat<sup>Pf</sup>*, som har ingressiv tyding ('byrje å gå', 'dra av stad').

og *obeščat'* 'love'. I tillegg fell brorparten av nyare importerte verb inn under denne kategorien, slik som *telegrafirovat'* 'telegrafere' og *telefonirovat'* 'telefonere', med somme unntak som *kopirovat'* / *skopirovat'* 'kopiere'.

## 2.2 Aspektbruk

Som nemnt ovanfor er aspektkategorien eit stort kapittel i den russiske grammatikken, og mange lingvistar har introdusert nye måtar å klassifisere bruksområda til dei to aspekta. I denne oppgåva skal eg ikkje gi noko detaljert skildring av dei to aspekta, men gi eit lite oversyn over dei ulike tydingane aspekta kan ha. I 2.3 vil eg drøfte motsetnader som er føreslegne av ulike lingvistar.

### 2.2.1 Perfektivt aspekt

Pf av ein verbalfrase indikerer ei endring i tilstand (Forsyth 1970, Padučeva 1996). Forsyth illustrerer denne endringa med dømet i (4). Her demonstrerer det perfektive verbet *razbil* 'knuste/har knust' i (4b) overgangen frå tilstanden i (4a) til tilstanden i (4c).

- (4)    a.    *Byl<sup>Pf</sup> stakan.*  
            Der var eit glas.  
      b.    *On razbil<sup>Pf</sup> stakan.*  
            Han **knuste** glaset.  
      c.    *Stakan razbit.*  
            Glaset er knust.

(Forsyth 1970: 8)

Eit prototypisk Pf-verb skildrar ein situasjon som har ei indre grense, som i (5) og (6), eller har eit subjekt som er tillagt eit mål, som i (7) frå Padučeva (1996). I (7) er predikatet *vysochla<sup>Pf</sup>* 'har tørka' eit *degree achievement*-verb. Denne verbklassen skal me sjå nærmare på i kapittel 5.

- (5)    *Ja umyplsja<sup>Pf</sup>.*  
            Eg **har vaska** meg.

(6) *Vanja pojmal<sup>Pf</sup> babočku.*

Vanja **har fakka** ein sommarfugl.

(7) *Luža vysochla<sup>Pf</sup>.*

Sølepytten **har tørka**.

(Padučeva 1996: 86-87)

Vidare presenterer Padučeva ein definisjon av Pf. Dette vel ho å gjere ved å skilje ut fire komponentar som må vere til stades ved ein perfektiv verbalfrase. Utgangspunktet for denne definisjonen er ei tidslinje med tre intervall;  $t_1 < t_2 < t_3$ . Tidsintervallet  $t_1$  markerer byrjinga på prosessen i punkt 1. Eit vilkår for Pf er dette: før momentet  $t_3$  fann ikkje tilstanden  $\rho$  stad.

1. prosess: på tidspunktet  $t_2$  føregjekk det ein prosess som førte til tilstanden  $\rho$
2. oppnåing av grense/mål: i augneblinken  $t_3$  oppstod  $\rho$
3. perfektivitet: tilstanden  $\rho$  gjeld også for observasjonstida (det vil seie taletida eller referansepunktet – meir om dette i kapittel 3)
4. tidsmessig bunden: tidspunktet  $t_3$  refererer til ei konkret hending eller tidspunkt

(Padučeva 1996: 87)

Den viktigaste tydinga til Pf er den konkret-faktiske tydinga (*konkretno-faktičeskoe značenie*) (Bondarko 1971). Dette er etter Bondarkos syn Pf si grunntyding, og avheng i liten grad av konteksten. Dette kjem til syne gjennom dømet til Bondarko frå Michail Šocholovs roman ”Stille flyter Don”, der Pf vert nytta i ein minimal kontekst:

(8) - *Otpustili<sup>Pf</sup> tebja?*

- *Otpustili<sup>Pf</sup>.*

- Slapp dei deg fri?

- Ja, det gjorde dei.

(Bondarko 1971: 22)

Bondarko (1971) trekkjer òg fram tre andre tydingar ved Pf - konkret-mönster tyding (*nagljadno-primernoe značenie*), potensiell tyding (*potencial'noe značenie*), og summarisk

tyding (*summarnoe značenie*). Desse tydingane er svært sjeldne og av liten interesse i denne samanhengen, difor viser eg lesaren til Bondarko (1971) for ytterlegare informasjon om desse.

## 2.2.2 Imperfektivt aspekt

Ipf reknast for å vere det mest innfløkte aspektet i russisk, og famnar om eit vidare bruksområde enn Pf. Her vil eg ta utgangspunkt i inndelinga frå Padučeva (1996), som byggjer vidare på arbeida til mellom anna Glovinskaja (1982), Rassudova (1968) og Forsyth (1970).

Padučeva samlar alle dei ulike tydingane til Ipf i tre hovudgrupper. I den første gruppa finn me tre tydingar. Desse tydingane har til felles at dei alle skildrar ein prosess som varar over ei meir eller mindre avgrensa tid. Den første undergruppa kallar ho *aktual'no-dlitel'noe značenie*, ”aktuell-vedvarande tyding”, og tilsvarar det Forsyth (1970) kallar ”process and state”. Handlinga eller prosessen som skildrast av Ipf vedvarar i det tidsintervallet det vert referert til. Den andre undergruppa er den ”kontinuerlege tydinga” til Ipf, *kontinual'noe značenie*, der handlinga som skildrast varar over ei lengre tid (vanlegast med verb som *rabotat'* ’arbeide’, *žit'* ’bu’). Til sist føreslår Padučeva ei tyding der Ipf skildrar ein vedvarande og uforanderleg tilstand (*postojanno-nepreryvnoe značenie*). Døme på desse tre:

- |     |    |   |                                   |
|-----|----|---|-----------------------------------|
| (9) | a. | <i>Ne mešaj, ja rabotaju<sup>Ipf</sup>.</i>           | ( <i>aktual'no-dlitel'noe</i> )   |
|     |    | Ikkje forstyrr, eg <b>arbeidar</b> .                  | (aktuell-vedvarande)              |
|     | b. | <i>Ona rabotaet<sup>Ipf</sup> v universitete.</i>     | ( <i>kontinual'noe</i> )          |
|     |    | Ho <b>arbeidar</b> ved universitetet.                 | (kontinuerleg)                    |
|     | c. | <i>Okna gostinicy vychodjat<sup>Ipf</sup> na jug.</i> | ( <i>postojanno-nepreryvnoe</i> ) |
|     |    | Vindauga på hotellet <b>vender</b> mot sør.           | (uforanderleg)                    |
- (Padučeva 1996: 10)

Den andre gruppa til Padučeva tek for seg høva der Ipf skildrar fleire handlingar eller ei handling som førekjem fleire gonger. Tydingane i gruppe I kan ikkje skildre iterasjon (fleire handlingar). Gruppe II vert også delt inn i tre undergrupper. Den første kallar Padučeva ”habituell” Ipf, *uzual'noe značenie*, og skildrar slik namnet tilseier regelmessige handlingar/vanar. Denne bruken av Ipf er vanleg med adverb som *často/neredko* ’ofte’, *obyčno* ’vanlegvis’, *kak pravilo* ’som regel’. Den andre undergruppa er ”potensiell” Ipf,

*potencial'noe značenie*, og skildrar snarare mogelegheit/evne enn faktiske handlingar. Den tredje og siste undergruppa kallast ”iterativ”, *mnogokratnoe značenie*, og nyttast når ei handling skjer fleire gonger, men ikkje er ein vane.

- |         |  |                         |
|---------|--|-------------------------|
| (10) a. | <i>Každoe utro on otkryvaet<sup>Ipf</sup> okno.</i>  | (uzual'noe)             |
|         | Kvar morgen <b>opnar</b> han vindauge.   | (habituell)             |
| b.      | <i>Chorošij byl slesar': ljubye zamki otkryval<sup>Ipf</sup>.</i> ( <i>potencial'noe</i> ) |                         |
|         | Han var ein god låsesmed – han <b>opna</b>   |                         |
|         | (=kunne opne) alle slags låsar.  | (potensiell)            |
| c.      | <i>Ja dva raza otkryval<sup>Ipf</sup> okno.</i>  | ( <i>mnogokratnoe</i> ) |
|         | Eg <b>opna</b> vindauge to gonger.   | (iterativ)              |
- (Padučeva 1996: 10)

Gruppe III tek for seg såkalla faktuell Ipf, og er den gruppa som er av størst interesse for denne oppgåva. Faktuell Ipf vil verte mykje nærare omtala i kapittel 4. Her presenterer Padučeva heile fem undergrupper. Den første av dei tek for seg så kalla ”uavgrensa faktuell Ipf”, *obščefaktičeskoe nepredel'noe značenie*, som skildrar ein tilstand som er avslutta. Neste gruppe tek for seg situasjonar der Ipf skildrar handlingar som er avslutta og har gitt resultat, *obščefaktičeskoe rezul'tativnoe značenie*, og er den mest interessante tydinga til Ipf med omsyn til aspektkonkurranse, sidan dette er sjølve hovudtydinga til Pf. Undergruppe 3 tek for seg såkalla ”annullert resultat”, ”bidirectional Ipf”, *obščefaktičeskoe dvunapravlennoe značenie*, der resultatet av handlinga er oppnådd, for så å verte annullert av den motsette handlinga. Denne tydinga gjeld berre for nokre verb som *otkryvat'* ’opne (og lukke att)’, *zakryvat'* ’lukke (og opne att), *prichodit'* ’kome (og gå att) osb. Den neste undergruppa tek for seg faktuell Ipf som *ikkje* gir resultat (*obščefaktičeskoe nerezul'tativnoe značenie*). Dette vert mellom anna av Forsyth (1970) kalla ”konativ Ipf”, og skildrar forsøk. Den siste undergruppa som Padučeva tek med seg er den durative tydinga av Pf, *durativnoe značenie*. Denne tydinga førekjem berre i samband med durative adverbial, det vil seie tidsadverbial som svarar på spørsmålet *kak dolgo?* ’kor lenge?’.

- (11) a. *Gde moi ključi? Oni ležali<sup>Ipf</sup> na stole.* (obščefakt. nepredel'noe)  
           Kvar er nøklane mine? Dei låg på bordet. (uavgrensa faktuell Ipf)
- b. *On pokazyval<sup>Ipf</sup> mne ee fotografiju.* (obščefakt. rezul'tativnoe)  
           Han synte meg biletet hennar. (resultativ faktuell Ipf)
- c. *K tebe kto-to prichodil<sup>Ipf</sup>.* (obščefakt. dvunapravl.)  
           Nokon kom til deg (og gjekk att). (annullert faktuell Ipf)
- d. *My dolgo rešali<sup>Ipf</sup> zadaču, i nakonec rešili<sup>Pf</sup> ee.* (obščefakt. nerezul'tat.)  
           Me prøvde lenge å løyse oppgåva, og til  
           slutt greidde me å løyse den. (konativ Ipf)
- e. *Oni guljali<sup>Ipf</sup> vsju noč'.* (durativnoe)  
           Dei festa heile natta. (durativ Ipf)
- (Padučeva 1996: 10)

## 2.3 Motsetnader mellom aspekta

I 2.2 gjekk me gjennom dei ulike tydingane til høvesvis Pf og Ipf. Grovt sett kan ein seie at hovudeigenskapane til Pf er resultativitet og singularitet, medan det for Ipf er prosess/tilstand og iterativitet/vane. Men biletet er meir komplekst enn som så. Fleire forskrarar har freista å koke tydingane til kvart aspekt ned til éi grunntyding som skil det gjeldande aspektet frå det andre. I denne delen skal me sjå på somme av dei.

### 2.3.1 Heilsaksmodellen

Ein av dei vanlegaste måtane å skilje Pf frå Ipf på, er å ta utgangspunkt i at Pf skildrar situasjonen i sin heilsak, medan Ipf skildrar ein del av situasjonen. Dette synet har lange tradisjonar og har vorte godkjend av mange forskrarar.

A perfective verb expresses the action as a total event summed up with reference to a single specific juncture.

(Forsyth, 1970: 8)

Pf skildrar med andre ord ei handling frå start til slutt, medan Ipf fokuserer på ein eller fleire delar av handlinga. Ein metafor som er vorten brukt av Isačenko (1968) er å samanlikne ei

handling med ein parade. Det er grunn til å tru at ein person som står på eit hustak vil sjå heile paraden, frå byrjing til slutt. Ein person som sjølv deltek i paraden vil derimot sjå berre det som er like føre og bak hin, og vil ikkje ha same oversynet over heile paraden. Slik vert Pf samanlikna med personen på taket – Pf har funksjon som ein slags utanforståande observatør, medan Ipf har ei meir deltakande rolle og fokuserer på handlinga innanfrå, slik deltakaren i paraden gjer.

Klein (1995) kritiserer denne modellen på to punkt. For det første ser han på denne karakteriseringa som for metaforisk og abstrakt. Særleg uklår er tanken om at prosessen er i talaren sitt synsfelt, "...as if the process were a matchbox or the Eiffel tower" (Klein 1995: 673).

For det andre er ikkje denne modellen berre uklår og metaforisk, det finst ei rekkje høve der den ikkje stemmer. I (12a) vil det vere merkeleg å tenkje på situasjonen *vesil sto tonn* som presentert frå innsida, og ikkje i sin heilskap. Her vert eit historisk faktum presentert, og det i sin heilskap. I (12b) skildrar ikkje verbalfrasen ein tilstand, men ein aktivitet, som også er presentert i sin heilskap.

- (12) a. *Velikan Rodosa vesil<sup>Ipf</sup> sto tonn.*  
The colossus of Rhodos weighed a hundred tons.  
b. *Prošluju noč', Ivan spal<sup>Ipf</sup>v komnate dlja gostej.*  
Last night, John slept in the guest room.

(Klein 1995: 674)

### 2.3.2 Avslutta handling

Ein annan vanleg måte å skilje dei to aspekta frå einannan på, er å ta utgangspunkt i spørsmålet om handlinga er avslutta eller ikkje. Avslutta handlingar skal etter dette synet markerast av Pf, medan uavslutta handlingar skal stå i Ipf. Dette synet har lange tradisjonar. Sjølv om Klein (1995) innrømmer at dette kriteriet er mindre metaforisk, kjem han med eit motargument. Det finst etter hans syn mange situasjonar der det er tydeleg at Ipf skildrar ei avslutta handling. Klein illustrerer dette med (13).

- (13) *Zavtra Severin budet rabotat<sup>Ipf</sup>/rabotaet<sup>Ipf</sup> s dvuch do pjati.*  
 Tomorrow, Sévrine will work/works from two to five.  
 (Klein 1995: 675)

Her er situasjonen si byrjing og avslutting eksplisitt nemnt av tidsadverbialet *s dvuch do pjati* ‘from two to five’. Likevel er Ipf nytta, og dette forklarar Klein med at verbet er simplekst og ikkje har nokon motpart i Pf med same leksikalse tyding.

### 2.3.3 (A)telisitet

Den siste måten å skilje dei to aspekta på som me vil ta for oss her, går ut på å skilje verbalfrasar som har ei (indre) grense frå dei som ikkje har det. Denne aspektektiljet vert nytta av mange lingvistar. Klein (1995:676) siterer Smith (1991:301): ”The perfective viewpoint...presents events with both initial and final endpoints”. Eit vanleg omgrep for dette i lingvistisk litteratur er (a)telisitet, frå det greske ordet *telos* ’mål’. Timberlake (1984, 1985) er ein av dei som forsøker å skilje aspekta ved hjelp av telisitet. Han tek utgangspunkt i forholdet mellom det han kallar *event time* (ein tidsintervall som dekkjer heile handlinga) og *narrative time* (tidsintervallet som den talande vurderer handlingas aspektuelle karakter frå). Frå dette skil han ut tre aspekt: aorist, durativ Ipf og progressiv Ipf. Aoristen dekkjer heile handlingstida (*event time*) OG den indre sluttgrensa. Skilnaden mellom dei to Ipf er ifølgje Timberlake (1984) at ”in the progressive the narrative time falls within the event time...”, medan ”in the durative configuration the narrative time includes the event time.” (Timberlake 1984: 37/38). Den durative Ipf har altså eit fellestrek med aoristen – dei dekkjer begge heile handlingstida, i motsetnad til progressiv Ipf. Derimot er det etter Timberlake sitt syn éin ting som skil aorist frå den durative Ipf, og det er telisitet.

The difference between the durative imperfective and the aorist perfective revolves around a lexical property like “telicity”.

(Timberlake 1985: 161)

Her òg kjem Klein med kritikk på to punkt. For det første peikar han på at det er vanleg å skilje verb frå einannan etter leksikalske og temporale trekk. Det mest kjende dømet er frå Vendler (1957), og denne inndelinga er skildra meir detaljert i kapitel 5. Etter hans inndeling er det berre *achievements* og *accomplishments* som kan vere teliske. Med andre ord, det

leksikalse innhaldet til slike verb gir ei indre grense. Korleis skal me då forklare ulikskapen på grensa gitt av verbets leksikalske innhald og grensa gitt av aspekt? Etter Vendlers inndeling vil verb som *davat'/dat' 'gi'* og *perepisvat'/perepisat' 'skrive av'* vere *accomplishments*, og difor innehalde ei indre grense. Likevel har dei to aspekt. (A)telisitet må difor verte avgjort av noko anna enn aspekt.

Kleins andre kritikkpunkt er at det finst fleire høve der Ipf skildrar situasjonar som er tydeleg avgrensa. Denne kan vere eksplisitt nemnt, som i (14b) eller ikkje, som i (14a).

- (14) a. *Vesnoj 1994 ja rabotal<sup>Ipf</sup> v Pariže.*  
In the spring of 1994, I worked in Paris.  
b. *Včera ja spal<sup>Ipf</sup> do obeda.*  
Yesterday, I slept till lunchtime.

(Klein 1995: 676)

Klein trekkjer kan hende ei litt for rask slutning når han skildrar (14a) som avgrensa. Denne setninga seier ikkje noko om kvar eg-personen arbeidde før og etter våren 1994 – fokuset er berre på våren. Dersom denne setninga vert ytra åleine, vil den nok oppfattast som avgrensa, men det er ingenting i denne setninga som utelukkar at hendinga ”jobbe i Paris” også gjeld før og/eller etter våren 1994. Det kan hende at han hadde arbeidd i Paris lenge allereie, og at han haldt fram med det. Difor lyt ein vere varsam med å seie at handlinga i (14a) er avgrensa og avslutta. For å illustrere dette kan me leggje til tidsadverbial som *uže* ’allereie’ eller *vse ešče* ’framleis’, som i (15). Ved å leggje til *uže* ’allereie’ må ein forstå situasjonen slik at eg-personen haldt fram med å arbeide i Paris etter våren 1994. *Vse ešče* ’framleis’ uttrykkjer at arbeidet i Paris fann stad også før våren 1994. Dei ulike variantane i (15) er skildra i Boks I, der heil linje markerer handling som me ut frå setninga kan seie gjeld for det gitte tidsintervallet.

- (15) *Vesnoj 1994 ja (uže / vse ešče) rabotal<sup>Ipf</sup> v Pariže.*  
Våren 1994 arbeidde eg (allereie / framleis) i Paris.


## Boks I

$e_1$	<i>Vesnoj 1994 ja rabotal v Pariže</i>	'våren 1994 arbeidde eg i Paris'
$e_2$	<i>Vesnoj 1994 ja uže rabotal v Pariže</i>	'våren 1994 arbeidde eg allereie i Paris'
$e_3$	<i>Vesnoj 1994 ja vse ešće rabotal v Pariže</i>	'våren 1994 arbeidde eg framleis i Paris'
<p><i>Vesna 1994 goda</i> 'våren 1994'</p>		

Desse tidsadverbiala er ikkje mogelege i (14b) i denne tydinga, der *Ipf* er durativ. Dersom ein legg desse tidsadverbiala til verbalfrasen *spal do obedā*, skiftar preposisjonsuttrykket *do obedā* tyding frå 'fram til middag' til '(ein eller annan gong) før middag'. Derfor kan ein tenkje seg ein situasjon som i (16b) og  $e_2$  i Boks II der introduksjonen av *uže* 'allereie' gir tyding "tok ein blund allereie før middag" eller "sovna allereie før middag".

- (16)
- a. *Včera ja \*(uže / vse ešće) spal<sup>Ipf</sup> do obedā.*  
I går sov eg \*(allereie / framleis) fram til middag.
  - b. *Včera ja (uže / \*vse ešće) spal<sup>Ipf</sup> do obedā.*  
I går sov eg (allereie /\*framleis) før middag.

## Boks II



## 2.4 Oppsummering

I dette kapitelet har me introdusert dei to aspekta i russisk. Me har lært at simpleksverb er IpF og at dei vert Pf ved prefigering, men at det òg finst andre måtar å danne aspektpar på. Vidare har me sett på somme av aspektas mest vesentlege tydingar, og sett at det ikkje er noko lett oppgåve å finne éin eigenskap som skil IpF frå Pf. Mange forsøk er gjort, og me har fokusert på tre av dei: handlinga vurdert i sin heilskap/ikkje i sin heilskap, handlinga vurdert som avslutta/ikkje avslutta, og handlinga vurdert som telisk/atelisk. Alle desse teoriane har hatt brei stønad av lingvistar, men me har med hjelp frå Klein (1995) vist at desse ikkje held mål. Klein føreslår i sin artikkel ei anna tilnærming til aspektspørsmålet, og vurderer aspekta i russisk ut frå eit tidsperspektiv. Neste kapittel er mellom anna via hans teoriar og andre teoriar kring aspekt og tid.

### 3. Aspekt og tid i russisk

I førre kapittelet tok me for oss tre vanlege og mykje brukte teoriar om aspekt – handlinga vurdert i sin heilskap, handlinga vurdert som avslutta og handlinga vurdert som avgrensa (telisk). Det vart vist at alle desse teoriane har fleire svake punkt. I dette kapittelet skal me ta utgangspunkt i at aspekt kan og bør definerast ut frå predikatets forhold til tid. Først vil eg gi ein kort presentasjon av den russiske tempuskategorien generelt, og preteritum spesielt. Etter det vil eg introdusere eit omgrep som først dukka opp i Reichenbach (1947) – referansetid. Referansetid er eit viktig omgrep i studiet av tempus og aspekt. I Klein (1995) vert aspekt i russisk presentert som ein tidskategori. Denne artikkelen vil leggje grunnlaget for den definisjonen av det russiske aspektsystemet som vil verte brukt i denne oppgåva, og vert difor grundig gjennomgått i dette kapittelet. Deretter vil eg sjå nærare på omgrepet (a)telisitet, som vil vere svært viktig når me vidare skal diskutere tidsadverbial og aspektkonkurranse.

#### 3.1 Tempuskategorien i russisk

Russisk opererer med tre tempora: preteritum (*prošedšee vremja*), presens (*nastojaščee vremja*) og futurum (*buduščee vremja*). Dette kan framstå som eit mykje enklare temporalsystem enn det som finst i språk som norsk, som har fleire fortidsformer. Det som derimot er spesielt med russisk, er at temporalsystemet heng tett saman med aspektkategorien. Ipf førekjem i alle tider, medan Pf berre er mogeleg i preteritum og futurum. Morfologisk sett har Ipf og Pf same bøyingsmønster i preteritum; det såkalla *l*-partisippet vert lagt til infinitivsstamma og verbet vert bøygd etter genus (-*l* for maskulinum, -*la* for femininum, -*lo* for nøytrum og -*li* for fleirtal). Presensformene til Ipf og futurumsformene til Pf vert danna på same måte, men Pf med presensmorphologi får futurumstyding. Ipf futurum kallast ofte *složnoe buduščee* 'samansett futurum' i russisk litteratur, og dannast med hjelpeverbet *byt'* i presensform og hovudverbet i infinitiv. Dei ulike tempusformene er illustrerte i Boks III.

## Boks III

infinitiv	aspekt	omsetjing	Preteritum (maskulinum)	Presens (1. person eintal)	Futurum (1. person eintal)
<i>pisat'</i>	Ipf	å skrive	<i>pisal</i>	<i>pišu</i>	<i>budu pisat'</i>
<i>napisat'</i>	Pf	å skrive	<i>napisal</i>		<i>napišu</i>
<i>idti</i>	Ipf	å gå	<i>šel</i>	<i>idu</i>	<i>budu idti</i>
<i>pojti</i>	Pf	å gå (av stad)	<i>pošel</i>		<i>pojdu</i>

### 3.1.1 Preteritum i russisk

Det er preteritum som er av størst interesse for diskusjonen i denne oppgåva, og då spesielt preteritum av Ipf. Russisk preteritum vert gitt att på norsk med heile tre tempora – preteritum, perfektum og pluskvamperfektum. Følgjande døme er henta frå (Grønn 2003), og syner dei ulike tydingane ei og same imperfektive preteritumsform kan ha i russisk:

(17) ...Ja *obedal<sup>pf</sup>*...

I was having dinner (at some particular time);

I used to have dinner (regularly);

I have had dinner (today)

(Grønn, 2003: 23)

I ein slik null-kontekst vert tydinga til verbet *obedat'* 'ete middag' underspesifisert. Ved å legge til tidsadverbial og andre spesifikasjonar kan ein få utvitydige situasjonar med same verbforma, slik korpusfunna i (18) illustrerer.

- (18) a) *Kogda oni vošli<sup>Pf</sup>, devočka v odnoj rubašečke sidela<sup>Ipf</sup> v kreslice u stola i obedala<sup>Ipf</sup> bul'onom, kotorym ona oblila<sup>Pf</sup> vsju svoju grudku.*  
 Da de kom inn, satt den lille piken i bare trøyen på en liten stol ved bordet og **spiste middagen sin**, buljong som hun hadde sølt ut over hele brystet sitt. (RuN)
- b) *Potom každyj polden' oni vstrečalis<sup>Ipf</sup> na naberežnoj, zavtrakali<sup>Ipf</sup> vместе, obedali<sup>Ipf</sup>, guljali<sup>Ipf</sup>, voschiščalis<sup>Ipf</sup> morem.*  
 Then they met every day at twelve o'clock on the sea-front, lunched and **dined** together, went for walks, admired the sea. (RNC)
- c) *On velel<sup>Pf</sup> postel' prigotovit<sup>Pf</sup> na balkone, tam že, gde obedal<sup>Ipf</sup>, a utrom vel<sup>Pf</sup> dopros.*  
 Han hadde gitt ordre om at det skulle res opp ute på balkongen, på samme sted hvor han **hadde spist** og på formiddagen holdt forhør.  
 (RuN)

Det avgjerande for korleis ein skal tolke desse verbformene, er kva referansetida i setninga er. Referansetida er den tida talaren fokuserer på, og vert grundigare omtala i 3.2. Referansetid kan markerast av eit tidsadverbial, men dette er ikkje naudsynt. I (18a) vert referansetida markert av leddsetninga *kogda oni vošli<sup>Pf</sup>* 'da de kom inn', medan i (18c) er det ikkje markert noko eksplisitt referansetid. I denne setninga er det to mogelege referansetider. Det er vanleg å ete middag éin gong om dagen, så lesaren har her valet mellom å tolke den imperfektive verbforma som å gjelde for fleire dagar og såleis vere ein vane, eller å gjelde berre for éin dag, og difor har faktuell tyding. Ut ifrå omsetjinga kan me sjå at omsetjaren har valt det siste alternativet, og viser dette med norsk pluskvamperfektum (hadde spist). Denne tydinga vert kalla syklist Ipf.

### 3.2 *Referansetid*

Ein vanleg måte å skilje dei ulike grammatiske tempora frå einannan på, er ved å ta utgangspunkt i forholdet mellom den tida ei meinинг vert ytra og den tida då den skildra handlinga fann stad. Ein slik regel kan forklare tempusbruken i enkle setningar som i (19), henta frå Borik (2006).

- (19) a. I see John. (presens, ytring og handling skjer samstundes)  
 b. I saw John. (preteritum, handling før ytring)  
 c. I will see John. (futurum, ytring før handling)

(Borik 2006: 122)

Ein slik regel er derimot enkel å kritisere. Ein person kan godt seie (19b) og framleis ha John innanfor synsvidda, noko som kan skildrast gjennom (20), som ville vore ei heilt akseptabel setning.

- (20) I saw John, in fact, I still see him.

Det same er sjølvsagt mogeleg med (19c), setninga gir oss ingen informasjon om talaren ser John når han ytrer denne setninga eller ikkje. Eit anna problem som Borik tek opp, er korleis ein ut frå definisjonen av tempus gjennom ytringstid og handlingstid kan forklare at me kan få to heilt ulike fortidsformer i engelsk, som i (21).

- (21) a. Mary has seen John.  
 b. Mary saw John.


(Borik 2006: 122)

Ein lyt etter Borik sitt syn operere med ytterlegare eitt tidsomgrep når ein diskuterer tempus i engelsk (og i russisk, som me skal sjå under). Ideen er at ein alltid referer til ei bestemt tid (eit bestemt tidsintervall) når ein kjem med ei ytring. Den vanlegaste måten å gjere dette på, er å bruke eit tidsadverbial. Tidsadverbiala kan vere meir eller mindre presise, som i (22a), eller fungere som såkalla ”rammeadverbial”, som i (22b).

- (22) a. *Nakonec včera v pjat' časov on priechal<sup>Pf</sup>.*  
**Klokka fem i går** kom han endeleg. (RNC)  
 b. *Včera ja obedal<sup>Impf</sup> u grafa Novosil'ceva vtroem s M.M. Speranskim.*  
**I går** åt eg lunsj hjå greve Novosil'cev saman med M.M. Speranskij.  
 (RNC)

*Včera v pjat' časov* 'i går klokka fem' i (22a) viser til personens nøyaktige framkomst, medan *včera* 'i går' i (22b) berre set ei "ramme" for lunsjen hjå greve Novosil'cev. Sjølv om referansetida *t* i denne setninga vert eksplisitt uttrykt av tidsadverbialet *včera* 'i går', vil ein ikkje tolke handlinga *e* i (22b) til å gjelde for heile dagen i går, snarare er det slik at lunsjen fann stad ein eller annan gong i løpet av gårsdagen.

### **Figur I**



Tida ein referer til treng derimot ikkje verte eksplisitt uttrykt av eit tidsadverbial. (23) er eit kjend døme frå Partee (1973).

- (23) I didn't turn off the stove.

(Partee 1973: 602)

Partee skriv at dersom (23) hadde vorte ytra til dømes på veg ut døra, vil den ikkje kunne tyde at det finst eit eller anna tidsrom i fortida der denne personen ikkje skrudde av komfyren, og den kan heller ikkje tyde at det aldri har eksistert eit tidsrom der personen har skrudd av komfyren. I denne setninga er det tydeleg at det vert referert til eit spesifikt tidsintervall som kan forståast gjennom den utanomspråklege konteksten – talaren skrudde ikkje av komfyren før hin gjekk ut døra.

(Reichenbach 1947) vert av mange rekna som å vere det første forsøket på å skildre forholdet mellom tid og aspekt i engelsk. Han skilte ut tre ulike tider: S – *speech time* (taletida); R, *reference time* (referansetida) og E, *event time* (handlingstida). Ved hjelp av desse tidene, skil han *progressive aspect* frå *simple aspect* i engelsk, slik det er vist i (24) og (25).

- (24) Hans *was reading* "On First Looking into Chapman's Homer" (when ...)
  - (25) Hans *read* "On First Looking into Chapman's Homer" (and then ...)
- (Timberlake 1985: 157)

I (24) ser me at E er eit intervall som inneheld ein punktleg R, som må ha skjedd før S, slik at me får  $E \supset R < S$ . I *simple aspect* i (25) fell E og R saman, og kjem begge før S, difor  $E = R < S$ . Lat oss sjå på presens perfektum (26) og pluskvamperfektum (27).

- (26) Hans *has read* "On First Looking into Chapman's Homer".
  - (27) Hans *had read* "On First Looking into Chapman's Homer".
- (Timberlake 1985: 156)

I presens perfektum fell R saman med S, og begge kjem før E:  $E < R = S$ . I pluskvamperfektum kjem S etter R, som igjen kjem etter E:  $E < R < S$ . Ut frå denne analysen, seier Timberlake (1985), kan me fastslå at forholdet mellom R og S avgjer tempus, medan forholdet mellom E og R avgjer aspekt.

Timberlake peikar derimot på at det er uklårt kva Reichenbach meiner med E og R. Ei naturleg tolking vil vere at E skildrar tida når handlinga er gjeldande. Men i situasjonar som (28), der ein progressiv aktivitet vert avbroten, vil ei slik tolking vere problematisk. Kan ein referere til tidsuttrykket til ei handling etter at den vert avbroten?

- (28) Hans *was reading* "On First Looking into Chapman's Homer" *when he fell asleep*.
- (Timberlake 1985: 156)

Her må E definerast som "...the time over which the speaker expects that the event would occur, if not for other, potentially disruptive events." (Timberlake 1985: 157). Handlinga må altså eksistere i ei eller anna verd for at ein skal kunne referere til den, men den treng ikkje å eksistere i vår verd.

Timberlake (1985) gjer eit forsøk på å skildre det russiske aspektsystemet med hjelp av Reichenbach sitt system. Han fokuserer på tre typar aspekt: progressiv Ipf, durativ Ipf og aorist.

- (29) *Solnce načinalo<sup>Ipf</sup> medlenno sadit'sja, i doktor bespokoilsja<sup>Ipf</sup> za Aleksandrinu, no v etot moment lakej doložil<sup>Pf</sup>, čto priechala ee sijatel'stvo knjažna i želaet videt' ich sijatel'stvo.*

Sola byrja å gå sakte ned, og doktoren var uroleg for Aleksandrina, men i den augneblinken la lakeien til at hennar høgvelbårenheit fyrstedottera var komen og ville møte deira høgvelbårenheit. (RNC)

(29) er eit døme på det Timberlake kallar progressiv Ipf. Her går to handlingar føre seg i tidsintervallet R, markert av tidsadverbialet *v etot moment* 'i denne augneblinken': *načinalo<sup>Ipf</sup> medlenno sadit'sja* 'byrja å gå sakte ned' og *bespokoilsja<sup>Ipf</sup>* 'var uroleg'. Her er det naturleg å konkludere med at handlingstida E fullstendig inkluderer referansetida R ( $R \subseteq E$ ). (30) er eit døme på aorist.

- (30) *Ili takoj variant: vy vyšli<sup>Pf</sup> iz doma s zontikom, prišli<sup>Pf</sup> na rabotu, schodili<sup>Ipf</sup> poobedat', vernulis' na rabotu, potom zašli<sup>Pf</sup> v odno mesto, potom zabežali<sup>Pf</sup> k druz'jam i vernulis' domoj na taksi.*

Eller ein slik variant: du gjekk heimanfrå med ein paraply, kom på jobb, gjekk ut for å ete lunsj, kom attende på jobb, gjekk deretter ein tur på ein viss plass før du sprang innom nokre vene og drog heim att med drosje. (RNC)

I (30) fell kvar av desse handlingane inn under ei eller annan tidsramme R (som er uspesifisert i dette høvet), altså:  $E \subseteq R$ . I (31) har me eit døme på durativ Ipf. Durativ Ipf vert nytta for å skildre ein prosess eller tilstand som gjeld for eit visst tidsintervall og så tek slutt. Dette tidsintervallet må markerast med eit durativt tidsintervall, slik som *ves' den' 'heile dagen'* i (31).

- (31) *Jakov ves' den' igral<sup>Ipf</sup> na skripke; kogda že Sovsem stemnelo<sup>Pf</sup>, vzjal<sup>Pf</sup> knižku, v kotoruju každyj den' zapisyval<sup>Ipf</sup> svoi ubytki, i ot skuki stal<sup>Pf</sup> podvodit' godovoj itog.*

Jakob spela fele heile dagen. Då det vart heilt mørkt, tok han boka som han kvar dag skreiv ned tapa sine i, og byrja av keisemd å føre eit årsrekneskap.

(RNC)

Her vert det eksplisitt uttrykt at Jakob spelte fele heile dagen, og så slutta å spele fele då det vart mørkt. Mørkets frambrot markerer referansetida for neste perfektive handling, nemleg at Jakob byrja notere i boka si. Det avgjerande i denne samanhengen er etter Timberlake sitt syn det at den durative prosessen tek slutt, og at talaren difor har valt ei referansetid R som anten fell saman med eller inkluderer handlingstida E, og me får konfigurasjonen  $E \subseteq R$ , slik som for Pf. Kva skil så Pf frå durativ Ipf, sidan E og R ikkje kan nyttast for å skilje dei? Svaret er den leksikalske eigenskapen telisitet, som vert grundig omtala i **3.4**.

Også i russisk litteratur vert det operert med referansetid. Glovinskaja (1982) nyttar omgrepene *moment nabljudenija* 'observasjonspunkt', medan Padučeva (1996) nyttar det russiske omgrepene *točka otsčeta* 'referansepunkt' i sitt arbeid om aspekt i russisk. Glovinskaja skriv at i ei setning som (32) er det to mogelege tolkingar av Ipf – aktuell-vedvarande og faktuell (vist med to omsetjingar til norsk – a og b).

- (32) *Ja uvidel<sup>Pf</sup> uščel'e, gde geologi iskali<sup>Ipf</sup> almazy.*
- a      Eg såg skaret der geologar leita (=heldt på med å leite) etter diamantar.
  - b      Eg såg skaret der geologar hadde leita etter diamantar.

(Glovinskaja 1982: 125)

Glovinskaja påstår så at dersom ein legg til eit durativt tidsadverbial, fell mogelegheita for ei aktuell-vedvarande tolking av Ipf bort.

- (33) *Ja uvidel<sup>Pf</sup> uščel'e, v kotorom geologi s sentjabrja po nojabr' iskali<sup>Ipf</sup> almazy.*
- a \*Eg såg skaret, der geologar frå september og ut november leita (=heldt på med å leite) etter diamantar.
  - b Eg såg skaret, der geologar hadde leita etter diamantar frå september og ut november.

(Glovinskaja 1982: 127)

Glovinskaja skriv at det er heilt utelukka at geologane leita etter diamantar i det ho kallar ”observasjonstida”, og at prosessuell Ipf (*aktual'no-dlitel'noe*) difor står i kontrast til durativ Ipf (*processnoe*). Durativ Ipf heng etter hennar syn nært saman med faktuell Ipf.

Odnako različie meždu sobstvenno processnym i aktual'no-dlitel'nym značenijami nam predstavljaetsja gorazdo bolee važnym, čem različie meždu processnym i obščefaktičeskim nerezul'tativnym.

*Derimot er ulikskapen mellom den heilt durative og den prosessuelle tydinga mykje viktigare for oss enn ulikskapen mellom durativ og faktuell Ipf.*

(Glovinskaja 1982: 127)

Dette høver godt saman med Timberlake (1985) sin konfigurasjon av durativ Ipf og Pf ( $E \subseteq R$ ).

Padučeva (1996) skil mellom to ulike typar referansetid; *sinchronnaja točka otsčeta* ’synkron referansetid’ og *retrospektivnaja točka otsčeta* ’retrospektiv referansetid’. Dette skildrar ho gjennom (34), som ho igjen har henta frå Apresjan (1980).

- (34) *Na stene sprava visela<sup>Ipf</sup> kartina.*  
På veggen til høgre **hang** det eit bilet.

(Padučeva 1996: 13)

Her er to referansetider mogelege. Anten hang biletet på veggen i det tidsintervallet som vert skildra her (synkron referansetid), eller så hadde det hange der tidlegare (retrospektivt). Dette gjeld ikkje for Pf – Pf førekjem berre med retrospektiv referansetid. Referansetida ved eit

perfektivt verb er i Padučeva sin teori ikkje synkron med sjølve handlinga, men med den tilstanden som er ein konsekvens av handlinga, illustrert i (35).

- (35) *Moj djadja slomal<sup>Pf</sup> nogu.*

Onkelen min **har brote** foten.

(Padučeva 1996: 13)

Denne setninga impliserar at foten til onkel er broten, og vil difor ikkje gi meining dersom onkel braut foten då han var liten, med mindre ein tolkar *slomal<sup>Pf</sup> nogu* 'braut foten' som ei erfaring, og at konsekvensen difor ikkje er at foten til onkel er broten, men heller at onkel veit kor smertefullt det er å bryte foten. I kapittel 4 skal me derimot sjå at slike erfaringar oftast vert gitt att med Ipf. Referansetida R, som her truleg fell saman med ytringstida S, er av den grunn synkron med resultatet av at onkel braut foten, nemleg ein tilstand der foten til onkel er broten. Sonnenhauser (2006: 130) skriv at Ipf i ei setning som *Ja lomal<sup>Ipf</sup> ruku* 'I (once) broke my arm" har *generell-faktuell* tyding, det vil seie at armbrotet må ha hendt for lenge sidan, noko adverbialet *once* i den engelske omsetjinga hennar viser.

### 3.3 Klein

Ein artikkel som har fått mykje merksemd i russisk aspektologi dei seinare åra, og som denne oppgåva i stor grad vil støtte seg på, er "A Time-Relational Analysis of Russian Aspect" (Klein, 1995). I denne artikkelen utfordrar Klein veletablerte aspektteoriar ved å slå fast at aspekt i russisk er ein reint temporal kategori. I dette underkapittelet skal eg presentere Kleins teori i detalj.

Klein (1995) bruker andre omgrep på dei tidene han opererer med: T-SIT (*time of situation*, situasjonstid, tilsvarar Reichenbachs E *event time*), TU (*time of utterance*, ytringstid, tilsvarar Reichenbachs S *speech time*), og T-AST (*time of assertion*, assersjonstid, den tida ein kjem med ein påstand om, tilsvarar Reichenbachs R *reference time*).

For å kunne forstå Klein sine teoriar om aspekt, lyt me kaste eit blikk på det han kallar *0-state*, *1-state* og *2-state contents*. Det leksikalske innhaldet til eit verb legg anten til rette for eller hindrar ei tolking av T-SIT som avgrensa, det vil seie at situasjonen har ei byrjing og ein slutt. Éi gruppe verb er atemporale og såkalla *0-state*. Dette gjeld vanlegvis for situasjoner som (36), som ikkje kan tolkast som avgrensa. *0-state* verb er ikkje så interessante i studiet av russisk aspekt, og vil difor ikkje få nokon plass i denne oppgåva.

- (36) a. Sju er eit primtal.
- b. Kong Olav var son av Kong Haakon.

Setningane i (37) er *1-state*, fordi dei potensielt kan ta slutt, og difor skildrast med (38).

- (37) a. Det snødde.
- b. Kristian sov.
  
- (38) a. Først snødde det, så snødde det ikkje.
- b. Først sov Kristian, så sov han ikkje.

Situasjonen i (37) er *1-state* og er omringa av sin motpart, det vil seie av situasjoner der den nemnde tilstanden ikkje finn stad. I (38) får me difor ei tilstandsendring frå såkalla *source state* (SS) til *target state* (TS), og Klein argumenterer difor for at (38) må sjåast på som *2-state*. Dette skiftet kan ta mange ulike former. Som i (38), kan det illustrerast av to setningar. Det kan òg skildrast gjennom å ta i bruk to verb, slik som 'byrje å snø', 'slutte å regne', 'ville gjere', 'angre på å ha gjort'. Saman med verb som 'gå' kan ei utfylling uttrykkje TS ('gå inn i stova') eller SS ('gå ut av stova'). Andre verb, som 'falle', kan kombinerast med ein verbpartikkel som 'ned' og gi det leksikalske innhaldet 'falle ned', som skildrar overgangen frå ei rørsle nedover til eit mål der denne rørsla tek slutt. Somme språk nyttar gjerne prefiks, suffiks og infiks for å kombinere to tilstandar i eitt morfologisk komplekst ord. Dette gjeld særleg russisk, som me skal sjå snart. Til sist finst det nokon simpleksverb som inneheld to tilstandar, som 'døy' eller 'sovne' (Situasjonen i (38b) kan skildrast med simpleksverb: Kristian vakna). Samansette eller simplekse verb som skil mellom to tilstandar i sitt leksikalske innhald definerer Klein som *2-state*. Klein øydelegg derfor litt for seg sjølv når

han definerer setningane i (38) som *2-state*, sidan han med sin teori freistar å seie noko om dei *morfologiske* eigenskapane til predikata, og ikkje til faktorar i omgjevnaden.

I russisk uttrykkjer simplekse verb ifølgje Klein *1-state contents* (med nokre unntak, som *dat'* 'gi'). Prefigering av simpleksverbet resulterer i ein *2-state content*. Tilstanden som vert lagt til verbet ved prefifgering kan reknast anten som *source state*, som i *zakričat'* 'byrje å skrike' (SS: ikkje skrike, TS: skrike), eller *target state*, som i *pročitat'* 'lese (ferdig)' (SS: lese, TS: ikkje lese). Ved å leggje til eit såkalla *imperfektivt suffiks* til eit *2-state* verb vert *source state* markert som *distinguished state* ved aspektmarkering. Ved å leggje til eit Ipf-suffiks tek ein ikkje bort den tilstanden som vert lagt til det simplekse verbet ved prefifgering, verbet har med andre ord framleis ein *2-state content*. Eit verb som *perepisvat'* 'skrive av' inneheld dei to tilstandane (skrive av og så ikkje skrive av), "...but the second of those states falls not in the scope of the assertion time..." (Klein, 1995: 683). Klein samanliknar dette med skilnaden mellom dei engelske verba *to die* og *to be dying*. Den siste av dei inneheld den første sin SS, men tek ikkje med TS.

Ifølgje Klein er det ein tradisjon innan russisk grammatikk å knytte tempus til forholdet mellom T-SIT og TU. Verbalfrasen i ei setning som *Ivan rabotal<sup>Ipf</sup> v Moskve* 'Ivan arbeidde i Moskva' skal i så høve stå i preteritum fordi handlinga skjedde før denne setninga vart ytra. Frå 3.2 hugsar me at Borik (2006) kritiserte teorien om at tempus vert avgjort av tidsforholdet mellom handling og ytring. Også Klein avviser denne definisjonen av tempus, med god grunn. Denne setninga seier ingenting om kvar Ivan jobbar no, den kan fungere like bra i ein situasjon der Ivan framleis jobbar i Moskva som i ein situasjon der han ikkje jobbar der lenger. Ein kan derimot slå fast at i det minste eit *subintervall* av handlinga har funne stad før TU, og det er dette subintervallet som det vert fokusert på og som difor er T-AST. Her kan ein samanlikne med norsk - ein nordmann på middagsbesøk vil seie 'dette var godt' til verten, sjølv om hin framleis et. Med utgangspunkt i Klein sin tankegang kan ein difor kanskje påstå at det ikkje er det som ligg att på tallerken som nordmannen referer til når hin seier 'det var godt', men til den delen av porsjonen hin allereie har ete. Klein definerer tempus slik: "Tense is a temporal relation between TU and T-AST" (Klein, 1995: 684).

Det finst òg ein temporal relasjon mellom T-AST og T-SIT, og Klein meiner at denne relasjonen vert uttrykt av aspektmarkørar - "aspect is a temporal relation between T-SIT and

T-AST” (Klein, 1995: 685). Korleis utspelar dette seg i det russiske aspektsystemet? Lat oss ta utgangspunkt i *distinguished state* (DS) – i russisk er dette den einaste tilstanden i *1-state* uttrykk, medan den er *source state* i *2-state* uttrykk. Klein formaliserer difor dei to russiske aspekta slik:

- (39) a. Pf: T-AST overlappar med T-SS og T-AST overlappar med T-TS
  - b. Ipf: T-AST overlappar med T-DS og T-AST overlappar ikkje med T-TS
- (Klein 1995: 686)

Pf i russisk nyttast med andre ord i situasjonar der tida som ein kjem med ein påstand om inkluderer ein subintervall av SS og ein subintervall av TS. Dette fører dermed til at verb med *1-state* innhald automatisk er Ipf i russisk. I Ipf må tida ein kjem med ein påstand om dele ein subintervall med DS, men ikkje med TS. T-AST kan vere inkludert i, vere samstundes med, eller innehalde T-DS. Lat oss til slutt ta med eit døme frå Klein (1995).

- (40) *Ivan čital<sup>Ipf</sup> knigu.*  
John read a/the book.
- (Klein 1995: 688)

Preteritumsforma av verbet fortel oss at det tidsintervallet det vert referert til i denne setninga går føre det tidsintervallet då denne setninga vart ytra. Bruken av Ipf fortel oss at det same tidsintervallet overlappar med den einaste tilstanden i setninga (at John les ei bok). Dette er alt denne finitte verbforma fortel oss, for å kunne seie meir må ein ty til andre lingvistiske hjelpemiddel, som for eksempel tidsadverbial. Slik kan (40) tolkast anten i perfektiv forstand (*Ivan uže čital knigu* ’John har allereie lese ei bok/boka), eksistensiell forstand (*kogda-to Ivan čital knigu* ’ein gong las John (i) ei bok/ boka), eller iterativ/habituell forstand (*Ivan často/inogda/obyčno čital knigu* ’John las ofte/stundom/vanlegvis (i) ei bok/boka).

Tense and aspect themselves leave this open: they are neither definite nor indefinite; they only narrow down the set of potential assertion times.

(Klein, 1995: 688)

Her kjem teorien til Klein til kort. (40) kan ha ei faktuell tyding sjølv utan noko tidsadverbial. Det vil seie at T-AST i dette høvet må overlappe både med T-SS og T-TS etter Klein sitt eige omgrevsapparat, og verbalfrasen *čital' knigu* 'lese ei bok' må ha eit 2-state innhald. Dette passar ikkje inn i Kleins teori, som seier at imperfektive simpleksverb er 1-state. (41) føreslår at slike verb går frå å vere 1-state til å vere 2-state når ein legg til eit direkte objekt, det vil seie når predikatet vert telisk (sjå 3.3).

- (41) a. *On čital<sup>Ipf</sup>.* → atelisk → 1-state  
           Han las.  
       b. *On čital<sup>Ipf</sup> o vojne.* → atelisk → 1-state  
           Han las om krigen.  
       c. *On čital<sup>Ipf</sup> knigu.* → telisk → 2-state  
           Han las ei bok.

Grønn (2003) påpeikar at slike døme viser at (Klein 1995) ikkje passar til eit studie av faktuell Ipf, og at det difor er "... difficult to find a correspondence between form (imperfective morphology) and meaning (factual Ipf)" (Grønn 2003: 55).

### 3.4 (A) *Telisitet*

Eit sentralt omgrep i denne oppgåva er (a)telisitet (på russisk (*ne*)*predel'nost'*). Det kjem frå det greske ordet *τέλος* 'mål'. Sidan me vil diskutere om verbalfrasar er teliske eller ateliske, er det naudsynt å greie ut om kva ein meiner med dette. Ein telisk verbalfrase representerer ei handling som har nådd eit indre mål/grense. Ein atelisk verbalfrase inneheld dermed ikkje eit slikt indre mål/grense.

Olga Borik (2006) presenterer ei rekke måtar ein kan teste telisitet på i engelsk, og ho brukar også desse på russiske døme. Den første testen kallar ho adverbialmodifisering. Teliske predikat kan berre modifiserast av såkalla inklusive adverbial (*za* + akkusativ i russisk), medan dei ateliske berre kan modifiserast av durative adverbial, slik som i (42).

- (42) a. *Petja iskal<sup>Ipf</sup> knigu \*za čas/čas.*  
          Petja looked for a book \*in an hour/for an hour.  
       b. *Petja pročital<sup>Pf</sup> knigu za čas/\*čas.*  
          Petja read a book in an hour/\*for an hour.

(Borik 2006: 27)

Her ser me at predikatet *iskal<sup>Ipf</sup>* *knigu* ‘looked for a book’ er atelisk, då det berre lèt seg modifisere av det durative tidsadverbiale *čas* ‘for an hour’, medan *pročital<sup>Pf</sup>* *knigu* ‘read a book’ berre lèt seg modifisere av det bundne adverbialet *za čas* ‘in an hour’ og difor er telisk.

Den andre testen kallar Borik konjunksjonestesten. Denne testen går ut på at ein modifiserar predikatet med to eller fleire samanknytte tidsadverbial, slik som ‘på måndag og på tysdag’. I kombinasjon med eit telisk predikat vil ein tolke dette uttrykket slik at det skildrar to avskilte handlingar – éi på måndag og éi på tysdag. Med eit atelisk predikat, derimot, kan ein forvente ei meir kontinuerleg tyding – éi og same handling finn stad både på måndag og tysdag.

- (43) a. *Petja iskal<sup>Ipf</sup> knigu v ponedel'nik i vo vtornik.*  
          Petja looked for a book on Monday and on Tuesday.  
       b. *Petja pročital<sup>Pf</sup> knigu v ponedel'nik i vo vtornik.*  
          Petja read a book on Monday and on Tuesday.

(Borik 2006: 28)

Ifølgje Borik er (43a) tvitydig – her kan det dreie seg om to ulike hendingar: Petja leitte etter éi bok på måndag og ei anna på tysdag. Men det er òg mogeleg at denne setninga skildrar berre éi handling – Petja leitte etter ei og same boka både på måndag og på tysdag. Med eit telisk predikat, som i (43b), kan ikkje situasjonen lenger tolkast som tvitydig, etter Borik si meining. Her lyt det dreie seg om to handlingar – Petja las éi bok på måndag og ei anna på tysdag.

Den siste testen er progressivitetstesten. Med denne testen freistar Borik å vise at det berre er ateliske predikat som legg til rette for at progressive fortidsformer kan skrivast om med ein fortidsform med adverbialet ’allereie’. Sjå på (44).

- (44) a *Kogda pozvonila<sup>Pf</sup> mama, Petja iskal<sup>Ipf</sup> knigu.*  
           → *Petja uže iskal<sup>Ipf</sup> knigu.*  
     When mom called, Petja was looking for a book.  
           → Petja already looked for a book.
- b   *Kogda pozvonila<sup>Pf</sup> mama, Petja čital<sup>Ipf</sup> knigu.*  
      -/→ *Petja pročital<sup>Pf</sup> knigu.*  
     When mom called, Petja was reading a book.  
      -/→ Petja read a book.

(Borik 2006: 29)

I (44b) illustrerer Borik derimot noko heilt anna enn det ho tek sikte på. Ho viser oss ikkje at ei fortidsform av Ipf med adverbialen 'allereie' ikkje er mogeleg, men at ein ikkje kan skrive om (44b) med Pf *pročital*. Det er ikkje interessant her. Difor burde Borik heller ha vist at setninga *Kogda pozvonila<sup>Pf</sup> mama, Petja čital<sup>Ipf</sup> knigu* 'When mom called, Petja was reading a book' ikkje kan skrivast om med setninga *Petja uže čital<sup>Ipf</sup> knigu* 'Petja already read a book'.

### 3.5 Tidsadverbial og aspekt

Padučeva (1996) skil mellom fire typar tidsadverbial: tidsadverbial (*pokazateli vremeni*) som svarar på spørsmålet *kogda?* 'når?', durative tidsadverbial (*pokazateli dilitel'nosti*) som svarar på spørsmålet *v tečenie kakogo vremeni?* 'kor lenge?', fullføringsadverbial (*pokazateli sroka zaveršenija*) som svarar på spørsmålet *za skol'ko vremeni?* 'på kor lang tid?' og adverbial som uttrykkjer planlagt tidsbruk (*pokazateli namečennogo sroka*) som svarar på spørsmålet *na skol'ko vremeni?* '(for) kor lenge?'. I denne oppgåva er det den første gruppa som er av interesse. Desse deler Padučeva inn i ytterlegare tre undergrupper. Den første gruppa kallar ho inkluderte tidsadverbial (*vključennye pokazateli vremeni*), og nyttast når R er mindre enn E. Den andre gruppa kallast gjerne rammeadverbial (*ob"emljuščie pokazateli vremeni*) og nyttast når E skildrar eit tidsintervall som er mindre enn intervallet som R skildrar. Den siste gruppa kallar ho nøyaktige tidsadverbial (*točnye pokazateli vremeni*), og nyttast når E = R. Desse tre gruppene vert illustrert i (45).

- (45) a. *Desyat' let tomu nazad ja žil<sup>Ipf</sup> v malen'koj komnate na Kaljaevskoj.*  
 For ti år sidan **budde** eg i eit lite rom på Kaljajevskaja-gata.(inkludert)
- b. *Ja razgovarival<sup>Ipf</sup> s direktorom na prošloj nedele.*  
 Eg **snakka** med direktøren i førre veke. (rammeadverbial)
- c. *Ja guljal<sup>Ipf</sup> s dvuch do trech.*  
 Eg **var ute og gjekk** frå to til tre. (nøyaktig tidsadv.)

(Padučeva 1996: 169)

Padučeva gir følgjande vilkår for at den faktuelle tydinga av Ipf skal kunne kombinerast med eit tidsadverbial. For det første lyt event-tida E komme før ytringstida S. For det andre lyt E vere inkludert i referansetida R. Referansepunktet i slike setningar kan ikkje vere synkront, for slik Padučeva sjølv skriv det: "...*obstojatel'stvo zadaet vključennoe vremja, no nabljudatel' ostaetsja v nastojaščem...*" 'adverbialet angir ei inkludert tid, men observatøren vert att i notida" (Padučeva 1996: 169). Ho gir følgjande døme som einaste mogelege konstruksjon der faktuell Ipf lèt seg kombinere med eit inkludert tidsadverbial.

- (46) a. *Vot on tak že nelovko, kak slezal<sup>Ipf</sup> minutu nazad, saditsja<sup>Ipf</sup> na velosiped.*  
 Like klossete som han steig av sykkelen for ein augneblink sidan, set han seg no på den att. (Padučeva 1996: 176)
- b. *Ne dumaju<sup>Ipf</sup>, čtoby v tot moment ja ee žalela<sup>Ipf</sup>.*  
 Eg trur ikkje at eg syntest synd på ho akkurat då.

(Padučeva 1996: 169)

Padučeva meinar altså at Ipf-formene i begge desse døma er faktuelle sidan tidsadverbiala er inkluderte i event-tida, og sidan referansetida ikkje er synkron med observasjonstida. I neste kapittel skal eg argumentere for at faktuell Ipf oppstår heller i dei situasjonane der event-tida inngår i referansetida som eit tidsadverbial definerer, og at faktuell Ipf heng tett saman med telisitet. Etter mi meining lyt eventen i (46a), *slezal<sup>Ipf</sup>* 'steig av', tolkast som å vere inkludert i det tidsintervallet som adverbialet gir oss, *minutu nazad* 'for ein augneblink sidan', og difor kan ein tolke dette predikatet som telisk og difor bruken av Ipf som faktuell. I (46b) er predikatet atelisk, og ei faktuell tolking vert difor umogeleg i denne samanhengen. For

predikat som *žalet'* 'synast synd på' er faktuell tyding av Ipf alltid umogeleg, uavhengig av om adverbialet er inkludert, som *v tot moment* 'akkurat då' i (46b), eller omfattande.

Med omfattande tidsadverbial er etter Padučevas syn berre såkalla *prošedšee faktičeskoe* mogeleg. Her er E inkludert i R, medan S kan anten kome etter R eller vere inkludert i R.

- (47) a. *V voskresen'e šel<sup>Ipf</sup> dožd'.*  
 På sundag regna det.  
 b. *Segodnja ja razgovarival<sup>Ipf</sup> s direktorom.*  
 I dag hadde eg ein samtale med direktøren.  
 c. *Na etoj nedele v Moskve prochodil<sup>Ipf</sup> s"ezd geofizikov.*  
 Denne veka vart det halde ein geofysikkonferanse i Moskva.

(Padučeva 1996: 176)

Depraetere (1995) undersøkjer i sin artikkel korleis tidsadverbial heng saman med (a)telisitet i engelsk. Ho nyttar dømet i (48) for å illustrere dette.

- (48) a. John trimmed the hedge when he was a boy. (atelic)  
 b. John trimmed the hedge for two hours. (atelic or telic)  
 c. John trimmed the hedge in two hours. (telic)

(Depraetere 1995: 46)

Etter hennar syn må (48a) skildre ein habituell situasjon, med andre ord ein vane. Utan tidsadverbialet *when he was a boy* ville denne setninga vore telisk. Meir interessant her er at Depraetere godtek ei telisk tolking av (48b). Tidlegare har me sett at nettopp dette tidsadverbialet kan nyttast for å skilje ut ateliske predikat (42). Depraetere forklarar dette slik:

It may also have been John's intention (ii) to trim the hedge for two hours (telic), i.e. trimming the hedge for a certain amount of time, namely two hours, was John's aim. On this reading, *for two hours* is part of the telic proposition, which is *he trim the hedge for two hours*.

(Depraetere 1995: 46)

Lat oss omsetje (48b) til russisk. I russisk er det ein viss samanheng mellom (a)telisitet og aspekt. Pf i russisk er alltid telisk, med andre ord kan ingen ateliske situasjonar skildrast med Pf på russisk. Som me derimot har lært i dette kapittelet, og som skal forklara mykje grundigare i kapittel 4, er det mogeleg å skildre teliske situasjonar med Ipf. Alle setningane i (49) er teliske.

- (49) a. *On napisal<sup>Ipf</sup> pis'mo podruge.*  
Han skreiv eit brev til venninna si.
- b. *Ja segodnya prišel<sup>Ipf</sup> vovremja.*  
Eg kom presis i dag.
- c. *On čital<sup>Ipf</sup> ee pis'mo s bol'sim interesom.*  
Han las brevet hennar med stor interesse.
- d. *Ja včera pokazyval<sup>Ipf</sup> emu, gde nachoditsja<sup>Ipf</sup> restoran.*  
Eg viste han i går kvar restauranten ligg.

Ein kan altså seie at perfektivt aspekt medfører telisitet, men at telisitet ikkje medfører perfektivt aspekt. Derimot er det ikkje mogeleg å tenkje seg ein situasjon der eit telisk predikat ikkje kan vere Pf. I (49c) og (49d) vil dei perfektive aspektpartnarane *pročital* og *pokazal* vere mogelege. (48b) må difor kunne omsetjast til russisk både med Ipf og Pf:

- (50) *Džon dva časa podstrigal<sup>Ipf</sup>/\*podstrig<sup>Pf</sup> živuju izgorod'.*  
John trimmed the hedge for two hours.

Dette dømet demonstrerer at det berre er Ipf av predikatet som er mogeleg i denne setninga, og at predikatet difor må vere atelisk. Depraetere meinar òg at (51b) kan oppfattast som telisk. (51a) kan vere både telisk og atelisk, det avheng av om ballen spratt éin eller fleire gonger. Tidsadverbialet *for a couple of seconds* fortel oss at ballen spratt fleire gonger. Ballen i dette dømet er tema (patiens) i setninga og kan ikkje ha som mål å sprette i eit par sekund. Likevel meiner Depraetere at dersom ballen er konstruert for å sprette i nokre sekund, så kan (51b) vere telisk. Nok ein gong vert denne teorien avkrefta i omsetjinga til russisk (52), der det perfektive verbet *podprygnut'* er ein semelfaktiv.

- (51) a. The ball bounced. (telic or atelic)  
b. The ball bounced for a couple of seconds. (atelic or telic)

(Depreatere 1995: 47)

- (52) *Mjač paru sekund podprygival<sup>Ipf</sup> / \*podprygnul<sup>Pf</sup>.*  
The ball bounced for a couple of seconds.

### 3.6 *Oppsummering*

I dette kapittelet har me vurdert aspekt som ein temporal kategori i russisk. Der me har tre fortidsformer i norsk er det berre éi i russisk, og det er difor valet av aspekt og korleis ein tolkar det gjeldande aspektvalet som avgjer korleis ein skal omsetje eit predikat i preteritum frå russisk til norsk. Avgjerande i denne samanhengen vert då korleis ein forstår referansetida i konteksten. Tempus definerast som forholdet mellom referansetida og ytringstida, medan aspekt er forholdet mellom referansetida og den såkalla event-tida (det tidsintervallet som handlinga strekkjer seg over). Klein (1995) er ein av dei aller viktigaste artiklane som omhandlar aspekt som ein temporal kategori. Han skriv: "Aspect is a temporal relation between T-SIT and T-AST" (Klein, 1995: 685). Teoriane frå denne artikkelen har hatt stor påverknad på russisk aspektologi, men gir oss ikkje noko god skildring av den faktuelle tydinga til Ipf, som er av stor interesse i denne oppgåva. I neste kapittel skal me sjå nærare på ulike situasjonar i russisk der det oppstår aspektkonkurranse. I denne drøftinga vert (a)telisitet eit sentralt omgrep, og det er vorte presentert i dette kapittelet.

## 4. Aspektkonkurranse i russisk

No flyttar me oss inn i oppgåvas hovudproblemstilling - omgrepet aspektkonkurranse. Aspektkonkurranse oppstår i situasjonar der begge aspekta er mogelege. Dette gjeld i all hovudsak situasjonar der Ip<sub>f</sub> nyttast for å skildre ei avslutta handling med resultat, som er Pf si grunntyding. Eg har valt å bruke omgrepet faktuell Ip<sub>f</sub> i denne oppgåva. Dette er ein kalkering av det engelske uttrykket *factual Ip<sub>f</sub>*, som først dukka opp i (Padučeva 1992) og som er brukt i mellom anna (Grønn 2003). Dette omgrepet er ei omsetjing av mykje brukte russiske omgrep som *obščefaktičeskoe značenie* og *konstatacija fakta*. Det siste av dei to er det mest etablerte omgrepet og har lange tradisjonar i slavistisk språkforsking. Ei direkte omsetjing til norsk vert 'konstatering av fakta'.

I dette kapittelet skal eg gi ein grundig presentasjon av faktuell Ip<sub>f</sub>. Først skal eg introdusere somme omgrep som vil verte brukte i dette kapittelet; ei todeling av faktuell Ip<sub>f</sub> i *eksistensiell Ip<sub>f</sub>* og *presuppositionell Ip<sub>f</sub>*, i tillegg til *The Event Nucleus*. Etter det presenterer eg ein kort gjennomgang av tradisjonelle tilnærningsmåtar til faktuell Ip<sub>f</sub>. Omgrepet aspektkonkurranse vert introdusert i 4.4. I 4.5 presenterer eg den definisjonen som eg bruker i denne oppgåva. Den er teken frå (Grønn 2003). Til sist skal me sjå på eit utval døme frå korpora der tidsadverbial er med på å styre valet av aspekt.

### 4.1 Eksistensiell Ip<sub>f</sub> og presuppositionell Ip<sub>f</sub>

Det finst fleire måtar å gruppere dei ulike tydingane til faktuell Ip<sub>f</sub> på. I denne oppgåva vil eg ta i bruk ei todeling som skil mellom dei handlingane som er påstått (*asserted*) og dei som er føresette (*presupposed*), og som er diskutert i m.a. (Forsyth 1970, Rassudova 1982, Padučeva, Grønn 2003). Her vil eg bruke norske omsetjingar av dei omgrepa som er introdusert i (Grønn 2003); eksistensiell Ip<sub>f</sub> (*existential Ip<sub>f</sub>*) og presuppositionell Ip<sub>f</sub> (*presuppositional Ip<sub>f</sub>*), illustrert i høvesvis (53a) og (53b).

- (53) a. "Ty, govorju<sup>Ipf</sup>, bogomol'naja i čitala<sup>Ipf</sup> pisanie, čto tam napisano?"  
     "Du er gudfryktig", sier jeg, "og **har lest** skriftens ord. Hva står skrevet  
     der?" (RuN)

b. *Ona-to mne govorit<sup>Ipf</sup>: davaj prodadim<sup>Pf</sup>... govorit<sup>Ipf</sup>, polovina moja...*  
*Ona, čto li, polučala<sup>Ipf</sup> etu daču? Ona?*  
     "La oss selje den", seier ho til meg, ho seier at halve hytta er hennar.  
     Var det ho som **hadde fått** denne hytta? Ho? (RNC)

I (53a) er handlinga *čitala<sup>Ipf</sup>* *pisanie* 'har lest skriften' påstått, det predikatet viser ikkje til eit tidlegare nemnt eller føresett predikat. I (53b) er handlinga *polučala<sup>Ipf</sup>* *etu daču* 'hadde fått denne hytta' føresett tidlegare i konteksten. Den eksistensielle varianten av faktuell Ipf er meir mangfaldig enn presupposisjonell Ipf. (Grønn 2003) presenterer tre undergrupper av eksistensiell Ipf, og me skal sjå litt nærmare på dei her. Den første undertydinga kallar Grønn *experiential Ipf*, og han skriv:

In the experiential reading, factual IfP asserts that the underlying event is instantiated at some time prior to the current evaluation time of the speaker.

(Grønn 2003: 26)

Fokuset er altså på ei erfaring som agens i setninga innehar. Slik kan Grønn sitt døme i (54a) omskrivast med (54b).

- (54) a. *Kto čital<sup>Ipf</sup> 'Vojnu i mir'?*  
          Who **has read** ‘War and Peace’?  
       b. ‘Who has the property of belonging to the set of people who have  
          experienced an event of reading ‘War and Peace’?’

Denne tydinga tilsvrar *experiential perfect* i engelsk, og om den skriv Comrie (1995): "The experiential perfect indicates that a given situation has held at least once during some time in the past leading up to the present" (Comrie 1995: 58). Det som er viktig å understreke her, er at denne tydinga av faktuell IpF krev ei stor referansetid, ein kan seie at R = ALL FORTID. Difor passar ikkje denne tydinga saman med tidsadverbial, med mindre dei skildrar nettopp

all fortid. Døme på dette er *ran’še* ’tidlegare’ og *do etogo* ’før dette’. Maslov (2004) kjem med fleire døme, der berre eitt inneheld eit tidsadverbial, nemleg *ran’še* ’tidlegare’ (55a). Tidsadverbialet *do etogo* i (55b) endrar ikkje tydinga til predikatet, medan (55c) med tidsadverbialet *na etoj nedele* ’denne veka’ ikkje kan oppfattast som *experiential Ipf*. Her bidreg partikkelen *i* ’òg’ til å gjere konteksten iterativ.

- (55) a. *Ja i ran’še slyšal<sup>Ipf</sup> o takich slučajach.*  
I’ve heard of such things before. (Maslov 2004: 440)
- b. *Ja i do etogo slyšal<sup>Ipf</sup> o takich slučajach.*  
Eg hadde høyrt om slike ting før dette.
- c. *Ja i na etoj nedele slyšal<sup>Ipf</sup> o takich slučajach.*  
Eg har høyrt om slike ting denne veka òg.

Den andre varianten av eksistensiell Ipf er syklisk Ipf (*cyclic Ipf*). Den skildrar til liks med *experiential Ipf* ei avslutta handling i fortida, men referansetida i slike høve er ”...an interval chosen from a cycle of contextually determined intervals of identical type” (Grønn 2003: 27). Dette vert skildra med dømet i (56). Talaren spør ikkje her om venene hins nokon gong har erfart å ete middag. Verbet *obedat<sup>Ipf</sup>* ’ete middag’ skildrar ei handling som vanlegvis finn stad dagleg, og ein lyt difor tolke (56) som å gjelde det nærmaste intervallet i syklusen til *obedat'*, som er den dagen denne setninga vart ytra.

- (56) *Kstati, vy obedali<sup>Ipf</sup>, druz’ja?*  
By the way, **have you had dinner**, my friends? (Grønn 2003: 27)

Denne tydinga lèt seg kombinere med tidsadverbial, og (56) kunne ha innehalde eit adverbial som *segodnya* ’i dag’ utan å endre tydinga til predikatet. Dei følgjande døma er tekne frå (Chaput 1990). Hennar omsetjing med parentesar understrekar den perfektive tydinga til syklisk Ipf, sidan resultatet av handlinga er framtredande òg i ytringstida.

- (57) a. *Ty daval<sup>Ipf</sup> korove seno?*  
**Have you given** the cow her hay? (She needs some grain.)
- b. *Ty segodnja pokupal<sup>Ipf</sup> gazetu?*  
**Have you bought** a newspaper today? (I would like to come along.)

(Chaput 1990: 296)

I begge desse setningane skildrar predikata sykliske handlingar. Tidsadverbialen *segodnja* 'i dag' i (57b) fortel oss at innkjøpet av avis hender ein gong om dagen, medan dette ikkje kjem eksplisitt til uttrykk i (57a). Her vert frekvensen avgjort av kor ofte ei ku et høy.

Den siste undergruppa kallast *bidirectional Ipf* og kan skildrast som ei "kansellering" av handlingas fysiske resultat. Denne tydinga førekjem berre med ei viss gruppe teliske predikat (58), hovudsakeleg med rørsleverb i brei forstand som kan danne antonym (t.d. komme vs. gå). Slike predikat kallast *target state predicates*.

- (58) a. *On prišel<sup>Pf</sup>.* → *On zdes'*.  
**Han er komen.** → **Han er her.**  
*On prichodil<sup>Ipf</sup> ≈ prišel<sup>Pf</sup> i ušel<sup>Pf</sup>.* → *Ego zdes' net.*  
**Han har vore her.** ≈ kom og gjekk. → **Han er ikkje her.**
- b. *Ja otkryl<sup>Pf</sup> okno.* → *Okno otkryto.*  
**Eg har opna** vindauget. → **Vindauget er ope.**  
*Ja otkryval<sup>Ipf</sup> okno ≈ otkryl<sup>Pf</sup> i zakryl<sup>Pf</sup>.* → *Okno zakryto.*  
**Eg har hatt** vindauget **ope** ≈ opna og lukka. → **Vindauget er lukka.**

Glovinskaja (1982) forklarar samanhengen mellom denne bruken av Ipf og faktuell Ipf med at *bidirectional Ipf* òg skildrar ei handling som er avslutta og som har resultat i eit ubestemt tidspunkt i fortid, men at skilnaden er at dette resultatet vert annullert av den motsette handlinga.

## 4.2 The Event Nucleus

Korleis er så forholdet mellom Ipf og Pf? Kan ein seie at ei Ipf-form medfører den tilstanden som vert skildra av Pf? Sjå på dette dømet:

- (59) *Anja ubirala<sup>Ipf</sup> kvartiru, no ne ubrala<sup>Pf</sup> ee.*

Anja **was tidyng** the flat, but **did not tidy** it.

(Grønn 2003: 31)

Nektinga i denne setninga viser til at Ipf og Pf refererer til ulike stadium av handlinga, og at Ipf-forma i denne setninga ikkje legg til rette for å tolke situasjonen som fullført. Derimot vil ein kunne seie at ein situasjon som er skildra med Pf medfører eit stadium som er skildra av Ipf, og difor er (60) umogeleg.

- (60) *\*Anja ubrala<sup>Pf</sup> kvartiru, no ne ubirala<sup>Ipf</sup> ee.*


\*Anja **cleaned** the flat, but **was not tidyng** it.

(Grønn 2003: 32)

Dette forklarar Grønn med den såkalla *Event Nucleus*, teken frå (Moens & Steedman 1988), presentert i Figur II.

**Figur II**

### *The Event Nucleus*



(Grønn 2003: 32)

*Event Nucleus* kan nyttast for å skildre éi einskild telisk handling. Den som snakkar kan velje å setje fokus på ulike delar av den handlinga som er skildra av det teliske predikatet. Ved å velje Ipf zoomar talaren inn på den førebuande prosessen, medan hin ved å ta i bruk Pf

inkluderer kulminasjonspunktet. Dei to vanlegaste definisjonane på Pf er at aspektet anten fokuserer på heile *Event Nucleus*, og difor skildrar handlinga i sin heilskap [+totality], eller at Pf set fokus på kulmineringspunktet og skildrar resultatet [+result]. Med utgangspunkt i denne modellen kan me lettare forstå at den tilstanden som er skildra av Pf-forma *ubrala<sup>Pf</sup> kvartiru* 'cleaned the flat' medfører at det har eksistert ein prosess *ubirala<sup>Ipf</sup> kvartiru* 'was tidying the flat' som fører til eit kulmineringspunkt som resulterer i denne tilstanden, at leilegheita er ryddig.

Det er verdt å påpeike at dette berre gjeld situasjonar der Ipf er potensielt telisk. Dersom Ipf skildrar ein tilstand (*state* etter Vendlers verbklassifisering, sjå presentasjon i kapittel 5) er det i somme høve slik at Ipf medfører ein endring i tilstand som er skildra av Pf. Denne korrelasjonen er ikkje like sterk, og gjeld ikkje alle tilstandsverb. Sjå på (61).

- |      |    |   |   |   |
|------|----|---|---|---|
| (61) | a. | <i>Anja ponimaet<sup>Ipf</sup> teoriju.</i> | → | <i>Anja ponjala<sup>Pf</sup> teoriju.</i> |
|      |    | <i>Anja forstår teorien.</i>                | → | <i>Anja har forstått teorien.</i>         |
|      | b. | <i>Viktor znaet<sup>Ipf</sup> ob etom.</i>  | → | <i>Viktor uznal<sup>Pf</sup> ob etom.</i> |
|      |    | <i>Viktor veit om dette.</i>                | → | <i>Viktor har fått vite om dette.</i>     |

Etter Maslovs kriterium, som vart presentert i 2.1, er korkje *ponimat'/ponjat'* eller *znat'/uznat'* trivielle aspektpar. Padučeva (1996) kallar desse perfektumspar (*perfektnye vidovye pary*), og etter hennar syn demonstrerer desse ei kvasisynonym sambinding mellom Pf preteritum og Ipf presens.

Kogda glagol SV, vključajuščij inceptivnyj komponent, upotrebljaetsja v sostave predloženija, akcent možet byt' libo na etom incentivnom komponente, t. e. na perechode v novoe sostojanie (eto daet sobytijnoe upotreblenie SV), libo na samom novom sostojanii; togda SV imeet perfektnoe upotreblenie.

*Når eit perfektivt verb som inneholder ein inkoativ komponent nyttast i ei setning, kan fokus vere anten på denne inkoative komponenten, det vil seie på overgangen til ein ny tilstand (dette gir Pf ei hendingstyding), eller på den nye tilstanden, og då har Pf perfektumstyding.*

(Padučeva 1996: 153)

Denne overgangen mellom to tilstandar illustrerast gjennom Figur III, etter same modell som *Event Nucleus*. Her ser me at det perfektive predikatet markerer ei endring frå ein tilstand til ein annan.

### Figur III

<u>tilstand 1</u>	<u>tilstand 2</u>
<i>Anja ne ponimala<sup>Ipf</sup> teoriju.</i>	<i>Anja ponimaet<sup>Ipf</sup> teoriju.</i>
Anja <b>forstod</b> ikkje teorien.	Anja <b>forstår</b> teorien.
<i>Viktor ne znat<sup>Ipf</sup> ob etom.</i>	<i>Viktor znaet<sup>Ipf</sup> ob etom.</i>
Viktor <b>visste</b> ikkje om dette.	Viktor <b>veit</b> om dette.
————— —————	————— —————
	tid
	<u>endring i tilstand:</u>
	<i>Anja ponjala<sup>Pf</sup> teoriju</i> 'Anja har <b>forstått</b> teorien'.
	<i>Viktor uznat<sup>Pf</sup> ob etom</i> 'Viktor <b>har fått vite</b> om dette'.

Det er naudsynt å poengtere at denne korrelasjonen ikkje er like sterk som den *Event Nucleus* skildrar. Ein person som får vite at Anja har rydda rommet sitt, vil umiddelbart tenkje at ho har vore oppteken med ein prosess som førte til resultatet – at rommet er ryddig. Om same personen får vite at Anja forstår ein teori, vil hin ikkje like umiddelbart tenkje at ho har forstått den tidlegare. Likevel kan hin ikkje nekte for at det finst ein korrelasjon, som vert vist ved at (62) ikkje er mogeleg.

- (62) \**Anja ponimaet<sup>Ipf</sup> teoriju, no ona ne ponjala<sup>Pf</sup> ee.*  
 \*Anja forstår teorien, men ho har ikkje forstått den.

Det finst i tillegg nokre tilstandsverb som ikkje har same korrelasjonen i det heile teke, slik (63) viser.

- (63) *Ivan živet<sup>Ipf</sup> v Moskve. -> Ivan pereechal<sup>Pf</sup> v Moskvu.*  
 Ivan bur i Moskva. -> Ivan har flytta til Moskva.

## 4.3 Tradisjonelle framstillingar av faktuell Ipf

I dette avsnittet skal me sjå nærmere på korleis faktuell Ipf har vorte framstilt i lingvistisk litteratur tidlegare. Denne gjennomgangen er basert på framstillinga i (Grønn 2003), og for nærmere detaljar viser eg til originalteksten.

### 4.3.1 Ipf skildrar ei erfaring (experiential Ipf)

Ein måte å handsame faktuell Ipf har vore å fokusere på at faktuell Ipf skildrar ei erfaring, medan Pf skildrar eit resultat. Dette er ein av dei tre undergruppene til Grønns eksistensielle Ipf, som vart presentert i 4.1. Pancheva (2003) skil mellom tre typar perfektum i engelsk. Etter hennar syn skil desse perfektuma seg etter kva referansetid dei har. Den første perfektumen er universell perfektum, og skildrar ei handling som strekkjer over eit tidsintervall som er avgrensa av ytringstida og eit anna tidspunkt i fortida. Den neste er erfaringsperfektum, som set som vilkår at handlinga har vore gjeldande for eit tidsintervall føre ytringstida. Den siste er resultativ perfektum, som har lik referansetid som erfaringsperfektum, men som har ei tilleggstyding: resultatet av handlinga gjeld òg i ytringstida. Panchevas døme (64) illustrerer dette.

- |      |    |   |              |
|------|----|---|--------------|
| (64) | a. | <i>Since 2000, Alexandra has lived in LA.</i> | UNIVERSAL    |
|      | b. | <i>Alexandra has been in LA (before).</i>     | EXPERIENTIAL |
|      | c. | <i>Alexandra has (just) arrived in LA.</i>    | RESULTATIVE  |
- (Pancheva 2003: 277)

Til russisk lyt universell perfektum omsetjast med ei presensform *živet* 'bur' (og difor Ipf, sidan det er berre Ipf som har former i presens). Erfaringsperfektum vil verte omsett med Ipf *byla* 'har vore', medan resultativ perfektum vert gitt med Pf *priechala* 'har kome'.

- |      |    |   |
|------|----|---|
| (65) | a. | <i>S 2000 goda, Aleksandra živet<sup>Ipf</sup> v Los Andželes.</i>    |
|      | b. | <i>Aleksandra byla<sup>Ipf</sup> v Los Andželes (ran’še).</i>         |
|      | c. | <i>Aleksandra (tol’ko čto) priechala<sup>Pf</sup> v Los Andželes.</i> |

Det er altså berre to typar perfektum i russisk. I visse minimale kontekstar vil dei to aspekta skilje mellom dei to perfektumstydingane, og likevel verte omsett til norsk eller engelsk med

same setning. Dette vert skildra gjennom Grønn sitt døme i (66), der den engelske setninga har to omsetjingar til russisk.

- (66) **Have you filled** in a questionnaire?

Ty **zapolnil<sup>Pf</sup>** anketu? (≈ resultative perfect)

Ty **zapolnjal<sup>Ipf</sup>** anketu? (≈ experiential perfect)

(Grønn 2003: 94)

Hulanicki (1973) illustrerer ulikskapen mellom erfarringsperfektum og resultativ perfektum med (67), der han kjem med tilleggsforklaringar i parentes. Pf-forma *skosil travu* 'har klypt graset' viser til eit resultat som gjeld i ytringsaugneblinken – nemleg at plenen er fin. Ipf-forma *kosil* 'har klypt graset' fokuserer ikkje på resultatet slik som Pf, men heller at handlinga i fortid har ein viss indirekte relevans for virkningane i ytringsaugneblinken, nærmare bestemt for om plenen må klyppast på ny eller ikkje.

- (67) a. *Ja uže skosil<sup>Pf</sup> travu (značit<sup>Ipf</sup>, lužajka chorošo vygljadit<sup>Ipf</sup>).*

Eg **har** allereie **klypt** graset (difor ser plenen fin ut).

- b. *Ja uže kosil<sup>Ipf</sup> travu (značit<sup>Ipf</sup>, vtoroj raz kosit'<sup>Ipf</sup> ne nužno).*

Eg **har** allereie **klypt** graset (difor treng eg ikkje å gjere det igjen).

(Hulanicki 1973: 177)

#### 4.3.2 Fokus på agens

Fleire meinar at faktuell Ipf legg vekt på agens/prosess i ytringa, medan Pf på den andre sida fokuserer på patiens/resultat. Padučeva viser dette med (68).

- (68) *Sergej vešal<sup>Ipf</sup> etu kartu. <On znaet<sup>Ipf</sup>, kak eto delaetsja<sup>Ipf</sup>>.*

Sergei **put** this map on the wall. <He knows how it is done>.

(Padučeva 1992: 119)

Durst-Andersen (1992) nyttar omgrepa *patient-scope* og *agent-scope* for å skildre høvesvis Pf og Ipf. Dersom agens i ytringa er fokus, eller *discourse theme*, som Durst-Andersen kallar det, vil ein velje Ipf, medan ein vil velje Pf dersom resultatet er i fokus. Dette illustrerer Durst-

Andersen med (69). Etter hans syn ville Ipf i denne setninga vore ugrammatisk, sidan det ikkje er mogeleg å seie noko om både John og romanen i same ytring.

(69) *Džon napisal<sup>Pf</sup> / \*pisal<sup>Ipf</sup> roman, kotoryj vyšel<sup>Pf</sup> v prošlom godu.*

John has written a novel which came out last year.

(Durst-Andersen 1992: 160)

Ein slik teori er ikkje veldig nøyaktig, sidan det ikkje kjem tydeleg fram kva Durst-Andersen meiner med *fokus*. På det leksikalske plan set Pf *napisal* 'has written' fokus på resultat. Men i russisk er det slik at rema i setninga, det vil seie den informasjonen som er ny, skal stå sist i setninga. I (70) vil difor det leksikalske innhaldet til predikatet setje eit fokus på patiens/resultat, medan den rematiske plasseringa til agens i setninga vil setje eit anna fokus på denne. Det finst med andre ord fleire foki, på ulike nivå, og dette tek ikkje Durst-Andersen omsyn til.

(70) *Roman, kotoryj vyšel<sup>Pf</sup> v prošlom godu, napisal<sup>Pf</sup> Džon.*

John wrote the book which came out last year.

I (69) er det to handlingar, som har kvar si referansetid. Den første handlinga (*e*), *Džon napisal roman* 'John has written a novel' er inkludert i ei referansetid *t* (*e* ⊂ *t*), medan den andre handlinga (*e<sub>1</sub>*), *roman vyšel<sup>Pf</sup> v prošlom godu* 'the novel came out last year', er inkludert i ei anna referansetid *t<sub>1</sub>* (*e<sub>1</sub>* ⊂ *t<sub>1</sub>*). Det er ein tett korrelasjon mellom dei to referansetidene, boka kan ikkje ha vorten utgitt før ho er skriven (*t* < *t<sub>1</sub>*). Dette er etter mi mening ei betre forklaring på Pf i (69) enn Durst-Andersen si drøfting av *patient-scope* og *agent-scope*.

#### 4.3.3 Ipf som det umarkerte aspekt

Andre forskrar vel å karakterisere Ipf som umarkert, og påstår at faktuell Ipf er det endelege provet på dette. Borik (2006) er ein av dei, ho føreslår ein privativ analyse av aspekta, det vil seie at ho presenterer Ipf som *ikkje-Pf*.

- (71) a.  $S \cap R = \emptyset \& E \subseteq R$  (Pf i russisk)  
 b.  $\neg(S \cap R = \emptyset \& E \subseteq R)$ , dvs.  $S \cap R \neq \emptyset \vee E \not\subseteq R$  (Ipf i russisk,  
 presentert som ikkje-Pf)

(Borik 2006: 192)

Det Borik fortel med denne definisjonen, er at med Pf kan ikkje ytringstida S og referansetida R overlappa, og handlingstida E lyt vere ein *ekte delmengde* (proper inclusion) av R. Ipf er karakterisert av dei motsatte eigenskapane, og difor lyt R og S etter hennar teori overlappa i tilfelle med faktuell Ipf, som ho difor kallar *the Present Perfect reading of Ipfs*. Grønn (2003) kritiserer Boriks teori på fleire punkt, m.a. at faktuell Ipfs vert kukt ned til berre presens perfektum, sidan det finst fleire døme på preteritum perfektum med Ipfs.

Brecht (1985) meiner at faktuell Ipfs er grunnlaget for å kunne seie at skilnaden mellom Ipfs og Pf ligg i det han kallar *subordinate markedness* (*A* vs. *No-Statement of A*). Dette kan illustrerast gjennom døma (72) og (73) frå Grønn (2003), der Ipfs i russisk kan vere markert med eigenskapen [-Culm] eller vere umarkert (faktuell Ipfs) på same måte som det engelske substantivet *man* både kan nyttast om ein mannleg person og om menneske generelt. Grønn kritiserer derimot denne teorien på grunnlag av at det finst mange høve der faktuell Ipfs med teliske predikat skildrar avslutta handlingar, og difor har eigenskapen [+Culm].

- (72) a. 'woman' [+fem]  
 b. i. 'man<sub>1</sub>' [-fem]  
 ii. 'man<sub>2</sub>' [No statement of fem]

(Grønn 2003: 107)

- (73) a. Pf [+Culm]  
 b. i. Ipfs<sub>1</sub> [-Culm]  
 ii. Ipfs<sub>2</sub> [No statement of Culm]

(Grønn 2003: 108)

#### 4.3.4 Simple denotation

Forsyth (1970) hevdar at Ipfs si grunntyding er å ‘nemne handlinga’ (naming of the action / simple denotation). Han skriv:

...the most basic and general function of the imperfective verb: to identify the type of action, naming it without reference to the question of its ‘perfectivity’ or otherwise. In fact this is *all* the imperfective past can ever explicitly *mean*.

(Forsyth 1970: 82)

Andre tydingar av Ipf, som prosessualitet, konativitet og annulling av resultat, er etter Forsyth sitt syn avhengige av konteksten. Denne denotasjonen av handlinga er alltid motivert av ”the avoidance of the precise meaning of the perfective” (Forsyth 1970: 82). Dette passar ikkje heilt saman med bruken av Ipf i (74). Her er det ikkje verbalet som nemner handlinga, då det vert føresett i den første setninga at billettane er kjøpte. Ipf er i dette høvet heller nytta for å leggje fokus på agens, noko òg spørjeordet *kto* ’who’ gjer.

(74) *Kakie u nas neudobnye mesta! Kto pokupat<sup>Ipf</sup> ich?*

What bad seats we’ve got! Who **bought** the tickets?

(Forsyth 1970: 84)

#### 4.3.5 Pragmatiske forklaringar på Ipf

I visse høve er det teke i bruk pragmatiske måtar å skildre faktuell Ipf på. Sokolovskaja (1993) er mellom dei som hevdar at ein i slike høve lyt ty til pragmatiske faktorar som t.d. talaren og adressaten sin kjennskap til verda rundt seg og kvarandre.

(75) *Mat’: Nina, schodi<sup>Pf</sup> v magazin.*

*Nina: Ja ubirala<sup>Ipf</sup> svoju komnatu.*

Mother: Nina, go shopping (for me).

Nina: I tidied my room.

(Sokolovskaja 1993: 60, Grønn 2003: 114)

For at (75) skal gi nokon mening, lyt ein ifølgje Sokolovskaja tolke Ipf *ubirala* ’tidied’ som ei nekting. Det må i dette tilfellet eksistere ein avtale mellom Nina og mor hennar, t.d. at Nina slepp å gjere noko anna dersom ho ryddar rommet sitt. Forutan nekting skal Ipf òg kunne skildre avtale og rettferdiggjering, som i (76).

- (76) A: *Podumajte<sup>Pf</sup>! Vy ni razu ne pobyvali<sup>Pf</sup> u Saši v bol'nice!*  
 B: *No my emu frukty...cvety posylali<sup>Ipf</sup>.*  
 A: I can't believe it! You haven't visited Saša at the hospital yet!  
 B: But we **sent** him some fruits...and flowers.
- (Sokolovskaja 1993: 64)

Pf *poslali* 'sent' i same setninga vil derimot uttrykkje subjektet si bebreiding, åtvaring, godkjenning, stadfesting osb (Sokolovskaja 1993). Grønn (2003) set spørjeteikn ved om desse kontrastane kan manifesterast i ein grammatisk kategori som aspekt, og åtvarar mot Sokolovskaja sine generaliseringar.

Ei anna forklaring på faktuell Ipf er at det i visse situasjonar er naudsynt å ta i bruk Ipf sidan det berre er agens som veit svaret på eit spørsmål. Denne teorien vert presentert av Rassudova (1982), og vert illustrert av (77). Grønn (2003) påpeikar at dette heller er eit døme på presuppositionell Ipf, gjort tydeleg av anaforen *eto* 'det var', og at dette er ei tilstrekkeleg forklaring på bruken av faktuell Ipf i denne konteksten.

- (77) *Vstretiv<sup>Pf</sup> ženščinu, iduščuju<sup>Ipf</sup> na lyžach po parku, my zadaem<sup>Ipf</sup> ej vopros:*  
 - *Prostite<sup>Pf</sup>, vy vzjali<sup>Pf</sup> lyži naprokat? Skol'ko stojat<sup>Ipf</sup> lyži s botinkami?*  
 - *Ne znaju<sup>Ipf</sup>, eto muž bral<sup>Ipf</sup>.*

Me møter ei dame som går på ski i parken, og spør ho:

- Unnskyld, har du leigd skia? Kor mykje kostar det å leige ski og skisko?
- Eg veit ikkje, det var mannen min som **leigde** dei.

(Rassudova 1982: 56)

Ei siste overraskande tilnærming til faktuell Ipf tek Grønn frå Fielder (1990), som påstår at det i visse situasjonar, der det dreier seg om offisielle eller formelle førespurnader, er naudsynt å bruke faktuell Ipf for å uttrykkje talaren si ærefrykt.

- (78) *Zadača byla<sup>Ipf</sup> sformulirovana četko i jasno. Stalin prosil<sup>Ipf</sup> menja ne razglašat<sup>Ipf</sup> soderžanii besedy. Byt<sup>Ipf</sup> možet<sup>Ipf</sup>, i naprasnoe predupreždenie. Ja – čelovek voennyj...*

The assignment had been formulated precisely and clearly. Stalin **requested** that I not divulge the content of our conversation. This was, perhaps, an unjust warning. After all, I am a military man...

(Fielder 1990: 280)

Fielder skriv at dei fleste informantane ho har spurt valde i utgangspunktet Pf *poprosil* 'requested', men ombestemte seg med éin gong og oppga Stalin som årsak. Denne situasjonen er derimot ikkje tidsmessig bunden, og vert ikkje etterfulgt av ei anna handling (noko som i dei fleste høve ville gitt Pf). Det spørst om det ikkje er dette som fører til bruken av Ipf, og ikkje Stalin sjølv.

#### 4.3.6 Faktuell Ipf redusert til andre tydingar av Ipf

Til sist skal me sjå på forsøk som er gjort for å redusere faktuell Ipf til andre tydingar av Ipf, altså habituell-iterativ Ipf og prosessuell Ipf. Habituell-iterativ Ipf vert av m.a. Glovinskaja (1982) rekna for å vere eit tilfelle av faktuell Ipf fordi den skildrar avslutta handlingar i fortid, og inkluderer både handlingas byrjing og endepunkt. Andre forskarar vel å innordne faktuell Ipf under habituell-iterativ, og tek utgangspunkt i at faktuell Ipf har kjenneteiknet "minst éin gong", og difor er potensielt iterativ.

Det finst også dei som har studert faktuell Ipf i ljós av verbklassifiseringa til Vendler (1968)<sup>3</sup>. Chaput (1990: 296) skriv at faktuell Ipf er mogeleg berre er mogeleg "with predicates capable of denoting an activity", der ein lyt tolke aktivitet som aktivitetsfasen av ein *accomplishment*. Brecht (1985) påstår at det berre er *accomplishments* som kan ha faktuell tyding. Dette viser han med følgjande døme, der hans eiga omsetjing til engelsk illustrerer at Ipf av *achievements* får habituell-iterativ og atelisk tyding.

---

<sup>3</sup> Vendler si klassifisering av verb er presentert i kapittel 5.

- (79) a. *Čto slučalos<sup>Ipf</sup>?*  
**What used to happen?**
- b. *Čto slučilos<sup>Pf</sup>?*  
**What happened?**

(Brecht 1985: 29)

Denne teorien held ikkje heilt mål, fordi det er finst høve der *achievements* i Ipf har faktuell tyding, slik (80) frå korpus er eit døme på. Vendlers klassifisering av verb er difor neppe den mest nøyaktige reiskapen i studiet av faktuell Ipf.

- (80) *Polučal<sup>Ipf</sup> ty kogda-nibud' pasport iz volostnogo pravlenija?*  
 Har du nokon gong **motteke** pass frå volost-regjeringa? (RNC)

Altshuler (2010) skriv at det er berre *achievements* som kan *semantisk innebere* at ei handling har kulminert. Han vel å gå bort frå omgrepene fullføring/avslutning (*completion*), som ofte vert nytta for å skildre handlingar med teliske og ateliske verbalfrasar. I staden vel han å fokusere på imperfektive setningar med teliske verbalfrasar, der handlinga difor har *kulminert*. Han påpeikar at ein lYT skilje mellom setningar som *semantisk inneber* dette og dei som *pragmatisk impliserar* dette. For å klårgjere dette presenterer Altshuler ei generalisering for dei høva der setninga inneber semantisk at handlinga (Ipf) har kulminert:

- (81) *Culmination entailment generalization*

The combination of the Russian imperfective with a base VP gives rise to an entailment that a described event culminated only when the base VP is an achievement.

(Altshuler 2010: 25)

Ein anna tradisjon i litteraturen er å anta at faktuell Ipf skiftar fokus i ytringa frå kulmineringa i *Event Nucleus* til sjølve prosessen. Chaput (1990: 293) kallar dette skiftet *event-reconstruction*, og påstår at det berre lET seg gjennomføre med *accomplishments*. (82) er hennar eiga døme, der ho illustrerer *event-reconstruction* med tilleggsopplysningane i parentes. I (82a) er det snakk om ein *accomplishment*, og dette fokusskiftet er mogeleg, medan *achievement* i (82b) ikkje legg til rette for det same.

- (82) a. *Vy čitali<sup>Ipf</sup> stat'ju?*  
**Did** you **read** the article? (You don't seem to know its contents.)
- b. *\*Vy ponimali<sup>Ipf</sup> voprosy?*  
**Did** you **understand** the questions? (You seem not to know them.)

(Chaput 1990: 293)

Det er derimot viktig ikkje å blande saman *fokus på prosessen* og *tematisering av prosessen* (Grønn 2003: 131). I (83) er det ikkje sjølve prosessen som er i fokus, men agens i handlinga. Dette er i tråd med ideen om presuppositionell Ipf.

- (83) - *Nozdračev! – surovo kriknul<sup>Pf</sup> direktor. – Eto ty streljal<sup>Ipf</sup>? – Da ja tut kosogo zašib<sup>Pf</sup>, - poslyšalsja<sup>Pf</sup> nizkij, iduščij<sup>Ipf</sup> iz samoj glubiny duši golos.*  
- Nozdračev! – skreik direktøren strengt. – Var det du som **skaut**? – Ja, eg skadeskaut ein hare, - svara han med ei låg røyst som kom frå inst i sjela.

(RNC)

Glovinskaja (2001) samanliknar denne ideen med tema-rema, der verbalet med presuppositionell tyding er tematisk og subjektet er rematisk. Det same kan seiast å gjelde for (77), der Ipf-forma *bral* 'leigde' referer til ei Pf-form *vzjal* 'leigde', som allereie er nemnt, og i (84). Mehlig (2002) kallar denne tematiske tydinga heller anaforisk, og viser til (Mehlig 1976): "vyskazyvanie v nesoversennom vide otnositsja koreferentno k ranee vvedennomu vyskazyvaniyu v soveršennom vide i v etom smysle javljaetsja "pro-formoj" dlja soversennogo vida" "ei ytring i Ipf forheld seg koreferensielt til ei tidlegare nemnt ytring i Pf, og er slik "pro forma" for Pf" (Mehlig 2002: 129). Galton (1976: 57) skriv: "An event that has already taken place, is known and treated now as a mere fact without temporal plotting, may be referred to in ipf. past". Rassudova sitt døme i (84) er eit klassisk døme på nettopp dette.

- (84) *Krasivo ukrasili<sup>Pf</sup> elku. Kto ukrašal<sup>Ipf</sup>?*  
Julegrana er pynta fint. Kven **har** pynta den?

(Rassudova 1982: 59)

Presuppositionelle eigenskapar har tidlegare også vore rekna til Pf av somme lingvistar. (85a) er eit døme på dette. I denne konteksten er det ei *forventing* om at handlinga har funne stad;

"upotrebljaja soveršennyj vid, govorjaščij predpolagaet, čto dejstvie dolžno bylo soveršit'sja [...] Soveršennyj vid vnosit dobavočnoe predstavlenie o tom, čto dannoe dejstvie predpolagalos'" "ved å ta i bruk Pf, har talaren til føresetnad at handlinga forventast å verte gjennomført [...] Pf ber med seg ei tilleggsførestilling om at den gitte handlinga er føresett" (Rassudova 1968: 20). I (85b) er tydinga av IpF meir ein *simple denotation*.

- (85) a. *Vy pozvonili<sup>Pf</sup> svoemu naučnomu rukovoditelju? (Vy dolžny byli<sup>IpF</sup> pozvonit<sup>Pf</sup>.)*  
 Har du ringt rettleiaren din? (Du skulle ringe han.)
- b. *Vy zvonili<sup>IpF</sup> swoemu naučnomu rukovoditelju? (Byl<sup>IpF</sup> li fakt dejstvija.)*  
**Har du ringt** rettleiaren din? (Har ei slik handling funne stad?)
- (Rassudova 1968: 21)

Det er derimot ingen ting i vegen for at Pf kan nyttast i ein kontekst der fokus ikkje er på verbalfrasen, slik m.a. Hedin (2000) påpeikar. I (86) er det agens, og ikkje verbalet som er i fokus, men likevel er Pf *naučil* 'taught' nytta.

- (86) *Ved' eto on naučil<sup>Pf</sup> rebjat stroit<sup>IpF</sup> ledjanye kreposti.*  
 Indeed, it was he who **taught** the children how to build ice castles.  
 (Hedin 2000: 235, Rassudova 1984)

Her er det også litt uklart kva som meinast med omgrepet fokus, på same måte som hjå Durst-Andersen i (69). Det stemmer at det er fokus på agens i (86), men det er det ikkje predikatet *naučil* 'taught' som gir. Predikatet er Pf, og legg difor automatisk eit fokus på resultat. Fokuset på agens i denne setninga ser me gjennom den pragmatiske bruken av *eto* i samband med agens *on* 'han'. I engelsk er dette markert av konstruksjonen *it was he who*, slik som på norsk (det var han som). Difor er det to foki i denne setninga.

#### 4.4 Aspektkonkurranse

Som allereie er nemnt fleire gonger, oppstår aspektkonkurranse i høve der begge aspekta er mogelege. Padučeva (1996) skriv at teliske predikat vanlegvis er Pf i russisk, men at Ipf òg er mogeleg i (87):

- (87) a. *Ty pokazal<sup>Pf</sup> ej eto pis'mo?*  
**Har du vist** ho dette brevet?  
b. *Ty pokazyval<sup>Ipf</sup> ej eto pis'mo?*  
**Har du vist** ho dette brevet?

(Padučeva 1996: 53)

I (87) er begge aspekta mogelege, og me får dei same omsetjingane til norsk. Likevel meiner Padučeva at predikata i (87a) og (87b) ikkje er heilt synonyme, og ho set seg som mål å finne ut kva den semantiske skilnaden mellom dei er. Før ho samanliknar faktuell Ipf med Pf, skildrar ho grunntydinga til Pf (sjå 2.2.1):

- (88) *Ja otkryl<sup>Pf</sup> okno.*      Eg **opna / har opna** vindaugen.  
i.      ”aktivitet”: på eit tidspunkt  $t_2$  heldt eg på med å opne vindaugen.  
ii.     ”oppnåing av målet”: på tidspunktet  $t_3$  oppstod tilstanden  $\rho$  (”vindaugen er ope”)  
iii.    ”perfektivitet”: tilstanden  $\rho$  gjeld i ytringstida  
iv.     ”singularitet”: situasjonen fann stad éin gong  
v.     ”tidsmessig bunden” – augneblinken  $t_3$  er bunden, det vil seie at den er fastsett i ytringas kontekst  
vi.    ”retrospektiv referansetid” (det vil seie  $R \geq t_3$ )

(Padučeva 1996: 54)

Den første skilnaden Padučeva peiker på, er det ho kallar kommunikativ inndeling (*kommunikativnoe členenie*). Faktuell Ipf har eigenskapen *IMEET<sup>Ipf</sup> MESTO 'FINN STAD'*, med andre ord er det vesentlege i ei setning med faktuell Ipf om aktiviteten ”opne vindaugen” (88i) har funne stad eller ikkje. Dette liknar på det Grønn kallar eksistensiell Ipf, og som me

skal sjå nærmere på om litt. For Pf er derimot den andre komponenten, oppnåing av målet (88ii), som er i fokus. Dette illustrerer Padučeva med (89).

- (89) a. *Taksi vyzyvali<sup>Ipf</sup>?*  
**Har du tinga** drosje? (Eller skal eg gjere det?)  
b. *Vy vyzvali<sup>Pf</sup> taksi?*  
**Har du tinga** drosje? (Er den på veg?)

(Padučeva 1996: 55)

Med andre ord er fokuset i (89a) på om drosjetinginga har funne stad eller ikkje, medan i (89b) er det ei forventing om at handlinga har funne stad, og fokuset er difor på om resultatet av denne handlinga (t.d. at drosjen er på veg) gjeld. Chaput (1990) tek for seg skilnaden mellom dei to aspekta i slike ja/nei-spørsmål. Ho skriv:

The perfective of lexically telic predicates is appropriate in querying the completion of actions which the speaker presupposes to be required or expected. This function might be called new-event-confirmation and the consequent answer is “yes”.

(Chaput 1990: 290)

Padučeva (1996) påpeikar óg at faktuell Ipf og Pf ter seg ulikt i kombinasjon med tidsadverbial. I (90) illustrerer ho at Ipf skildrar den tida då prosessen føregjekk, medan Pf skildrar den tida då resultatet vart oppnådd.

- (90) a. *Oni spuskalis<sup>Ipf</sup> s gory v polnoč’.*  
Dei **gjekk** (= byrja å gå ∨ var på veg) ned frå fjellet ved midnatt.  
b. *Oni spustilis<sup>Pf</sup> s gory v polnoč’.*  
Dei **kom ned frå** fjellet ved midnatt.

(Padučeva 1996: 55)

Sjølv om det berre er med Pf at fokuset er på resultatet av handlinga, vil ikkje det seie at faktuell Ipf ikkje inneber at resultatet vert oppnådd. Padučevas andre skilnad mellom faktuell Ipf og Pf er derimot at resultativiteten til faktuell Ipf og Pf har ulikt opphav. Pf må utelukkande tolkast i resultativ tyding, medan for faktuell Ipf er den resultative tydinga berre

éi av ei rekkje mogelege tydingar. Det er med andre ord konteksten som legg til rette for eller hindrar ei resultativ tyding av Ipf. Seinare i dette kapittelet skal me sjå nærare på korleis dette kan avgjerast av tidsadverbial.

Den tredje skilnaden går ut på perfektivitet. Pf impliserer at resultatet av handlinga gjeld i ytringstida. Med Ipf er dette derimot ikkje tilfellet. Dette skildrar Padučeva med (91).

- (91) a. *Mne predlagali<sup>Ipf</sup> napisat<sup>Pf</sup> na nee recenziju (skoree vsego, v nastojašcij moment ja uže otkazalsja<sup>Pf</sup>);*  
**Eg er vorten beden** om å skrive ei omtale av den (sannsynlegvis har eg allereie takka nei på noverande tidspunkt);
- b. *Mne predložili<sup>Pf</sup> napisat<sup>Pf</sup> na nee recenziju (sejčas ja obdumyvaju<sup>Ipf</sup> predloženie).*  
**Eg er vorten beden** om å skrive ein omtale av den (no vurderer eg førespurnaden).

(Padučeva 1996: 57)

Pf kan berre uttrykkje ei einskild handling, medan Ipf alltid er potensielt iterativ. Difor vil ei setning som *Ja pisal<sup>Ipf</sup> emu ob etom* 'Eg har skrive til han om dette' i følgje Padučeva ha tyding *po krajnej mere odin raz* 'minst éin gong', medan *Ja napisal<sup>Pf</sup> emu ob etom* 'Eg har skrive til han om dette' berre kan skildre éi skrivehandling. Dette er Padučevas fjerde skilnad.

Den femte og siste dreier seg om i kva grad ein kan seie at tida resultatet inntrefte er fastsett eller ikkje. Det er etter Padučevas syn ikkje mogeleg eller ikkje viktig å fastslå når handlinga vart fullført i høve der Ipf er nytta.

- (92) a. *Ty čital<sup>Ipf</sup> "Kapitanskiju dočku"?* ('kogda-nibud');  
**Har du lese** "Kapteinens dotter"? ('ein eller annan gong');
- b. *Ty pročital<sup>Pf</sup> "Kapitanskiju Dočku"?* ('k segodnjašnemu dnju').  
**Har du lese** "Kapteinens dotter"? ('til i dag').

(Padučeva 1996: 58)

#### 4.5 Grønn sin definisjon av faktuell Ipf

Grønn (2003) stiller som kriterium at dersom ei Ipf-form skal kunne seiast å vere faktuell, må predikatet vere telisk. Både simpleksverb og sekundære Ipf kan vere teliske, men på ulikt grunnlag. Sekundære Ipf arvar telisiteten frå det prefigerte Pf-predikatet, medan eit simpleksverb som oftast får sin telisitet gjennom å leggje til eit direkte objekt. Dette illustrerer Grønn med den sekundære Ipf *proigryvat' matč* 'tape ein kamp/kampen' og simpleksverbet *čitat' knigu* 'lese ei bok/boka' (93).

- (93) a. -yva + [proigrat'<sup>p</sup> matč]<sub>telic</sub> = [proigryvat'<sup>i</sup> matč]<sub>(a)telic</sub>  
b. [čitat'<sup>i</sup>]<sub>atelic</sub> + knigu = [čitat'<sup>i</sup> knigu]<sub>(a)telic</sub>

(Grønn 2003: 52)

(93b) er eit prov på at ein ved å leggje eit direkte objekt til eit simpleksverb potensielt gir verbalfrasen ein *2-state content*, slik eg poengterte i 3.3.

I denne oppgåva tek eg i bruk definisjonen av faktuell Ipf som vert presentert i (Grønn 2003). Han kjem faktisk med to arbeidsdefinisjonar på faktuell Ipf, éin negativ og éin positiv.

## Boks IV

Negativ arbeidsdefinisjon på faktuell IpF	Positiv arbeidsdefinisjon på faktuell IpF
<p>Eit imperfektivt predikat <math>P</math> har faktuell tyding viss og berre viss <math>P</math> ikkje har</p> <p>a) prosessuell tyding eller b) iterativ-habituell tyding</p>	<p>Verbalfrasen <math>P</math> har faktuell tyding viss og berre viss:</p> <p>a) <math>P</math> inneheld eit verb med IpF- og preteritumsmorfologi og</p> <p>b) Påstanden <math>\varphi</math> som inneheld <math>P</math> inneber at ei handling av typen <math>P</math> har funne stad i vår verd i fortida og</p> <p>c) <math>\varphi</math> inneber ikkje at meir enn éi handling har funne stad i fortida og</p> <p>d) <math>\varphi</math> er ikkje negert</p>

(Grønn 2003: 81)

Den positive modellen er med på å snevre inn definisjonen ved å luke ut fleire tilfelle med IpF som ut ifrå den negative modellen lyt sjåast på som faktuelle. Me skal her drøfte tre av desse tilfella.

Det første tilfellet er durativ IpF. Grønn viser til Timberlake (1985), som skriv at referansetida i durative setningar inkluderer event-tida. Slik får ein konfigurasjonen  $E \subseteq R$  for både Pf og durativ IpF, og dette refererer Padučeva (1996) til når ho grupperer durativ IpF saman med faktuell IpF. Grønn er derimot ikkje heilt samd i at Timberlakes døme i (94) kan sjåast på som faktuell IpF.

(94) *Ja dolgo dopisyval<sup>IpF</sup> 'Romantikov', i v vosem' časov pošel<sup>Pf</sup> v kafe.*

I **finished writing** 'The Romantics' for a long time, and then around eight went to the cafe.

(Timberlake 1985: 38)

- (95) *Ja čital<sup>Ipf</sup> “Brat’ev Karamazovych” s dvuch do četyrech.*  
 I was reading “Brothers Karamazov” from 2 p.m. to 4 p.m.  
 (Grønn 2003: 83)

Ikkje i nokon av desse døma kan ein slå fast at predikatet har oppnådd ei indre grense, eit *telos*. Her er det difor etter Grønn sitt syn ikkje snakk om aspektkonkurranse, men om aspektmotsetnad, fordi tidsadverbiala *dolgo* ’lenge’ og *s dvuch do četyrech* ’frå to til fire’ ikkje bidreg til å fastsetje ei referansetid, men heller fungerer som handlingsmodifikatorar – dei gir handlingas nøyaktige tidslassering. Desse adverbiala lèt seg kombinere med ateliske predikat.

Konativ Ipf er ei anna tyding som ofte kan feiltolkast som å vere faktuell. I slike høve er det fokus på agens sitt forsøk på å gjennomføre handlinga som verbalfrasen skildrar, og ikkje på den faktiske gjennomføringa av den. (96) er eit klassisk døme på konativ Ipf og er henta frå Padučeva (1996). Ho kallar denne bruken av Ipf for *obščefaktičeskoe nerezul’tativnoe* ’ikkje-resultativ faktuell Ipf’. (97) frå korpus er teken frå Mikhail Lermontovs roman ”Vår tids helt”, og her ser me gjennom omsetjinga til engelsk at det er snakk om konativ Ipf.

- (96) *Ob”jasnil<sup>Ipf</sup>, da ne ob”jasnil<sup>Pf</sup>.*  
 Eg **prøvde å forklare**, men fekk det ikkje til. (Bokstaveleg: Eg forklarte, men forklarte ikkje).  
 (Padučeva 1996: 10)

- (97) *Ona užasno mučilas<sup>Ipf</sup>, stonala<sup>Ipf</sup>, i tol’ko čto bol’ načinala<sup>Ipf</sup> utichat<sup>Ipf</sup>, ona staralas<sup>Ipf</sup> uverit<sup>Pf</sup> Grigorija Aleksandroviča, čto ej lučše, ugavarivala<sup>Ipf</sup> ego idti<sup>Ipf</sup> spat<sup>Ipf</sup>, celovala<sup>Ipf</sup> ego ruku, ne vypuskala<sup>Ipf</sup> ee iz svoich.*  
 She suffered terribly, and groaned; and directly the pain began to abate she endeavoured to assure Grigori Aleksovich that she felt better, **tried to persuade** him to go to bed, kissed his hand and would not let it out of hers.

(NRC)

Grønn skriv at Ipf ikkje er faktuell i desse høva ”..due to the *current relevance* of the event at the evaluation time” (Grønn 2003: 84). Det ville vore eit pragmatisk krav om Pf dersom det

var referert til ei avslutta handling, men sidan det er snakk om ei handling som ikkje er fullført, er det berre Ipf som er mogeleg i slike høve.

Den tredje og siste bruken Grønn dreg fram i denne samanhengen, er modal Ipf. Desse høva vert luka ut av vilkår b) i den positive definisjonen for faktuell Ipf. Her står det at handlinga som er skildra av predikatet lyt ha funne stad i vår verd. Dette er med på å utelukke bruk av faktuell Ipf i modale samanhengar. Ein lite utbreidd og lite utforska bruk av Ipf i russisk, er dei høva der Ipf har såkalla kontrafaktuell tyding. Slik det vert vist i (Grønn 2008), er denne bruken hyppigast i sjakkreferansar, vist i døme (98).

- (98) a. *Posle 22.b4<sup>[actual chess move]</sup> belye vyigrali<sup>Ipf</sup> pešku.*  
After 22.b4 white won a pawn.  
b. *22.c4<sup>[actual chess move]</sup> Posle 22.b4<sup>[hypothetical chess move]</sup> belye vyigryvali<sup>Ipf</sup> pešku.*  
22.c4 [Annotator's comment:] After 22.b4 white would have won a pawn.

(Grønn 2008: 6)

Pf i (98a) viser til eit faktisk sjakktrekk og ein reell konsekvens av dette sjakktrekket – at kvit farge vann. I (98b) må ein derimot tolke Ipf-forma slik at den skildrar ein kontrafaktuell/hypotetisk situasjon (irrealis). Denne forma av Ipf erstattar den vanlegaste måten å uttrykkje irrealis på, nemleg Pf<sup>4</sup> i preteritum med partikkelen *by*, i dette høvet *vyigral<sup>Ipf</sup> by* 'hadde vunne'. Lat oss no sjå på eit svært interessant døme frå korpus:

- (99) *Ja uznal<sup>Ipf</sup>, čto budu polučat'<sup>Ipf</sup> \$25 tysjač v god, moj zarabotok **uveličivalsja**<sup>Ipf</sup> počti na \$8 tysjač.*

Eg fann ut at eg skulle få 25000 dollar i året, løna mi **vaks** med nesten 8000.

(RNC)

Det er Ipf preteritumsforma *uveličivalsja* 'vaks' som er iaugefallande her. Kvifor er det ikkje samsvar med den andre Ipf-forma, slik at det vert to futurumsformer: *budu polučat'* 'eg skal

<sup>4</sup> I situasjonar der verbalfrasen skildrar éin av dei vanlege Ipf-tydingane (progressivitet, habitualitet, iterasjon osb.), vert Ipf nytta saman med kondisjonalismarkøren *by* på russisk (*byl<sup>Ipf</sup> by* 'ville vore', *často vyigryval<sup>Ipf</sup> by* 'ville vunne ofte')

få' og *moy zarabotok budet uveličivat'sja* 'lønna mi vil auke'? Er dette eit døme på kontrafaktuell Ipf, sidan ein kan tenkje seg at predikatet ikkje skildrar ei reell lønnssauke, berre ei planlagt auke? Eg meiner at dette tilfellet ikkje er eit døme på modal Ipf, fordi det etter mitt syn er umogeleg med eit uttrykk med partikkelen *by* i dette høvet. Dei russisktalande informantane eg har vore i kontakt er òg skeptiske til både *uveličivalsja<sup>Ipf</sup>* by og *uveličilsja<sup>Pf</sup>* by. Dette ville òg vore umogeleg i den norske omsetjinga (\*løna mi ville ha vakse). Me skal sjå nærare på denne setninga, og då kan det vere ein god idé å dele setninga i to. I den første setninga i (100) står verbalfrasen *budu polučat'* 'skulle få' i futurum i russisk. Dette er relativ futurum, fordi Pf *uznal* 'fann ut' er eit faktisk verb der komplementet uttrykkjer relativ tid.

(100) *Ja uznal<sup>Pf</sup>, čto budu polučat'<sup>Ipf</sup> \$25 tysjač v god.*

Eg fann ut at eg skulle få 25000 dollar i året.

Indirekte tid fungerer annleis enn i russisk enn i norsk, lat oss kort sjå på korleis dette kjem til utspel. Etter utsegnsverb som t.d. *govorit<sup>Ipf</sup>/skazat<sup>Pf</sup>* 'seie', *rasskazyvat<sup>Ipf</sup>/rasskazat<sup>Pf</sup>* 'fortelje', og sanseverb i brei forstand som *videt<sup>Ipf</sup>/uvidet<sup>Pf</sup>* 'sjå', *znat<sup>Ipf</sup>/uznat<sup>Pf</sup>* 'finne ut' og *ponimat<sup>Ipf</sup>/ponyat<sup>Pf</sup>* 'forstå', får me ikkje synkron tidsbruk som i norsk (101a), men ein held på tida som er nytta i det russiske utsegna, nok som vert illustrert av den direkte omsetjinga til norsk i (101b).

(101) a. Ho **sa**: "Eg **likar** raudvin".

→ Ho **sa** at ho **likte** raudvin.

b. *Ona skazala<sup>Pf</sup>: "Ja ljublju<sup>Ipf</sup> krasnoe vino".*

→ *Ona skazala<sup>Pf</sup>, čto ljubit<sup>Ipf</sup> krasnoe vino.*

Ho **sa**: "Eg **likar** raudvin".

→ Ho **sa** at ho **likar** raudvin.


*Budu polučat'* i (100) er indirekte tale i brei forstand, og ein nyttar same tid som i direkte tale. Men i den norske omsetjinga lyt ein nytte same tempus som i utsegns-/sanseverbet: 'skulle få'. *Uveličivalsja* i (102) er ikkje del av den indirekte talen, og lyt difor vurderast annleis.

(102) *Moj zarabotok uveličivalsja<sup>Ipf</sup> počti na \$8 tysjač.*

Lønna mi auka med nesten 8000 dollar.


Spørsmålet vert om dette predikatet kan vere eit døme på faktuell Ipf. For å svare på dette spørsmålet er det to ting me lyt avgjere. For det første, på kva tidspunkt inntreffe lønnsauka? Med det same talaren fekk vite om den eller den vart vedteken, eller inntrefft den først når den vert utbetalt og er ein realitet? Og for det andre, på kva tidspunkt er (99) ytra? Etter mitt syn er det to mogelege situasjonar her. For det første kan talaren ha ytra denne setninga like etter  $e$  (tidsintervallet då han fekk vite om lønnsauken), og difor før han har fått den nye årslønna ( $e_1, e_2, e_3$ ) utbetalt, som vist i Figur IV. For å få ei faktuell tyding av *uveličivalsja* 'auka' ( $e_4$ ) lyt ein difor rekne med at lønnsauka inntrefft når talaren fekk vite om den (det vil seie at  $e \cap e_4$ ).

**Figur IV**



Den andre mogelege situasjonen kan illustrerast med Figur V. Her er ytringstida  $s$  plassert fleire år etter  $e$ , det vil seie etter at talaren har motteke nokre årslønner ( $e_1, e_2, e_3$ ). Her er det mogeleg å sjå føre seg at lønnsauka  $e_4$  inntrefft anten samstundes med  $e$  eller samstundes med at første årslønna vert utbetalt ( $e_1$ ).

**Figur V**




Det er altså ikkje mogeleg å fastsetje på kva tidspunkt (99) er ytra. Setning (103) følgjer etter (98). Her er det ein ny futurum.

(103) *Iz nich my budem davat<sup>Ipf</sup> \$10 tysjač Mladšemu – na učebu i platu za obščežtie.*

Av dei **skal** me **gi** 10000 dollar til yngstemann for å dekkje skulepengar og internat.

Den mest nærliggjande tolkinga av ytringstida *s* vert difor at den har funne stad like etter *e*, og at *uveličivalsja* 'auka' (*e*<sub>4</sub>) er faktuell Ipf og inntreff samstundes med *uznal* 'fann ut' (*e*). Slik det er vist i Figur VI, kjem difor *s* føre talaren mottek den nye årslønna (*e*<sub>1</sub>, *e*<sub>2</sub>, *e*<sub>3</sub>) og føre talaren byrjar å gi pengar til yngstemann (*e*<sub>5</sub>, *e*<sub>6</sub>, *e*<sub>7</sub>).

## Figur VI



Dersom me skal kunne tenkje oss at (99) vart ytra fleire år etter at talaren fekk nyss om lønnsauka si, får me problem med å forsvare bruken av futurum i (103), sidan handlinga som er skildra av futurumsforma *budem davat'* 'skal me gi' i eit slikt scenario kjem før *s*. For at dette skal gå, lyt ein tolke (103) som såkalla *fri indirekte tale* (*svobodnaja kosvennaja reč'* eller *nesobstvennaja prjamaja reč'*). Fri indirekte tale er eit kjent grep i russisk skjønnlitteratur, som ifølgje Gvozdev (1965: 376) "peredaet čužie zjavlenija i razmyšlenija"

– ”gjengir framande erklæringar og refleksjonar”, og som gjengir røyster som etter forfattarens mening må verke tilbakehaldne, dempa, falske eller berre verke som ”indre” røyster som uttrykkjer indre tankar og kjensler. Gvozdev skildrar dette med (104).


(104) *Liš' v etu minutu Aleksej vpolne osmyslil<sup>Pf</sup> vsju tjažest' poteri. On nikogda bol'še ne vernetsja<sup>Pf</sup> v polk, v aviaciju, voobšče na front. Emu nikogda bol'še ne podymat'<sup>lpf</sup> samoleta v vozduch i ne brosat'sja v vozdušnyj boj, nikogda!*

Først i denne augneblinken forsto Aleksej nederlagets bør. Han kom aldri meir til å vende attende til regimentet, til luftforsvaret, til fronten i det heile teke. Han kom aldri meir fly opp i lufta eller kaste seg ut i luftstrid, aldri meir!

(Gvozdev 1965: 377-378)

Den indirekte tempusbruken i (103) kan ikkje koplast saman med det eksplisitte sanseverbet *uznal* ’fann ut’, sidan det neppe er same personen som fortalte talaren om lønnsauka som fortalte han kva han skulle bruke pengane på. Løysinga på problemet vert difor å rekne med at det er eit anna underforstått sanseverb i (103), som t.d. *my s ženoj rešili<sup>Pf</sup>*, eg og kona mi bestemte oss for å’ (*e<sub>5</sub>* i Figur VII).

### Figur VII



Fri indirekte tale vert brukt i litterær russisk, og den tolkinga som er illustrert i Figur VII må sjåast på som mogeleg. Likevel vil eg påstå at tolkinga frå Figur VI er mykje meir gangbar, og at me får ei faktuell tyding av *uveličivalsja* 'auka' (lønna til talaren auka i det han fekk høyre om det).

Det avgjerande for om me vil kalle ei Ipf-form for faktuell i denne oppgåva, vil vere vilkår c) i Grønns positive definisjon på faktuell Ipf – at predikatet er telisk, og vilkåret om at ei handling ikkje kan ha funne stad meir enn éin gong i fortida. Likevel må (105) seiast å vere telisk.

- (105) *Maša risovala<sup>Ipf</sup> kružok pjat' raz.*

Maša drew a circle 5 times.

(Grønn 2003: 86)

Sjølv om det her er snakk om fem separate teikningar, lyt ein oppfatte sirkelteikninga som éi handling. Slike handlingar kan kallast *repetitives* (Grønn 2003, Dickey 2000), og er karakterisert av eit avgrensa tal på repetisjonar som er eksplisitt uttrykt med eit adverbial. Iterativ Ipf lyt difor definerast som å gjelde dei høva der verbalfrasen skildrar eit uavgrensa tal på handlingar.

Me har no sett på korleis Grønn (2003) definerer faktuell Ipf. Korleis definerer han så aspektkonkurranse? Sjå på Boks V.

## **Boks V**

Aspectual Competition:

Pf and Ipf are in aspectual competition in a sentence  $\varphi$  iff the ‘main aspectual relation’ A (i.e.  $e \subseteq t$ ) between the event argument  $e$  and the assertion time  $t$  is the same in  $\varphi_{pf}$  and  $\varphi_{ipf}$ . It may be that  $\varphi_{pf}$  and  $\varphi_{ipf}$  differ in ‘residual aspectual relations’ R. That is,  $A[\varphi_{ipf}] = A[\varphi_{pf}]$ , but  $R[\varphi_{ipf}] = R[\varphi_{pf}]$  or  $R[\varphi_{ipf}] \neq R[\varphi_{pf}]$ .

(Grønn 2003: 89)

Denne definisjonen fortener nærmere forklaring. Kva meinast med *main aspectual relation* og *residual aspectual relations*? Dette kan synast med eit døme på såkalla *bidirectional* Ipf.

(106) *Anja priečala<sup>Pf</sup> / priežzala<sup>Ipf</sup> v Moskvu.*

Anja has come / made a visit to Moscow.

(Grønn 2003: 88)

Her gir dei to ulike aspekta ulik meinings. Pf inneber at Anja er i Moskva når denne setninga vert ytra, medan Ipf inneber at ho ikkje er der (men ho har vore der på eit tidspunkt før ytringa). Likevel meiner Grønn at dette er eit døme på aspektkonkurranse etter hans eiga definisjon, og ikkje på ein rein aspektmotsetnad. Med begge aspekta er det aspektuelle forholdet mellom *event-tida* og referansetida den same – dei skildrar begge avslutta handlingar. Ulikskapen mellom aspekta i dette høvet ligg i *ytterlegare* aspektuelle forhold (*residual aspectual relations*). Dette kjem til uttrykk i (106) ved at bruken av Ipf fortel oss at Anja forlét Moskva på eit seinare tidspunkt.

## **4.6 Aspektkonkurranse og tidsadverbial**

Me bør no ha eit godt grunnlag for å sjå på korleis me kan kombinere tidsadverbial med faktuell Ipf. Som i dei fleste andre arbeid på aspektkonkurranse skal me her fokusere på

fortidsformer i indikativ. Vidare vil me konsentrere oss om eksistensiell faktuell Ipf. Me tek utgangspunkt i at tidsadverbial er med på å leggje til rette for ei faktuell tyding av Ipf i somme høve, men hindrar denne tydinga i andre høve. (Grønn 2003: 159) skriv :"It is only the context and interaction with temporal adverbials which eventually create the impression of a 'simple past' or 'present perfect' reading".

#### 4.6.1 Rammeadverbial

Som nemnt tidlegare i oppgåva, er det tidsadverbiala som saman med tempora avgjer talaren si referansetid, det vil seie det tidsintervallet hin fokuserar på (Grønn 2003: 159). Me skal no sjå på i kor stor grad tidsadverbial er med på å leggje til rette for ei faktuell tyding av Ipf. Lat oss først sjå på eit klassisk døme på eksistensiell faktuell Ipf.

(107) *Ja čital<sup>Ipf</sup> "Vojnu i mir".*

Eg **har lese** "Krig og fred".

I den minimale konteksten i (107) er alle dei fire kriteria i Grønn sin positive definisjon av faktuell Ipf overhaldne – predikatet *čital* er morfologisk sett Ipf (simpleksverb) og i fortid, det skildrar éi hending som har funne stad i vår verd i fortida, og det er ikkje negert. Alt ligg med andre ord til rette for at me skal kunne tolke denne setninga som faktuell. Kva om me så legg til eitt tidsadverbial som angir eit monaleg stort tidsintervall, og eitt som angir eit lite intervall?

(108) a. *V škol'nye gody ja čital<sup>Ipf</sup> "Vojnu i mir".*

I skuleåra **las** eg "Krig og fred".


b. *Segodnja utrom pered zavtrakom ja čital<sup>Ipf</sup> "Vojnu i mir".*

(??) I dag tidleg like føre frukost **las** eg "Krig og fred".

Korkje *v škol'nye gody* 'i skuleåra' eller *segodnja utrom pered zavtrakom* 'i dag tidleg like før frukost' endrar på vilkåra i den positive definisjonen på faktuell Ipf. Lesinga av "Krig og fred" er framleis ei handling som har funne stad i vår verd i fortida, men der referansetida i (107) er uspesifisert (og difor kan tenkjast å gjelde *all fortid*), er referansetida i (108a) og (108b) eksplisitt uttrykte med rammeadverbial. Me lyt med andre ord flytte oss over på andre sida av definisjonen til Grønn, nemleg til den negative. Der står det at eit predikat har faktuell

tyding berre viss det ikkje har ei anna av Ipf sine tydingar, altså prosessuell eller habituell-iterativ. Det heile kokar ned til eit spørsmål om (a)telisitet, og om ein kan seie at handlinga som predikatet skildrar er avslutta. Av dei russisktalande informantane eg har spurt, godtek bortimot alle at (108a) skildrar ei avslutta handling, det vil seie at den skildrar heile *Event Nucleus*. (108b), derimot, kan ikkje skildre ei avslutta handling, men set fokus berre på førebuingsfasen (preparatory stage) av *Event Nucleus*. Kvifor er det slik? I sin artikkel om russisk aspekt skriv (Gasparov 1990: 199): "The past event may receive an "existential" interpretation, as a result of the use of Imp., only if the time span within which the event occurred in the past is sufficiently broad". Dei fleste oppfattar altså det tidsintervallet som vert skildra av verbalfrasen *čitat' "Vojnu i mir"* 'lese "Krig og fred"' som mindre enn det tidsintervallet som vert skildra av tidsadverbialalet *v škol'nye gody 'i skuleåra'*, men større enn det tidsintervallet som vert skildra av adverbialalet *segodnja utrom pered zavtrakom 'i dag tidleg like føre frukosten'*. Dette vert illustrert i Figur VIII.

**Figur VIII**



For å avgjere om ein kan få ei faktuell tolking i (108a) og (108b) lyt ein med andre ord ha ei viss oppfatning om kor lang tid det tek å lese "Krig og fred" (ein månad? Tre månader? Eit

halvt år?). Verre vert det då med (109), der objektet ikkje er allment kjent, slik boka ”Krig og fred” er.

(109) *Včera čital<sup>Ipf</sup> na ukrainskem jazyke knigu o ”Molodoj gvardii”.*

I går **las** eg (i?) ei bok på ukrainsk om ”Den unge garden”. (RNC)

Her er det vanskeligare å seie om intervallet som tidsadverbialen *včera* ’i går’ skildrar, med orda til (Gasparov 1990: 199), ”is broad enough to present the event as ”floating” in the stream of past experience”. Utifrå (109) åleine kan ein ikkje utelukke ei faktuell tyding, det kan godt hende at denne boka er liten nok til at det lèt seg gjere å lese den på ein dag. I (109) er det difor naudsynt med meir informasjon for å kunne utelukke ei faktuell tyding av *čital*.

Ulikskapen mellom dei to mogelege tydingane av (109) kjem tydelegare fram på norsk, der preposisjonen *i* understrekar at verbalfrasen er atelisk. Difor kan det vere interessant å sjå på omsetjingar til norsk. (110) er teken frå Anton Tsjekhovs novelle ”Ionytsj”. Her ser me at *Ipf čitali* i kombinasjon med tidsadverbialen *na etoj nedele* ’denne veka’ får omsetjing til norsk ’har lest i’:

(110) ”Čto vy čitali<sup>Ipf</sup> na etoj nedele, poka my ne videlis<sup>Ipf?</sup>” – sprosil<sup>Pf</sup> on teper’.

”Govorite<sup>Ipf</sup>, prošu<sup>Ipf</sup>. ” ”Ja čitala<sup>Ipf</sup> Pisemskogo.”

”Hva **har** De **lest i** denne uken da vi ikke har sett hverandre?”, spurte han nå.

”Vær så snill å fortelle meg”. ”Jeg **har lest** Pisemskij”.

”What **have you been reading** this week since I saw you last?” he asked now.

”Do please tell me”. ”I **have been reading** Pisemsky”. (RuN)

Legg merke til at preposisjonen *i* ikkje vert nytta i svaret. Dette er fordi *lese Pisemskij* i motsetnad til *lese ”Krig og fred”* er atelisk, og difor vert det ikkje mogeleg å seie \**Jeg har lest i Pisemskij*. I omsetjinga til engelsk er såkalla *past progressive* nytta i begge høva. I (111) skildrar tidsadverbialen *sejčas* ’nettopp’ (*just now*) eit mindre tidsintervall enn *na etoj nedele* ’denne uken’ (*this week*) i (110). Her har den norske omsetjaren tolka predikatet som atelisk, medan den engelske omsetjaren har tolka det som telisk. Dømet er teke frå Mikhail Bulgakov sin roman ”Mesteren og Margarita”.

- (111) *Vojti<sup>Pf</sup> v miliciju i skazat<sup>Pf</sup>, čto vot, mol, sejčas kot v očkach čital<sup>Ipf</sup> moj passport, a potom čelovek v triko, s nožom... Net, graždane, Maksimilian Andreevič byl<sup>Ipf</sup> dejstvitel'no umnym čelovekom!*

Komme til militsen og si at hør her, en katt med briller **har** nettopp **lest i** passet mitt, og så kom det en mann i trikot med kniv... nei, borgere, Maksimilian Andrejevitsj var en virkelig klok mann!

*To go into a police station and tell them, look here, just now a cat in eyeglasses **read** my passport, and then a man in tights, with a knife... no, citizens, Maximilian Andreevich was indeed an intelligent man.* (RuN)

I (112) viser leddsetninga til eit resultat av handlinga som er skildra av Ipf *risoval* 'teikna'.

- (112) *Tak vot, govorit<sup>Ipf</sup>, čto včera **risoval**<sup>Ipf</sup> odnu aktrisu jakoby, a polučilas<sup>Pf</sup> ja.*  
Han seier at han visstnok **teikna** ei skodespelarinne i går, men så vart det meg.  
(RNC)

Her er det eksplisitt uttrykt at teikninga er ferdig, men at resultatet ikkje vart som planlagt. Utan denne leddsetninga ville det vore like vanskeleg å stadfeste eller utelukke ei faktuell tyding som det er i (109). I (113), som i likskap med (112) er teken frå korpus, er to etterfølgjande byggjeprosessar skildra. Dei fleste informantane valde Pf *postroil* 'bygde' i denne setninga, men i originalteksten er Ipf nytta.

- (113) *Na sledujuščij god on že načal<sup>Pf</sup> zdes' stroitel'stro kamennych ukreplenij. V 1534-1535 godach on **stroil**<sup>Ipf</sup> zemlianuju krepost' v Sebeže, v 1536 godu – v Pronske.*

Neste år byrja han å byggje festningsverk av stein her. I 1534-1535 **bygde** han ein jordfestning i Sebež, og i 1536 [bygde han ein] i Pronsk.

(RNC)

*Rasskazyvat'* 'fortelje' er eit verb som vanlegvis vert oppfatta som å gjelde eit kortare tidsintervall enn verb som *čitat'* 'lese' og *stroit'* 'byggje'. Difor vert det oftare eit spørsmål om dette imperfektive verbet har faktuell eller habituell/iterativ tyding. Sjå på dei neste døma.

- (114) *Ja vam chotela<sup>Ipf</sup> rasskazat<sup>Pf</sup>, čto mne Inna v detstve rasskazyvala<sup>Ipf</sup>...*  
Eg ville fortelje dykk det Inna **pleidde** å **fortelje/fortalte** meg i barndommen...

(RNC)

- (115) *Pomniš<sup>Ipf</sup>, ty na prošloj nedele rasskazyval<sup>Ipf</sup>, čto našel<sup>Pf</sup> košelek s den'gami.*  
Hugsar du, du fortalte i forrige veke at du hadde funne ei lommebok med pengar.

(RNC)

- (116) *Ernest Cheminguej v 1960 godu na Kube rasskazyval<sup>Ipf</sup> mne o tom, kak tam, v Ispanii, sredi ljudej, priečavšich pomogat<sup>Ipf</sup> respublikancam otrazit<sup>Pf</sup> fašistskij mjatež, suščestvoval<sup>Ipf</sup> vertyj sposob uznat<sup>Pf</sup> – naskol'ko mužestven tvoj drug, tvoj sosed, tvoj znakomyj.*  
Ernest Hemingway **fortalte** meg i 1960 på Cuba om korleis det i Spania, blant menneske som var komne for å hjelpe republikanarane med å slå ned på fascistopprøret, fanst ein sikker måte å finne ut om kor modig venen din, naboen din, kjenningen din var.

(RNC)

- (117) *Ob etom Alekseju Ivanoviču Dojnikovu v 1952 godu po bol'somu sekretu rasskazyval<sup>Ipf</sup> Apollon Pavlovič Urušadze, v tu poru glavnyj stomatolog Tbilisi, a do revoljucii – ličnyj vrač carja.*  
Dette **fortalte** Apollon Pavlovič Urušadze, som på den tida var den fremste tannlegen i Tbilisi, og tsarens personlege lege føre revolusjonen, til Aleksej Ivanovič Dojnikov i all fortrulegheit i 1952.

(RNC)

I (114) er det nærliggjande å tenkje at det er snakk om ein vane eller gjenteken handling, noko Inna har fortald eg-personen fleire gonger. På same måte tolka Depreatere (1995) sitt døme frå 3.2:

- (48) a. John trimmed the hedge when he was a boy. (atelic)  
 (Depreatere 1995: 46)

Depreatere skriv at sjølv om dei einskilde klyppehandlingane til John i barndommen er teliske i seg sjølv, er ikkje vanen det. Det same gjeld Innas historieforteljing – alle forteljehandlingane er einskilde teliske handlingar, men når ein modifiserer predikatet *rasskazyvala* med eit stort tidsadverbial som *v detstve*, vert tydinga habituell og atelisk.

I (115) og (116) er det vanskelegare å sjå for seg ein habituell tyding av Ipf-formene. Dette er fordi tidsadverbiala *na prošloj nedele* 'i førre veke' og *v 1960 godu* 'i 1960' er klarare avgrensa enn *v detstve* 'i barndommen', som i (114). Det er med andre ord mindre sannsynleg at Ernest Hemingway fortalte historia i (116) fleire gonger i 1960, for så å slutte å fortelje den 1. januar 1961, enn at Inna fortalte ei historie fleire gonger i løpet av talaren sin barndom. I (117) forsterkar dessutan adverbialet *po bol'somu sekretu* 'i all fortrulegheit' inntrykket av at det her er snakk om éi handling. Likevel er det ikkje umogeleg å tenkje seg ei faktuell tyding i (114) og iterative tydingar i (115-117), sjølv om desse er mindre sannsynlege. Ut ifrå desse døma, der tidsadverbiala gir ei referansetid R som er mykje større enn E, kan ein seie at jo meir informasjon som vert gitt i setninga, jo meir er det som tydar på at det dreier seg om éi handling.

#### 4.6.2 Inklusive adverbial

Fra 3.3 hugsar me at ein for å skilje teliske predikat frå ateliske, kan me modifisere predikatet med tidsadverbial. Eit døme på dette er (42) frå Borik (2006).

- (42) a. *Petja iskal<sup>Ipf</sup> knigu \*za čas/čas.*  
 Petja looked for a book \*in an hour/for an hour.  
 b. *Petja pročital<sup>Pf</sup> knigu za čas/\*čas.*  
 Petja read a book in an hour/\*for an hour.  
 (Borik 2006: 27)

Borik syner her at det ateliske predikatet *iskal knigu* 'looked for a book' berre lèt seg modifisere av det durative adverbialet *čas* 'for an hour', medan det teliske predikatet *pročital knigu* 'read a book' berre lèt seg modifisere av adverbialet *za čas* 'in an hour'. I tillegg til

dette har me slått fast at alle perfektive predikat er teliske, men at ikkje alle teliske predikat er perfektive. Er det difor mogeleg å modifisere imperfektive predikat med *za*-adverbial i russisk òg? Glovinskaja (2001) skriv at faktuell Ipf ikkje lèt seg kombinere med inklusive tidsadverbial, og at døma i (118) ikkje er mogelege.

- (118) a. \**Ja čital<sup>Ipf</sup> "Vojnu i mir" ešče v detstve za (v) neskol'ko dnej.*

Eg las "Krig og fred" i barndommen på nokre dagar.

- b. \**Ja pokupal<sup>Ipf</sup> chleb za polčasa.*

Eg kjøpte brød på ein halvtime.

(Glovinskaja 2001: 179)

Dette forklarar Glovinskaja slik:

Ukazanie na točku (moment okončania dejstvija), kotoroe vchodit v značenie etich obstojačel'stv, vstupaet v protivorečie s dannym komponentom obščefaktičeskogo.

*Ei tilvising til eit punkt (augneblinken der ei handling avsluttast) som inngår i tydinga til desse adverbiala er motstridig til den gitte komponenten til faktuell Ipf.*

(Glovinskaja 2001: 179)

På den andre sida meiner Borik (2006) at faktuell Ipf er kompatibel med inklusive tidsadverbial. Dette viser ho med (119). Grønn (2003) skriv at dette dømet, i tillegg til sitt eige døme i (120), illustrerer at ei faktuell tyding kan tvingast fram i ein riktig kontekst.

- (119) *Petja uže peresekal<sup>Ipf</sup> etot kanal za polčasa/\*polčasa.*

Petja (has) already crossed this channel in half an hour/\*for half an hour.

(Borik 2006: 69)

- (120) *Ja uže perečityval<sup>Ipf</sup> "Vojnu i mir" za dvja dnja/\*dva dnja (na spor).*

I have already read "War and Peace" in two days/for two days (for a bet).

(Grønn 2003: 19)

(119) og (120) har to ting til felles; dei er begge modifiserte av adverbialet *uže* 'already', og predikata er begge sekundære Ipf. Er dette to vilkår for at ein skal kunne få ein faktuell tyding av Ipf med eit inklusivt adverbial? Lat oss no sjå på nokre døme frå korpora.

(121) *Za poslednie dva dnja ego udivlenie narastalo<sup>Ipf</sup>.*

I løpet av dei to siste dagane har overraskringa hans vakse. (RNC)

Dette dømet er svært interessant. Za-adverbialet, som me hugsar frå Boriks adverbialmodifiseringstest i (42), tvinger her fram ei telisk tolking, men likevel er Ipf valt ikkje berre i originalteksten, men òg av dei aller fleste informantane eg har spurt. Dette har å gjere med at verbet *narastat'* er eit såkalla *degree achievement*-verb, og i kapittel 5 skal eg argumentere for at desse verba er grunnleggjande ateliske, men at konteksten kan tvinge fram ei telisk tyding. Derimot er det ingen tvil om at predikatet i (122) er telisk. Alle informantar har valt Pf *prigotovila* 'hadde førebudd', men i originalteksten er Ipf *gotovila* nytta. Her er berre ei faktuell tyding mogeleg, sjølv utan *uže* 'allereie' og sjølv om *gotovit'* 'førebu' er eit simpleksverb.

(122) *Ja vkalvala<sup>Ipf</sup> po vosem' časov v den' i za tri nedeli, točnee za dvadcat' četyre dnja gotovila<sup>Ipf</sup> dlja francuzov vosem' proizvol'nych programm i vosem' original'nych tancev.*

Eg sleit åtte timer om dagen, og etter tre veker, eller meir nøyaktig etter tjuefire dagar **hadde** eg **førebudd** åtte friløp og åtte originaldansar for franskmennene. (RNC)

I (123) er det tydeleg at faren har sendt berre eitt brev.

- (123) *Otec za eti gody posylal<sup>Ipf</sup> synu pis'mo, gde prikazyval<sup>Ipf</sup> synu vernut'sja<sup>Pf</sup> i obeščal<sup>Ipf/Pf</sup> lišit<sup>Pf</sup> syna roditel'skogo blagoslovenija, prokljav navsegda: na etom že samom pis'me, čut' poniže podpisi otca, syn pripisal<sup>Pf</sup>: "A čort s nim, s vašim blagosloveniem", - i vernal<sup>Pf</sup> otcu otcovskoe pis'mo.*

I løpet av disse årene **sendte** faren et brev til sønnen hvor han beordret gutten til å komme hjem og sverget å frata sønnen sin foreldrevelsignelse og forbanne ham til evig tid . I det selvsamme brevet , rett under farens signatur , skrev sønnen inn : « Dra til helvete med din velsignelse » , og sendte brevet tilbake til faren .

(RuN)

Den første indikasjonen på at det her berre er snakk om eitt brev, er det direkte objektet *pis'mo* 'et brev', som er i eintal. Derimot er det også mogeleg å seie *otec každyj god posylal<sup>Ipf</sup> synu pis'mo* 'farene sende kvart år eit brev til sonen', og her er tydinga heilt klart habituell. Singularisform av objektet er difor ikkje nok til å fastslå at det her er snakk om berre éi handling. I (123) vert Ipf *posylal* 'sendte' etterfulgt av to Pf: *pripisal* 'skrev inn' og *vernul* 'sendte tilbake', noko som fortel oss at det berre kan vere snakk om ei handling. Her er nok Ipf teke i bruk for å flytte fokus over på innhaldet i brevet, og ikkje resultatet av handlinga.

Desse døma viser alle at inklusive adverbial faktisk kan kombinerast med ei faktuell tyding av Ipf, både av simpleksverb og av sekundær Ipf. Derimot er det slik at somme funn i korpora viser at ateliske verb også kan modifiserast av inklusive adverbial. I (124) får me ei habituell tyding.

- (124) *Ljudka rabotala<sup>Ipf</sup> v parfjumernom otdele bol'sogo univermaga. Za den' ustavala<sup>Ipf</sup> ot ljudej. Prichodila<sup>Ipf</sup> domoj v plochom nastroenii: chotela<sup>Ipf</sup> est' i revnovala<sup>Ipf</sup> Sašu.*

Ljudka arbeidde i parfymeavdelinga i eit stort varehus. Etter endt arbeidsdag (bokstaveleg: i løpet av éin dag) **var** ho **lei** av menneske. Ho kom heim i dårlig humør: ho var svolten og sjalu på Saša.

(RNC)

Predikatet *rabotala* 'arbeidde' i første setninga set bakgrunnen for konteksten og gjer at tidsadverbialet *za den'* 'etter éin dag' ikkje kan skildre éin bestemt dag. Det må her vere

snakk om at Ljudka vart lei av menneske på slutten av *kvar* arbeidsdag, sidan det ikkje går an å tenkje seg at ho arbeidde i parfymeavdelinga berre éin dag. I denne konteksten er det skildra ein vane – Ljudka vart lei av menneske etter kvar arbeidsdag, så gjekk ho heim, var svolten og sjalu på Saša. Dersom ein derimot hadde nytta eit tidsadverbial som skildrar éin bestemt dag, som til dømes *za pervyj den'* (*na rabote*) 'etter den første dagen (på arbeid)', ville *Pf ustala* vore føretrekt. Det er ein klar samanheng mellom habitualitet og imperfektivitet i russisk og andre slaviske språk. Som primitivane i (125) viser, overstyrer den habituelle/imperfektive markøren, nemleg suffikset *-va-*, dei to teliske komponentane i (124), og gjer heile situasjonen atelisk.

- (125) [HAB *-va-* atelic [in one day telic [tired of people telic ]]]

I (126) er predikatet *istiralis<sup>Ipf</sup>* 'var tynnslitte' ikkje introdusert av eit *state*-verb, som *rabotala* 'arbeidde' i (124). Her kjem predikatet etter ei rekkje Pf-verb: *vzgromozdili* 'stabla opp' – *prokljali* 'hadde forbanna' – *vprjagli* 'spente' – *okazalos* 'viste seg'. Dette gjer at ei habituell tyding av *istiralis* 'var tynnslitte' og *prichodilos* 'var naudsynt' er umogeleg. Her må det dreie seg om éin dag der plogskjæra vart tynnslitte, og ikkje noko som hender kvar arbeidsdag. Difor må det her vere mogeleg med Pf *isterelis* 'var tynnslitte' og *prišlos* 'var naudsynt'.

- (126) *Na ramu vzgromozdili<sup>Pf</sup> valun, na kotorom kogda-to permjaki prokljali<sup>Pf</sup> Nifonta. V sochu vprjagli<sup>Pf</sup> Njatu. I pachat<sup>Ipf</sup> okazalos<sup>Pf</sup> ešče trudnee, čem lomat<sup>Ipf</sup> celinu. Za den' lemechi istiralis<sup>Ipf</sup>, slovno byli<sup>Ipf</sup> iz sosnovoj kory, i prichodilos<sup>Ipf</sup> ich snova rezat<sup>Ipf</sup> i ostrit<sup>Ipf</sup>.*

I ramma stabla dei opp rullestein, som nokon frå Perm ein eller annan gong hadde forbanna Nifont på. Dei spente Njata til treplogen. Og det viste seg å vere endå vanskelegare å pløye jorda enn å vende den. I løpet av dagen **var** plogskjæra **tynnslitte**, det var som om dei var av furubark, og det var naudsynt å skjære og kvesse dei på nytt. (NRC)

## 4.7 Oppsummering

Faktuell Ipf er eit omgrep som famnar breitt. I denne oppgåva har eg lagt vekt på ei todeling: eksistensiell Ipf, som skildrar handlingar som er påstått, og presuppositionell Ipf, som skildrar dei som på ein eller annan måte er føresette. Med eksistensiell Ipf kan ein seie at referansetida er ALL FORTID. Denne tydinga kan delast inn i tre undergrupper; *experiential Ipf*, som fokuserer på ei erfaring som agens i ytringa har, syklist Ipf, som skildrar handlingar som førekjem med kontekstuelt gitte mellomrom, og såkalla *bidirectional Ipf*, som skildrar ei handling og den motsatte handlinga, som til dømes *otkryval* 'opna (og lukka)'. *The Event Nucleus* illustrerer korleis Ipf og Pf legg ulikt fokus på ei handling. Denne modellen inneholder tre tidsintervallar; ein førebuingsprosess, eit kulmineringspunkt og ein konsekvenstilstand. Ipf set fokus på førebuingsprosessen, medan Pf set fokus på anten kulmineringspunktet, og skildrar slik resultatet av handlinga, eller så set Pf fokus på heile *Event Nucleus*. Derimot såg me i 4.4 at det finst fleire situasjonar der både Pf og faktuell Ipf er mogelege. I slike høve oppstår aspektkonkurranse. Omgrepa faktuell Ipf og aspektkonkurranse har vorte handsama på mange måtar i russisk lingvistikk tidlegare. I denne oppgåva støtter eg meg på (Grønn 2003), som gir oss ein todelt definisjon på faktuell Ipf. Den negative definisjonen seier at Ipf har faktuell tyding dersom den ikkje har prosessuell eller iterativ-habituell tyding. Dette er ein brei definisjon som tillèt ei faktuell tolking av tydingar som durativ Ipf, konativ Ipf og modal Ipf. For å snevre inn omgrepet faktuell Ipf kjem Grønn også med ein positiv definisjon; predikatet må vere eit verb med Ipf- og presensmorphologi og må skildre ei handling som har funne stad i vår verd i fortida berre éin gong, og som ikkje er negert.

I 4.6 har me sett at tidsadverbial er med på å styre kva tyding Ipf har i ei setning. Faktuell Ipf lèt seg modifisere av eit rammeadverbial dersom predikatet er telisk, og dersom det tidsintervallet som vert skildra av adverbialet er større enn det som dekkjer handlinga ( $E \subseteq R$ ). Dersom E er større enn R, må Ipf tolkast prosessuelt. På den andre sida, dersom R er monaleg større enn E, slik me såg tilfellet var med *rasskazyvat'* 'fortelje' og *trim the hedge* frå Depreatere (1995) sitt døme, lyt me tolke Ipf som habituell.

Tidlegare i oppgåva har me sett at ein måte å fastslå om eit predikat er telisk eller atelisk på, er å modifisere predikatet med eit durativt eller inklusivt tidsadverbial. Ateliske predikat kan berre modifiserast av durative tidsadverbial, medan teliske predikat berre kan modifiserast av

inklusive. I dette kapittelet har me sett at inklusive adverbial kan modifisere faktuell Ipf også. Derimot såg me i dette kapittelet at habituell Ipf kan modifiserast av eit *za*-adverbial (inklusivt) på russisk. (127) er eit anna døme på det.

- (127)        *Za odin den' na stane isgotovljalo<sup>Ipf</sup>, svarivalo<sup>Ipf</sup> i ukladyvalo<sup>Ipf</sup>  
                1 220 m trub diametrom 203 mm.*

På ein dag (=kvar dag) vart det laga, sveisa og pakka 1220 meter røyr med ein diameter på 203 millimeter.

Boriks døme i (42b) *Petja pročital<sup>Pf</sup> knigu za čas* 'Petja read a book in an hour' må difor kunne uttrykkjast med faktuell Ipf òg (128a), og med eit habituelt tidsadverbial som må ein kunne tvinge fram ei atelisk tyding (128b).

- (128) a.        *Petja segodnja čital<sup>Ipf</sup> knigu za čas.*  
                Today Petja read a book in an hour. (faktuell – telisk).  
b.        *Petja obično čital knigu za čas.*  
                Usually Petja read a book in an hour. (habituell – atelisk)

## 5. Degree Achievements

I dette kapittelet skal me sjå nærmere på ei gruppe verb som viser ei spesiell åtferd med omsyn til (a)telisitet. Slike verb vert kalla *degree achievements*, herfrå vil eg nytte omgrepene DA-verb. Lat oss først sjå på (121) ein gong til.

- (121) *Za poslednie dva dnja ego udivlenie narastalo<sup>Ipf</sup>.*

I løpet av dei to siste dagane har overraskinga hans vakse. (RNC)

Ved første augekast kan dette virke som eit klårt døme på faktuell Ipf. Preposisjonen *za* med eit tidsadverbial nyttast som regel med teliske predikat, og legg difor til rette for bruk av Pf. I dette dømet er likevel Ipf nytt. På den andre sida har ikkje predikatet *narastalo* noko implisitt *telos*, i teorien kan ei overrasking vekse i det uendelige. Med grunnlag i litteratur om DA-verb vil eg i dette kapittelet argumentere for at predikatet *narastalo* i (121) opphavleg er atelisk, men at konteksten kan gi ei telisk tolking. Me vil også sjå at Pf er mogeleg i nettopp slike situasjonar, der predikatet i utgangspunktet er atelisk. Dette er vanskeleg å forklare ut frå etablerte teoriar om aspekt i russisk.

### 5.1 Definisjonar

Før me går nærmere inn på definisjonar av DA-verb, vil eg først gjere greie for kva som meinast med uttrykket *achievements*. Dette omgrepet dukkar først opp hjå Vendler (1968), som introduserer fire klassar som verb kan klassifiserast i: *states* (statiske verb som *know*, *love*), *activities* (*running*, *pushing a cart*), *accomplishments* (*running a mile*, *writing a book*) og *achievements* (*reach the top*). Det er vanleg å skilje mellom dei som kan ha prosessuell tyding (*activities* og *accomplishments*) og dei som ikkje kan ha det (*states* og *achievements*), slik (129) demonstrerer.


- (129) a. \*John is knowing the answer. (state)  
 b. John is running. (activity)  
 c. John is writing a book. (accomplishment)  
 d. \*John is reaching the top. (achievement)

Ein annan skilnad mellom *activities* på den eine sida og *accomplishments* og *achievements* på den andre er at berre *activities* har subintervalleigenskapar, som vist i (130).

- (130) a. John is running. => John has run. (activity)  
 b. John is writing a book. => John has written a book. (accompl.)

Desse døma demonstrerer at setninga *John has run* er gyldig for ein kvar subintervall av handlinga *John is running*, medan *John has written a book* berre er gyldig for den maksimale handlinga *John is writing a book*.

### Figur IX



For å skilje ut *achievements*, kan ein gjennomføre ein test der ein undersøkjer om dei utvalde verba lèt seg kombinere med verbet 'å stoppe'. Det er mogeleg for alle predikat unntake *achievements*, noko som er med på å understreke at slike verb er punktlege endringar.

- (131) a. John stopped knowing the answer. (state)  
 b. John stopped running. (activity)  
 c. John stopped writing a book. (accomplishment)  
 d. \*John stopped reaching the top. (achievement)

Omgrepet *degree achievements* var først nytta i (Dowty 1979). Han var mellom dei første til å observere at DA-verb har både teliske og ateliske trekk. Han påpeikar at DA-verb, som *widen*, *lengthen*, *cool*, *dry*, uttrykkjer ei endring slik som *achievements* gjer, men at dei også kan nyttast i prosessuell tyding:

- (132) a. The soup cooled for ten minutes. (prosess - atelisk)  
 b. The soup cooled in ten minutes. (resultat – telisk)
- (Dowty 1979: 88)

Dowty føreslår sjølv ei dekomponering av (132) i (133). Her nyttar han primitiven BECOME for å bryte ned det semantiske innhaldet til det engelske DA-verbet *cool*.

- (133) a. The soup cooled for ten minutes: BECOME[*the soup is cooler*].  
 b. The soup cooled in ten minutes: BECOME[*the soup is cool*].
- (Dowty 1979: 90)

Denne verbklassen er ikkje like utforska i russisk. Glovinskaja (1982) tek for seg denne verbklassen utan å gi den noko namn, medan Padučeva (1996) kallar dei *gradiativy*. Glovinskaja hevdar at DA-verb "...imejut značenie tipa 'načinat' byt' kakim-to - načat' byt' kakim-to" 'har ei tyding av typen "byrje å vere på ein eller annan måte" (Glovinskaja 1982:78). Slik forklarar ho vidare bruken av DA-verb.

- (134) *Bel'ë vysochlo<sup>Pf</sup>* = "Bel'ë načalo<sup>Pf</sup> byt' suchim" = "V kakoj-to moment vremeni bel'ë ne suchoe (vlažnoe), v odin iz posledujuščich momentov bel'ë suchoe"

Vasken har turka = "Vasken har byrja å vere turr" = "På eitt tidspunkt er ikkje vasken turr (men fuktig), på eit seinare tidspunkt er vasken turr"

(Glovinskaja 1982:78)

Denne tilnærminga kan samanliknast med dekomponeringa i Dowty (1979),. I dette høvet ville me ha fått følgjande dekomponering av ”vasken har turka”: BECOME [vasken er turr].

Det er denne definisjonen av *načat'sja<sup>Pf</sup>* ’å byrje’, med hovudvekt på elementet *v odin iz posledujuščich momentov* ’på eit seinare tidspunkt’, som ifølgje Glovinskaja tillèt at Pf kan kombinerast både med durative og punktlege tidsadverbial. Eit perfektivt verb med eit punktleg tidsadverbial skapar ei førestilling om to tidspunkt – på det eine tidspunktet eksisterer ikkje noko, på eit anna tidspunkt eksisterer det.

(135) *Reka vnezapno (mgnovenno) zamerzla<sup>Pf</sup>.* →

[*V odin vydelennyj moment nabljudenija reka ne byla<sup>Ipf</sup> pokryta l'dom, a v sledujuščij moment nabljudenija ona pokryta l'dom*]

Elva fraus brått (på ein augneblink) til. →

[På eitt tidspunkt var ikkje elva dekt av is, men på neste tidspunkt var den dekt av is]

Glovinskaja (1982: 78-80)

Dersom ein derimot kombinerer eit perfektiv verb med eit durativt tidsadverbial, lyt ein ifølgje Glovinskaja tolke dei same to punkta som i (135) som avskilde frå einannan av ei rekke andre tidspunkt, slik som i (136). Glovinskaja si forklaring i klammer illustrerer at verbalet er kompatibelt med Ipf – det avgjerande for at Pf er valt i (136) er det siste momentet, nemleg at vasken vert turr.

- (136) *Bel'ë postepenno vysochlo<sup>Pf</sup>.* →  
 [V kakoj-to moment vremeni bel'ë ne bylo<sup>Ipf</sup> suchim; v každyj posledujuščij moment bel'ë stanovilos'<sup>Ipf</sup> suše, čem v každyj predšestvujuščij moment, na priblizitel'no odinakovuju veličinu, pričem promežutki vremeni meždu momentami priblizitel'no ravny; v odin iz posledujuščich momentov bel'ë bylo<sup>Ipf</sup> suchim]
- Vasken turka gradvis. →  
 [På eitt tidspunkt var ikkje vasken turr; på kvart etterfølgjande tidspunkt var vasken turrare enn på det føregåande tidspunktet, og det i tilnærma lik same grad, tidsintervalla mellom tidspunkta er òg tilnærma lik jamstore; på eit seinare tidspunkt er vasken turr.]

Glovinskaja (1982: 80)

Padučeva (1996) kallar situasjonane som DA-verba (eller *gradiativy*, som ho kallar dei) skildrar for *sdvig* "endring/forskyving" – hendingar som inneber ei endring i tydinga til ein viss kvantitativ parameter (=degree) av prosessen (til eit merkbart nivå).

Padučeva & Pentus (2008) reknar DA-verb for å vere eit merkverdig unntak frå regelen om at Pf i preteritum uttrykkjer avslutta handlingar. Dei hevdar difor at ei setning som (137a) ikkje tyder på at inntekta har slutta å vekse, slik Pf vanlegvis gjer i preteritum, og at det perfektive verbet *uveličit'sja* difor er kumulativt og atelisk. Vidare påstår dei at (132a) og (132b) kan vere synonyme dersom dei dreier seg om ei monoton endring utan eksplisitt nemnt differanseverdi.

- (137) a. *Ego dochody uveličilis',<sup>Pf</sup>.*  
 Inntekta hans vaks/har vakse.  
 b. *Ego dochody uveličivajutsja<sup>Ipf</sup>.*  
 Inntekta hans veks.

Denne påstanden er nokså svak. I (137a) har inntekta auka til ei kontekstuelt gitt grense, kan hende eit lønnstrinn. Dette utelukkar ikkje at inntekta kan halde fram med å auke, sjølv om det ikkje er i fokus her. (137b) skildrar her ein prosess som skjer gradvis – det er med andre ord fokus på subintervall (inntekta har allereie vakse og vil halde fram med det). Her er berre

Ipf mogeleg, sidan predikatet står i presens. I følgje Glovinskaja (1982) skal (137a) kunne førekomme både med eit punktleg og eit durativt tidsadverbial, slik at ein til dømes kan få både *ego dochody vnezapno uveličilis<sup>Pf</sup>* 'inntekta hans vaks/har vakse brått' og *ego dochody postepенно uveličilis<sup>Pf</sup>* 'inntekta hans vaks/har vakse gradvis'. Med (137b) er berre det eine tidsadverbialet mogeleg, og det er det durative *postepенно* 'gradvis'. Derimot lèt begge seg kombinere med ein eksplisitt uttrykt differanseverdi, som til dømes *na 10 %* 'med 10 %'. Setninga *ego dochody uveličilis<sup>Pf</sup> na 10 %* 'inntekta hans auka med 10 %' er utvilsamt telisk og avslutta, medan *ego dochody uveličivajutsja<sup>Pf</sup> na 10 %* 'inntekta hans aukar med 10 %' også må oppfattast som telisk. Padučeva (1996) meiner derimot at den siste setninga av dei to ikkje er mogeleg. Ho skildrar ulikskapen mellom Pf og Ipf i samband med DA-verb slik:

Značenie NSV okazyvaetsja bolee složnym, čem značenie SV, poskol'ku SV prosto konstatiрует sdvig značenija parametra, а NSV выраžает не tol'ko eto, но и прогноз на будущее (за которым, как и за всякой тенденцией, должен стоять некий мыслительный субъект).

*Tydinga til Ipf viser seg å vere mykje meir komplisert enn tydinga til Pf, sidan Pf berre konstaterer ei endring av ein grad, medan Ipf uttrykkjer ikkje berre dette, men òg ein prognose for framtida (og bak denne, som bak alle tendensar, må det stå eit tenkjande subjekt).*

(Padučeva 1996: 117-118)

I sitt kontrastive studie av DA-verb i engelsk og mandarin, spør Lin (2004) om DA-verb i røynda er *accomplishments* eller *achievements*. Ifølgje han liknar døme på DA-setningar med eksplisitt uttrykte differanseverdier som (138) meir på *accomplishments* enn *achievements*. Her vert det demonstrert at dei to døma er teliske, sidan berre teliske predikat kan modifiserast med eit *in*-adverbial på engelsk (*za*-adverbial på russisk). Dette utelukkar altså at døma i (138) er *states* eller *activities*.

- (138) a. The gap widened 3% in a year/\*for a year.
- b. The soup cooled 5 degrees in an hour/\*for an hour.

(Lin 2004: 1)

Lin testar ut setningar med eksplisitt uttrykte differanseverdier for å sjå om ein kan seie at slike DA-verb er punktlege, slik *achievements* skal vere. Han tek utgangspunkt i mandarin, men trekkjer likningar til engelsk. Ovanfor har me nemnt at *achievements* ikkje kan ha

prosessuell tyding, og at dei ikkje kan kombinerast med verbet 'å stoppe'. Døma i (139) viser at dette òg gjeld for DA-verb med eksplisitt uttrykt differanseverdi.

- (139) a. \*The soup is cooling 5 degrees.  
b. \*The soup stopped cooling 5 degrees.

Som ein ser ut ifrå døma, testar DA-verb positivt for å vere *achievements* når endepunktet er spesifisert. DA-verb skildrar punktlege endringar slik som *achievements*. Konklusjonen til Lin vert difor at ein lyt karakterisere DA-verb som nettopp *achievements*. Det at somme DA-verb tillèt ei prosessuell tyding, slik som i (132a), forklarar Lin med at ein i nokre spesielle høve kan tenkje seg ein prosessuell bruk av *achievement*-verb. Dømet han nyttar er *John is winning the game*, og kan samanliknast med russiske uttrykk med Ipf av *achievement*-verb som til dømes *Spartak vyigryvaet<sup>Ipf</sup>* 'Spartak er i ferd med å vinne'. Denne bruken av *achievement*-verb er derimot svært ulik med bruken av DA-verb. I *John is winning the game* er det snakk om ein tendens i spelet, John ligg an til å vinne no, men det kan hende han tapar. I ei setning som *The soup is cooling* er det heller snakk om ein faktisk prosess – suppa er kjølegare no enn den var tidlegare.

## 5.2 DA-verb og (a)telisitet

Dei fleste DA-verb har rot i kvalitative adjektiv. Før me går inn på diskusjonen om DA-verb og telisitet, skal me sjå nærare på desse adjektiva. Deira struktur påverkar korleis verba ter seg aspektuelt. Hay (1998) tek for seg desse adjektiva i detalj. Ho introduserer to klassar kvalitative adjektiv: *Bounded Range Adjectives* og *Unbounded Range Adjectives*:

- eit positivt kvalitativt adjektiv er eit *Bounded Range Adjective* dersom funksjonen det angir har ei maksimal grense: *full, jamn, flat*
- eit negativt kvalitativt adjektiv er eit *Bounded Range Adjective* dersom funksjonen det angir har ei minimal grense: *tom, tørr, stille*
- eit positivt kvalitativt adjektiv er eit *Unbounded Range Adjective* dersom funksjonen det angir ikkje har ei maksimal grense: *høg, rask, lang*
- eit negativt kvalitativt adjektiv er eit *Unbounded Range Adjective* dersom funksjonen det angir ikkje har ei minimal grense: *låg, treig, kort*

Korleis veit me om eit adjektiv har ei maksimal eller minimal grense? Hay (1998) føreslår ein test for å skilje ut *Bounded Range Adjectives*. Berre desse adjektiva kan modifiserast av adverb som *heilt* eller *fullstendig*. Difor kan ein konkludere med at med at adjektiva i (140) er *bounded*, medan dei i (141) er *unbounded*.

- (140)
- Den er heilt full.
  - Den er heilt jamn.
  - Den er heilt tørr.

- (141)
- \*Den er heilt høg.
  - \*Den er heilt rask.
  - \*Den er heilt treig.

### 5.2.1 (A)telisitet

Eit sentralt spørsmål når ein diskuterer DA-verb og aspektkonkurranse, er om desse verba er teliske eller ei. Kan ein seie at *bounded range adjectives* dannar teliske verb (*fylle, jamne, tørke*), medan *unbounded* dannar ateliske (*forlenge, seinke, varme*)? Ved å ta i bruk standardtestar for (a)telisitet, ser ein at dette er eit uklårt spørsmål. Hay et al. (1999) tek for seg nokre slike testar. Den første testar om ein progressiv tyding av verbet har subintervalleigenskapar (som inneber at verbet er atelisk). Slik kan ein sjå at eit verb som *forlenge* opptrer atelisk, medan *rette ut* opptrer telisk.

- (142)      a. Lars forlengar tauet. → Lars har forlenga tauet. (atelisk)  
               b. Lars rettar ut tauet. -/-> Lars har retta ut tauet. (telisk)

Den andre testen ein kan gjennomføre, går ut på å teste verba saman med tidsadverbial som byrjar med *i* og *på* (på engelsk *for* og *in*, russisk *Ø* og *za*). *I*-adverbial modifiserar berre ateliske verb, medan *på*-adverbial modifiserar teliske. Derimot kan mange DA-verb opptre med begge typar adverbial:

- (143)      a. Suppa kjølte seg ned i ein time. (atelisk)  
               b. Suppa kjølte seg ned på ein time. (telisk)

Kennedy og Levin (2007) forklarar eigenskapen til verbet *cool* ved å seie at det kan opptre som telisk dersom det i konteksten vert lagt til rette for ei forståing av kva som er kjølig. Difor kan ein tenkje seg at (143b) impliserar at suppa har nådd ein grad av "kjølegdom" som vert gitt av konteksten. Dette kan til dømes vere at suppa er kjøleg nok til at me kan ete den utan å brenne oss på tunga eller til å setje den i kjøleskapet, eller kanskje at suppa har kjøla seg ned til romtemperatur. I (143a) er det derimot ikkje underforstått nokon grad av "kjølegdom" som suppa har nådd. Denne setninga legg ikkje til rette for at me kan seie at suppa er kjøleg, me kan berre slå fast at suppa er *kjølegare*. Akkurat denne skilnaden kjem klårare til uttrykk i mange norske og tyske DA-verb. I desse språka vert DA-verb danna både av positivstamma og av komparativstamma til adjektivet. Dei DA-verba som vert danna av komparativstamma er grunnleggjande ateliske, medan dei som vert danna av positivstamma vert grunnleggjande teliske, slik Boks VI illustrerer. Som me ser, er lista med komparativverb noko lengre på tysk. Men det finst óg nokre unntak. 'Kjøle ned' (*kühlen*) må sjåast på som grunnleggjande atelisk, sjølv om det er danna av positivforma kjøleg (*kühl*). Det same gjeld 'varme' på norsk, men ikkje på tysk (sjå Boks VI).

## Boks VI

	Positivstamme → telisk	Komparativstamme → atelisk
norsk	jamn → jamne tørr → tørke sikker → sikre	stor → større → forstørre lang → lengre → forlenge vond → verre → forverre god → betre → forbetere
tysk	<i>trocken</i> → <i>trocknen</i> tørr → tørke <i>sicher</i> → <i>sichern</i> sikker → sikre	<i>groß</i> → <i>größer</i> → <i>vergrößern</i> stor → større → forstørre <i>lang</i> → <i>länger</i> → <i>verlängern</i> lang → lengre → forlenge <i>gut</i> → <i>besser</i> → <i>verbessern</i> god → betre → forbetere <i>warm</i> → <i>wärmer</i> → <i>(er)wärmen</i> varm → varmare → varme <i>hoch</i> → <i>höher</i> → <i>erhöhen</i> høg → høgare → forhøgje <i>kurz</i> → <i>kürzer</i> → <i>verkürzen</i> kort → kortare → forkorte

Neste test syner også korleis telisitet vert avgjort av konteksten. Ein modifikasjon av eit telisk predikat med *nesten* vil vere tvitydig – anten kan ein tenkje seg at hendinga har funne stad, men ikkje vorte fullført, eller så kan det bety at hendinga aldri fann stad (Dowty 1979).

- (144)
- a. Lars gjekk nesten heim.
  - b. Lars gjekk nesten ein tur.

(144a) er tvitydig, setninga kan bety anten at Lars var på veg heim, men at han ikkje kom heilt fram, eller at han aldri gjekk i det heile teke. Derimot kan (144b) berre tyde éin ting, nemleg at Lars vurderte å gå ein tur, men aldri gjorde det. Eitt DA-verb kan opptre både telisk og atelisk når det vert modifisert av *nesten*. Det avgjerande i slike situasjonar er om det verbalet som *nesten* modifiserar har ein resultattilstand (*target state*) eller ikkje. Å gå heim har

resultattilstanden [vere heime], medan å gå ein tur ikkje har det same. Med Dowtys dekomponering vil dei to mogelege tolkingane av (144a) sjå ut som i (145).

- (145) a. GÅ HEIM [NESTEN[BECOME[VERE HEIME]]]  
b. NESTEN [GÅ HEIM[BECOME[VERE HEIME]]]

Det følgjande dømet er henta frå Hay et al. (1999). I denne situasjonen seier forfattarane at det er allmenn kunnskap om objekta *pants* 'bukser' og *exam* 'eksamen' som påverkar (a)telisiteten til bruken av verbet *lengthen* 'forlenge'. I dette høvet meinar forfattarane at det finst ein konvensjonell lengde på buksar som er underforstått. Ein eksamen har ikkje ein slik lengde.

- (146) a. The tailor almost lengthened my pants. (tvitydig)  
b. The teacher almost lengthened the exam. (utvitydig)

(Hay et al. 1999: 128)

### 5.2.2 Differanseverdiar

Til sist tek Hay et al. (1999) for seg verb som viser skiftande åtferd i kombinasjon med mengdeargument og teljeargument (*mass noun arguments* og *count noun arguments*). Desse verba opptrer telisk i samband med teljeargument og atelisk med mengdeargument:

- (147) a. Turid et eit eple. -/-> Turid har ete eit eple.  
b. Turid et graut. → Turid har ete graut.

Teljenomen viser til ein avgrensa mengde, og impliserer at situasjonen som verbet skildrar, har eit endepunkt. Dette fører til ei telisk tyding av verbet. På den andre sida viser mengdenomen til ein mengde som ikkje er avgrensa, noko som utelukkar eit endepunkt og dermed ei telisk tyding. Hay et al. (1999) samanliknar den aspektuelle åtferda til verb som 'ete' med DA-verb. Dei hevdar at dersom graden eit argument endrar seg i ei DA-setning er avgrensa, er predikatet i setninga telisk, medan ein uavgrensa endringsgrad fører til ei atelisk forståing av predikatet. I (137a) er endringsgraden til *ego dochody* ikkje definert, og det kan verke som Pf *uvelicilis*' 'auka' lyt ha ei atelisk tyding. I denne situasjonen er det derimot

heller slik at Pf tvinger fram ei kontekstuell grense (som me hugsar frå tidlegare kan dette til dømes vere eit lønnstrinn). Dersom ein legg til ein differanseverdi, vert situasjonen ei heilt anna. Differanseverdien fungerer som eit endepunkt og gir predikatet ei telisk tyding, slik (148) frå korpus syner:

- (148) *Soglasno statistike v uchodjaščem godu blagosostojanie rossijan roslo<sup>Ipf</sup> bystree, čem v prošlom: za devjat' mesjacev 2002 goda denežnye dochody uveličilis',<sup>Pf</sup> na 7,1 procenta protiv šesti procentov v prošlom godu.*  
 Ifølgje statistikken har levestandarden til russarar vakse snøggare i inneverande år enn i fjar: dei ni første månadane av 2002 **har** kapitalinntektene **auka** med 7,1 prosent mot seks prosent i fjar. (RNC)

At DA-setningar med differanseverdiar er teliske, kan sjølvsagt testast gjennom telisitetstestane, slik som i (149).

- (149) a. Dei utvidar vegen med fem meter. -/-> Dei har utvida vegen med fem meter.  
 b. Ho aukar snøggleiken med 40 kilometer i timen. -/-> Ho har auka snøggleiken med 40 kilometer i timen.

Meir problematiske er testen i (150), der DA-verbet vert modifisert med 'nesten'. Hay et al. (1999) meiner at slike setningar i same grad som setningane i (144) er tvitydige, det vil seie at (150a) kan tyde både at dei vurderte å utvide vegen med fem meter, men lèt vere å gjere det, og at dei utvida vegen, men med litt mindre enn fem meter.

- (150) a. Dei utvida nesten vegen med fem meter. (tvitydig??)  
 b. Ho auka nesten snøggleiken med 40 kilometer i timen. (tvitydig??)

Her er ikkje forfattarane heilt presise, for både i norsk og engelsk er det i nettopp slike setningar vanleg å avgjere korleis ein lyt forstå situasjonen ut ifrå den syntaktiske plasseringa til 'nesten'. Dersom 'nesten' står like før differanseverdien, vil setninga vere utvitydig og tyde at det var ei endring, men at den ikkje nådde det nivået som differanseverdien markerer. Det er difor ikkje like enkelt å fastslå at setningane i (150) er like tvitydige som i (144) – sjølv ei

tvitydig forståing kanskje er mogeleg, kan ein flytte 'nesten' og få ei utvitydig setning som i (151a).

- (151) a. Dei utvida vegen med nesten fem meter. (utvitydig)  
b. Dei utvida nesten vegen med fem meter. (utvitydig)

Dette kjem klårare fram i russisk, der ein har to adverbial for *almost* 'nesten' som skil dei to tydingane frå einannan. Om handlingar eller hendingar som ikkje er påbyrja, nyttar ein *čut' ne* 'nesten' (bokstaveleg: så vidt ikkje). Dette adverbialet vert ofte omsett til norsk med verbkonstruksjonane 'halde på å/vere på nippet til å'<sup>5</sup>. Dersom handlinga er påbyrja, men ikkje er avslutta eller ikkje har nådd eit indre mål (telos) eller differanseverdien i setninga, er det vanlegast å nytte adverbialet *počti* 'nesten'. Sjå på dei to neste døma. (99) hugsar me godt frå kapittel 4, medan (146) er eit anna døme frå korpus.

- (99) *Ja uznal, čto budu polučat' \$25 tysjač v god, moj zarabotok uveličivalsja<sup>IPF</sup> počti na \$8 tysjač.*

Eg fann ut at eg skulle få 25 tusen dollar i året – lønna mi auka med nesten åtte tusen. (RNC)

- (152) *On vyprosil<sup>PF</sup> u menja rubl' i koričnevye perforirovannyе sandalii. Zatem rasskazal<sup>PF</sup> dramaticeskiju istoriju: - Ded, ja čut' ne razbogatel<sup>PF</sup>. Ja pridumal<sup>PF</sup> isključitel'nyj finansovyj trjuk.*

Han tagg til seg pengar og dei brune gjennomholna sandalane mine. Etterpå fortalte han ei dramatisk historie: "Bestefar, eg tente meg nesten rik. Eg fann opp eit eineståande finansknep. (RNC)

Funn i korpora viser at adverbialet *čut' ne* også kan modifisere objekt, og ikkje berre verbal. I (153a) er det ikkje snakk om at dei haldt på å fengsle ein halv million unge litauarar, men ikkje gjorde det. Denne setninga må tolkast slik at i underkant av ein halv million vart fengsla, og adverbialet *počti* hadde passa like fint inn. *Počti* kan modifisere verbal, men som oftast er

<sup>5</sup> Merk at den norske verbkonstruksjonen 'halde på å + inf' er tvitydig. Med *achievements* er konstruksjonen synonym med "vere på nippet til å": Han haldt på å falle. Med *activities* og *accomplishments* fungerer denne verbkonstruksjonen meir som ein IPF-markør, den er med på å understreke at handlinga er ein prosess: Eg held på (med) å hogge ved (activity) / skrive ei bok (accomplishment).

det i situasjonar der det har tyding 'ikkje heilt', som i (153b). Berre i få høve opptrer *počti* saman med *achievements*, men også i desse høva er tydinga til adverbialen snarare 'nesten, men ikkje heilt'. Dette er tydeleg illustrert i (153c), der det vert understreka at personen det gjeld ikkje vurderte å slutte skrive til kjende, men ombestemte seg, men at han no skriv mykje sjeldnare enn tidlegare.


- (153) a. *Posle vojny pol-Litvy posadili<sup>Pf</sup>, čut' ne polmilliona molodykh mužikov.*  
 Etter krigen ble jo halve Litauen satt i fengsel, nesten en halv million unge mannsfolk.  
 After the war half of Lithuania was put in prison, almost half a million young men. (RuN)
- b. *I chotja on, kazalos<sup>Ipf</sup>, uže počti ponimal<sup>Ipf</sup> proischodjašće, no eto vospominanie slovno otbrosilo<sup>Pf</sup> ego nazad, ottolknulo<sup>Pf</sup> ot popytki rešit'<sup>Pf</sup> uravnenie s odnim neizvestnym i dvumja izvestnymi.*  
 Tilsynelatende forsto han nesten det som hadde hendt, men det var som om disse minnene kastet ham tilbake, dyttet ham bort og hindret ham i å løse likningen med en ukjent og to kjente. (RuN)
- c. *On počti perestal<sup>Pf</sup> pisat'<sup>Ipf</sup> znakomym, liš' izredka otkrytki.*  
 Han slutta nesten å skrive til kjente, berre eit postkort i ny og ne. (RNC)

Tidlegare har me sett at DA-verb som er danna av *Bounded Range Adjectives* er teliske, sidan dei impliserer eit endepunkt. Oppnåinga av dette endepunktet kan stadfestast ved å modifisere predikatet med adverbet 'heilt' (*polnost'ju*) som i (154a), og eit DA-verb med *polnost'ju* må difor sjåast på som telisk. Hay et al. (1999) trekkjer òg fram adverbet *significantly* ('monaleg', *značitel'no*) og seier at dette òg kan leggje til rette for ei telisk forståing, sjølv om det ikkje impliserer noko endepunkt. I desse setningane, som (154b og c), hevdar forfattarane at *telos* er det som reknast for å vere 'signifikant' i konteksten til ytringa.

- (154) a. *Poražennye zriteli заметили<sup>Pf</sup>, что ich оде́зда, мокрая от ливня,  
полност’ю высочла<sup>Pf</sup> за какие-то секунды.*  
 Dei forbløffa tilskodarane la merke til at kleda deira, som var våte etter regnbya, **vart** heilt **tørre** på nokre sekund. (RNC)
- b. *Oднако действие земледельцов значительной труднодоступностью из-за  
засоренности dna.*  
 Likevel **vart** muddermaskinens arbeid monaleg **meir komplisert** grunna botnens ureining. (RNC)
- c. *В Северной Африке (Альжир, Марокко) и на Ближнем Востоке впервые за  
последние 4 года получили<sup>Pf</sup> неплохой урожай и значительной снизили<sup>Pf</sup>  
закупки российского зерна.*  
 I Nord-Afrika (Alžir, Marokko) og i Midtausten **har** dei for første gong på fire år hatt ei god avling og monaleg **redusert** innkjøp av russisk korn. (RNC)

'Monaleg' testar positivt for telisitet i telisitetstestane våre i (155), og *Ip<sup>f</sup> zatrudnjalis'* vart meir komplisert' kan ha faktuell tyding i (154b). Verre er det med 'litt' (*slightly, nemnogo/slegka*), slik ein ser i (156). Hay et al. (1999) kallar *significantly* for ein *monotone increasing modifier*, medan *slightly* er ein *monotone decreasing modifier*. Med det meiner dei at det vert sett ei kontekstuell grense for kva som er *monaleg* eller *litt*. I Figur X er dette illustrert. Der er det merka av ei grense for kva som definerast som *značitel'no*, og kva som kan definerast som *slegka*. Alt over den øvste streken kan definerast som *značitel'no*, medan ingenting under den kan definerast slik. Med den nedste streken vert det omvendt, alt under kan definerast som *slegka*, men ikkje det som er over. Slik får me ateliske tydingar i (157).

**Figur X.**



- (155) a. Petter aukar farten monaleg. -/-> Petter har auka farten monaleg.  
b. Petter auka nesten farten monaleg. (tvitydig)
- (156) a. Petter aukar farten litt. → Petter har auka farten litt.  
b. Petter auka nesten farten litt. (utvitydig)

- (157) a. *Prosnulsja Viktor okolo odinnadcati. Prosnulsja ot choloda. Vskočil, vybežal na kuchnju, zakryl okno i fortočku i tut že vernulsja v spal’nu. Poležal odetym pod odejalom, nemnogo sogrelsja<sup>Pf</sup>.*  
 Viktor våknet rundt elleve. Han våknet av at han frøs. Han sprang opp av senga og løp ut på kjøkkenet, lukket vinduet og vindusluka før han vendte tilbake til soverommet. Han lå med klærne på under teppet og **varmet** seg litt. (RuN)
- b. *Čto že kasaetsja do menja, to ja ne seržus’, ej-bogu, vot vam ruka moja. Zdes’ tol’ko pyl’no, ja nemnogo započkal<sup>Pf</sup> ee; no eto ničego dlja vysokogo čuvstva.*  
 Hva meg selv angår, så er jeg ikke det minste sint, ved Gud er jeg ikke. Her har De min hånd. Det er litt støvete her, jeg er visst **blitt** litt **skitten**, men det har ingen betydning når det er snakk om edle følelser.  
 (RuN)
- c. *I v znak togo, čto teper’ vse chorošo i blagopolučno, ona slegka raskryla<sup>Pf</sup> rot, počmokala gubami i, lučše uloživ okolo starych Zub lipkie guby, zatichla v blažennom spokojstvii.*  
 Og som tegn på at alt nå var vel og bra, **gløttet** den **på** munnen, smattet med de seige leppene som den så la bedre til rette om de gamle tennene, og roet seg i salig fred. (RuN)

### 5.3 Oppsummering

I dette kapittelet har me sett at DA-verb gir eit meir komplisert bilet enn andre verb når det kjem til aspekt. DA-verb er teliske når dei har ein eksplisitt uttrykt eller kontekstuelt gitt differanseverdi, eller når verbet er danna av eit *bounded range adjective* som har ei indre grense i sin semantikk. Verre er det med dei ateliske situasjonane. Lat oss vende attende til det russiske dømet som vart nemnt først i dette kapittelet.

- (121) *Za poslednie dva dnja ego udivlenie narastalo<sup>Inf</sup>.*  
 Dei siste to dagane **har** overraskinga hans **vakse**.

Funksjonen til *narastalo* angir ikkje ei maksimal grense, i teorien kan ei overrasking vekse i det uendelege. Difor kan funksjonen til dette verbet klassifiserast som *unbounded*, noko som indikerer at verbet er atelisk. På den andre sida har me her eit *za*-adverbial, som vanlegvis opptrer med teliske predikat. I 4.6 såg me at *za*-adverbial kan modifisere ateliske predikat på russisk dersom predikatet har habituell tyding. I (121) er det vanskeleg å sjå føre seg ei habituell tyding av *narastalo*.

Kennedy og Levin (2007) hevdar at slike verb som *narastat'*, danna av det dei kallar dimensjonale adjektiv<sup>6</sup>, berre kan modifiserast av durative tidsadverbial, og at ei setning som (121) ikkje er mogeleg. Dei meiner at sidan (158b) motseier seg sjølv, er berre det durative tidsadverbialet mogeleg i (158a).

- (158) a. The gap between the boats widened for/?in a few minutes.  
b. \*The gap is widening, but it hasn't widened.

(Kennedy & Levin 2007: 5-6)

I dette kapittelet har me derimot sett at (158a) kan modifiserast av det inklusive adverbialet *in a few minutes* dersom det finst ein kontekstuelt gitt differanseverdi. Det same gjeld *za*-adverbialet i (121), det er eit prov på at det ikkje berre er durative tidsadverbial som passar med DA-verb utan eksplisitt uttrykt differanseverdi. Dei fleste av informantane eg har spurd valde Ipf i (121). Padučeva og Pentus (2008) vel å tolke predikatet i (137a) som atelisk, sjølv om det er Pf. Det har me sett tidlegare at er umogeleg. Eg vurderer både (121) og (137a) som teliske, og meiner difor at (121) eit døme på faktuell Ipf.

Aspektkonkurranse i russisk med DA-verb er eit lite utforska område. Eit raskt blikk over korpus viser at Pf av DA-verb i dei fleste høva nyttast saman med ein differanseverdi, med nokre unntak som (159).

---

<sup>6</sup> det russiske verbet *narastat'* er ikkje danna av eit dimensjonalt adjektiv, men av substantivet *rost* 'vekst'. Likevel vurderer eg det som korrekt å inkludere dette verbet i denne gruppa.

(159) *Vsled za vice-prem'erami včera uveličilos<sup>Pf</sup> číslo zamestitelej glavy apparata pravitel'stva.*

Etter viseministrane auka talet på stadfortredarar til leiaren for regjeringsapparatet i går. (RNC)

## 6. Konklusjon

I denne oppgåva har eg vurdert aspekt som ein tidskategori, slik også Klein (1995), Grønn (2003) og fleire gjer. Dette har vist seg å vere den mest formålstenlege tilnærminga, sidan den gir oss den mest nøyaktige forklaringa på aspektuelle motsetnader og aspektkonkurranse. Men kan ein tenkje seg at det finst andre faktorar enn tid som spelar inn på aspektval? Lat oss sjå på (46a), som me hugsar frå 3.4.

- (46) a. *Vot on tak že nelovko, kak slezal<sup>lpf</sup> minutu nazad, saditsja<sup>lpf</sup> na velosiped.*

Like klossete som han steig av sykkelen for ein augneblink sidan, set han seg no på den att.

(Padučeva 1996: 176)

Sjølv skriv Padučeva at denne setninga er eit døme på den einaste mogelege situasjonen der eit predikat som modifiserast av eit såkalla inkluderande tidsadverbial kan ha faktuell tyding. Ho illustrerer (46a) med skjemaet i Figur XI. Her symboliserer parentesen det tidsintervallet som skildrast av tidsadverbialet (R), medan hakene symboliserer den tida som gjeld for heile handlinga (E). Ytringstida (S) vert markert av symbolet •.

### Figur XI

---<--- (---)--->---•----->

(Padučeva 1996: 176)

Eg argumenterte for at *slezal<sup>lpf</sup>* må sjåast på som faktuell, men i motsetnad til Padučeva meiner eg dette er fordi tidsintervallet som skildrar handlinga er mindre enn det som vert skildra av tidsadverbialet *minutu nazad* 'for ein augneblink sidan', og ikkje omvendt. Padučeva burde difor ha illustrert (46a) som i Figur XII.

### Figur XII

---(---<--->---)---•----->

Det korkje Padučeva eller eg har teke omsyn til, er korleis måtesadverbialet *nelovko* 'klønnete' er med på å styre valet av aspekt i (46a). Dette adverbialet skildrar jo på kva måte prosessen med å stige av og på sykkelen føregår. Eit slikt fokus på prosessdelen av *Event Nucleus* vil i så fall vere med på å forsterke bruken av Ipf, og umogeleggjere Pf *slez* 'steig av'. I (160) og (161) kan me derimot sjå at Pf er mogeleg i liknande høve, med eit måtesadverbial.

- (160) *V zlobe volna vzmetaetsja<sup>Ipf</sup> ešče na neskol'ko metrov vverch i tak že stremitel'no, kak i prišla<sup>Pf</sup>, skativaetsja<sup>Ipf</sup> v okean, unosja s soboj oblomki stroenij i ljudej, ne uspevšich ukryt'sja.*

I harme skyt bølgja endå nokre meter i vêret, og like lynsnart som den **kom**, renn den ut i havet og tek med seg restar av bygningar og menneske som ikkje rakk å sokje dekning. (RNC)

- (161) *Tak že besšumno, kak on prišel<sup>Pf</sup>, on povoračivaetsja nazad k dveri i neset menja nazad mimo spjaščich Il'i, Sereži i Channy.*

Like lydlaust som han **kom**, snur han seg attende mot døra og ber meg forbi Ilja, Sereža og Hanna, som ligg og sov. (RNC)

Dette vil derimot ikkje seie at måtesadverbiala ikkje har nokon som helst innverknad på aspektvalet i slike høve. Dersom *nelovko* er med på å forsterke Ipf sin posisjon i (46a), må me operere med eit ytterlegare parameter enn tid i aspektval. Dette gjer det vanskelegare å vurdere aspekt i russisk som ein reint temporal kategori, slik eg har valt å gjere i denne oppgåva. Dette er ein svært interessant problemstilling som fortener mykje meir merksemd enn eg kan gi i dette kapittelet.

For dei konklusjonane eg kan trekke i denne oppgåva er det to omgrep som er særskilt viktige. Det første av dei er referansetid. I 3.2 vart det argumentert at alle ytringar har ei referansetid som er meir eller mindre bestemt. Forholdet mellom referansetida og ytringstida avgjer tempus for predikatet, medan forholdet mellom referansetida og handlingstida avgjer aspekt. I ei setning som *Eg har vore i Japan* er ikkje referansetida bestemt, og ein lyt tenkje seg at talaren refererer til ALL FORTID, eller meir nøyaktig heile livet til talaren. I Partee (1973) sitt døme *I didn't turn off the stove* argumenterte me for at referansetida er kontekstuelt gitt. Referansetida kan også definerast av eit tidsadverbial. Ein føresetnad i denne oppgåva


for at Ipf kan ha faktuell tyding i samband med eit rammeadverbial som *včera* 'i går' eller *v detstve* 'i barndommen' er at det tidsintervallet som skildrar handlinga (E) er inkludert i det tidsintervallet som skildrast av tidsadverbialet (R), altså  $E \subseteq R$ . Sjå på setningane i (162).

- (162) a. *I pravda, v detstve ja čital<sup>Ipf</sup> "Annu Kareninu".*  
          Og ganske riktig, i barndommen **las** eg "Anna Karenina".
- b. *Ja v detstve žil<sup>Ipf</sup> v Persii i govoril<sup>Ipf</sup> po-persidski.*  
          I barndommen **bulde** eg i Persia, og eg **kunne snakke** persisk.
- c. *V detstve govorili<sup>Ipf</sup>, čto ja pochož na otca.*  
          Då eg var liten **sa** folk at eg var lik på far min.

(RNC)

At alle desse handlingane er inkluderte i tidsintervallet som vert definert av *v detstve* 'barndommen/då eg var liten', illustrerast i Figur XIII. Her ser ein at *govorili* 'sa' refererer til mange handlingar, med andre ord ein vane.

### Figur XIII



Derimot er det berre (162a) som kan ha faktuell tyding her. For å forklåre dette lyt me ty til eit anna sentralt omgrep i denne oppgåva – (a)telisitet. Eg har argumentert for at eit predikat med Ipf-morfologi lyt vere telisk, det vil seie ha eit indre *telos* eller grense, for at ei faktuell tyding skal vere mogeleg. Det finst fleire måtar å teste (a)telisitet på. Den eine er subintervalltesten.

Ved å ta utgangspunkt i presensformene til dei to verba, viser (163) at berre (162a) er telisk, sidan predikatet *čitaju* 'eg les' ikkje lèt seg omskrive med *uže čital* 'har allereie lese'.

- (163) a. *Ja čitaju<sup>Ipf</sup> "Annu Kareninu"*. -\-> *Ja uže čital<sup>Ipf</sup> "Annu Kareninu"*.  
 Eg les "Anna Karenina". -\-> Eg har allereie lese "Anna Karenina".
- b. *Ja živu<sup>Ipf</sup> v Persii. → Ja uže žil<sup>Ipf</sup> v Persii.*  
 Eg bur i Persia. → Eg har allereie budd i Persia.
- c. *Govorjat<sup>Ipf</sup>, čto ja pochož na otca. → Uže govorili<sup>Ipf</sup>, čto ja pochož na otca.*  
 Folk seier at eg er lik på far min. → Folk har allereie sagt at eg er lik på far min.

Ein annan telisitetstest, som er presentert av mellom andre Borik (2003), er adverbialmodifiseringstesten. Her tek ein i bruk tidsadverbial for å teste om eit predikat er telisk eller ikkje. Boriks påstand er at berre ateliske predikat lèt seg modifisere av durative tidsadverbial, medan såkalla inklusive adverbial berre kan modifisere teliske adverbial.

- (42) a. *Petja iskal<sup>Ipf</sup> knigu \*za čas/čas.*  
 Petja looked for a book \*in an hour/for an hour.
- b. *Petja pročital<sup>Pf</sup> knigu za čas/\*čas.*  
 Petja read a book in an hour/\*for an hour.

(Borik 2006: 27)

Derimot viste eg i 4.5 at predikatet *ustavala* i (124) må sjåast på som habituelt og difor atelisk. Her er kvar handling 'verte lei av menneske' telisk, men bakgrunnsinformasjonen som den føregåande setninga gir (ho jobbar i parfymeavdelinga), i tillegg til det iterative suffikset *-va-* tvinger fram ei atelisk tolking av (124).

- (124) *Ljudka rabotala<sup>Ipf</sup> v parfjumernom otdele bol'šogo univermaga. Za den' ustavala<sup>Ipf</sup> ot ljudej. Prichodila<sup>Ipf</sup> domoj v plochom nastroenii: chotela<sup>Ipf</sup> est' i revnovala<sup>Ipf</sup> Sašu.*

Ljudka arbeidde i parfymeavdelinga i eit stort varehus. Etter endt arbeidsdag (bokstaveleg: i løpet av éin dag) **var** ho **lei** av menneske. Ho kom heim i därleg humør: ho var svolten og sjalu på Saša.

(RNC)


Problematisk er også (121). I kapittel 5 argumenterer eg for at såkalla *degree achievement*-verb i utgangspunktet er ateliske, men at konteksten kan tvinge fram ei telisk tolking.

- (121) *Za poslednie dva dnja ego udivlenie narastalo<sup>Ipf</sup>.*

I løpet av dei to siste dagane har overraskinga hans vakse. (RNC)

Predikatet må sjåast på som atelisk, sidan det etter mitt syn ikkje har noko *telos*. DA-verb må ha ein differanseverdi for å kunne ha telisk tyding. Denne differanseverdien kan vere eksplisitt uttrykt, men den kan også vere kontekstuelt gitt. I (121) er det ingen eksplisitt uttrykt differanseverdi, og det er vanskelig å sjå føre seg ein som er kontekstuelt gitt. Figur XIV gir støtte til påstanden om at *narastalo* 'har vakse' må vere atelisk. Her er handlinga *udivlenie narastaet<sup>Ipf</sup>* 'overraskinga veks' illustrert med linja *e*. Som me ser, kan me nytte preteritum *narastalo* 'har vakse' også for subintervalla.

#### Figur XIV



I 5.2.1 såg me at dei fleste DA-verba på norsk og tysk som er danna av komparativstamma til eit adjektiv, er ateliske. Dersom me dekomponerer (121), som i (164), ser med resultattilstanden til verbalfrasen *udivlenie narastalo<sup>Ipf</sup>* 'overraskinga har vakse' er at

overraskinga er større, ikkje at den er stor. Dette er også med på å styrke ei atelisk tolking av (121).

(164) [BECOME[overraskinga er større]]

DA-verb ter seg annleis enn andre verb med omsyn til (a)telisitet, noko eg har vist i denne oppgåva. Denne verbgruppa er lite utforska i russisk og slavisk lingvistikk, og det hadde vore svært interessant å sjå nærmare på aspektkonkurranse med DA-verb.

Berre dersom predikatet er telisk er ei faktuell tyding av Ipf mogeleg. Tidsadverbial, og då i hovudsak rammeadverbial, kan derimot hindre den faktuelle tydinga dersom det tidsintervallet som adverbialet skildrar oppfattast som mindre enn det tidsintervall som skildrar heile handlinga. I dei høva der handlingstida E er mindre enn referansetida R (gitt av tidsadverbial), er den faktuelle ikkje berre ei mogeleg tyding av Ipf, men òg den føretrekte.

Denne oppgåva har vist at for å teste teoriar om aspekt i russisk, og for å skilje ut kva tyding Ipf har, lyt ein sjå på meir enn berre predikatet med utfyllingar. Det er naudsynt å ta omsyn til heile konteksten til ei handling for å fastslå korleis Ipf kan og bør tolkast. Få forskarar har teke dette omsynet, men med omfangsrike og brukarvennlege tekstkorpora kan me få nye diskusjonar kring russisk aspektologi, slik denne oppgåva har vore eit prov på.

## 7. Litteratur

- Altshuler, D. G.** 2010. *Temporal Interpretation in Narrative Discourse and Event Internal Reference*. PhD dissertation, The State University of New Jersey.
- Bondarko, A.V.** 1971. *Vid i vremja russkogo glagola*. Izdatel'stvo "Prosveščenie", Moskva.
- Borik, O.** 2006. *Aspect and Reference Time*. Oxford University Press, Oxford.
- Brecht, R. D.** 1985. "The Form and Function of Aspect in Russian". *Flier, M. S. & Brecht, R. D. (eds): Issues in Russian Morphosyntax*, 9-34. Slavica Publishers, Inc., Columbus, Ohio.
- Chaput, P. R.** 1990. "Aspect Choice In Questions". *Thelin, N. B. (ed): Verbal Aspect In Discourse*. John Benjamins Publishing Academy, Amsterdam/Philadelphia.
- Comrie, B.** 1995. *Aspect – An Introduction to the Study of Verbal Aspect and Related Problems*. Cambridge University Press, Cambridge.
- Depraetere, I.** 1995. "The Effect of Temporal Adverbials on (A)telicity and (Un)boundedness. *Bertinetto, P.M. et al. (eds) Temporal Reference Aspect and Actionality*. Rosenberg & Sellier, Torino.
- Dowty, D.R.** 1979. *Word Meaning and Montague Grammar – The Semantics of Verbs and Times in Generative Semantics and in Montague's PTQ* (s. 88-90). D. Reidel Publishing Company, Dordrecht.
- Durst-Andersen, P.** 1992. *Mental Grammar – Russian Aspect and Related Issues*. Slavica Publishers, Inc, Columbus, Ohio.
- Fielder, G. E.** 1990. "Narrative context and Russian aspect", i *Thelin (ed): Verbal Aspect in Discourse*. 263-284. John Benjamins Publishing Company, Amsterdam.
- Forsythe, J.** 1970. *A Grammar of Aspect. Usage and Meaning In the Russian Verb*. Cambridge.
- Galton, H.** 1976. *The Main Functions of the Slavic Verbal Aspect*. Macedonian Academy of Sciences and Arts, Skopje.

**Gasparov, B.** “Notes on the “Metaphysics” of Russian Aspect”, i *Thelin, N. B. (ed): Verbal Aspect in Discourse*. 191-212. John Benjamins Publishing Company, Amsterdam.

**Glovinskaja, M. Ja.** 1982. *Semantičeskie tipy vidovych protivopostavlenij russkogo jazyka*. Izdatel’stvo “Nauka”, Moskva.

**Glovinskaja, M. Ja.** 2001. *Mnogoznačnost’ i sinonimija v video-vremennoj sisteme russkogo glagola*. Azbukovnik, Moskva.

**Grønn, A.** 2003. *The Semantics and Pragmatics of the Russian Factual Imperfective*. Doktorgradsavhandling, Universitetet i Oslo.

**Grønn, A.** 2008. “An Amazing Come-Back: A Counterfactual Imperfective in Russian.” *Scando-Slavica* 54, 5-31.

**Gvozdev, A.N.** 1965. *Očerki po stilistike russkogo jazyka*. Izdatel’stvo ”Prosvěščenie”, Moskva.

**Hay, J.** 1998. *The non-uniformity of degree achievements*, presentert på The 72<sup>nd</sup> Annual Meeting of the LSA, New York.

**Hay, J., Kennedy, C., Levin B.** 1999. “Scalar Structure Underlies Telicity in “Degree Achievements”, i *SALT IX* (eds. Mathews, T. og Strolovich, D.). CLC Publications, Ithaca.

**Hedin, E.** 2000. “The type-referring function of the imperfective”. *Dahl, Ö (ed) Tense and aspect in the languages of Europe*. 227-264. Mouton de Gruyter, Berlin.

**Hulanicki, L.** 1973. “Actional Perfect in Russian”, i *The Slavic and East European Journal*, Vol. 17, No. 2, 174-183.

**Isačenko, A.V.** 1968. *Die russische Sprache der Gegenwart*. Hueber, München.

**Kennedy, C. og Levin, B.** 2007. Measure of Change: The Adjectival Core of Degree Achievements<sup>7</sup>.

**Klein, W.** 1995. “A time-relational analysis of Russian aspect”. *Language*, 71/4. 669-695.

**Leinonen, M.** 1982. *Russian Aspect, "Temporal'naja lokalizacija" and Definiteness/Indefiniteness*. Helsinki.

---

<sup>7</sup> To appear in McNally, L. And C. Kennedy (eds.) *Adjectives and Adverbs: Syntax, Semantics and Discourse*, Oxford University Press

- Lin, J.** 2004. “Are Degree Achievements Really Achievements?”, i Proceedings of the 9<sup>th</sup> International Symposium on Chinese Languages and Linguistics (IsCLL-9), Taipei, Taiwan.
- Maslov, Ju. S.** 2004. “Očerki po aspektologii”. *Maslov, Ju. S. Izbrannye trudy – aspektologija, obščee jazykoznanie*. 19-302. Jazyki slavjanskoj kul’tury, Moskva.
- Maslov, Ju. S.** 2004. ”Perfektnost””. *Maslov, Ju. S. Izbrannye trudy – aspektologija, obščee jazykoznanie*. 426-444. Jazyki slavjanskoj kul’tury, Moskva.
- Mathiassen, T.** 1996. *Russisk grammatikk*. Universitetsforlaget, Oslo.
- Mehlig, H. R.** 2002. ”Vid i referencial’nyj status glagolnoj predikacii v tekste. Upotreblenie vidov v voprosach s mestoimeniem *kto*”. *Osnovnye problemy russkoj aspektologii*. 128-149. “Nauka”, Sankt Petersburg.
- Padučeva, E.V.** 1992. “Toward the Problem of Translating Grammatical Meanings: The Factual Meaning of the Imperfective Aspect in Russian.” *Meta*, XXXVII (1). 113-126.
- Padučeva, E.V.** 1996. *Semantičeskie issledovanija*. Škola “Jazyki russkoj kul’tury”, Moskva.
- Padučeva, E.V. & Pentus, M.** 2008. ”Formal and informal semantics of telicity”, i *Theoretical and Crosslinguistic Approaches to the Semantics of Aspect* (ed. Rothstein, S.). John Benjamins Publishing Company, Amsterdam.
- Pancheva, R.** 2003. “The aspectual makeup of Perfect participles and the interpretations of the Perfect. *Alexiadou, A., Rathert, M., von Stechow A. Perfect Explorations*. Mouton de Gruyter, Berlin.
- Partee, B.** 1973. “Some Structural Analogies Between Tenses and Pronouns In English”. *The Journal of Philosophy*, volume LXX, No. 18, 601-609.
- Rassudova, O. P.** 1982. *Upotreblenie vidov glagola v russkom jazyke*. Izdatel’svo moskovskogo universiteta, Moskva.
- Rassudova, O. P.** 1982. *Upotreblenie vidov glagola v sovremennom russkom jazyke*. Izdatel’svo “Russkij jazyk”, Moskva.
- Reichenbach, H.** 1947. *Elements of Symbolic Logic*. MacMillan, New York.

- Russkaja grammatika.** Tom I. 1980. Izdatel'stvo "Nauka", Moskva.
- Sonnenhauser, B.** 2006. *Yet There's Method in It. Semantics, Pragmatics and the Interpretation of the Russian Imperfective Aspect*. Verlag Otto Sagner, München.
- Timberlake, A.** 1984. "Temporal Schemata of Russian Predicates". *Flier, M. og Brecht, R. D. (eds.) Issues in Russian Morphosyntax*. 35-57. Slavica Publishers, Inc., Columbus, Ohio.
- Timberlake, A.** 1985. "Reichenbach and Russian Aspect". *Flier, M. S. og Timberlake, A. (eds.) The Scope of Slavic Aspect*. 153-168. Slavica Publishers, Columbus, Ohio.
- Vendler, Z.** 1968. "Verbs and Times" i *Linguistics in Philosophy*, Cornell University Press, Ithaca.
- Zaliznjak, A.A. og Šmelev, A.D.** 2000. *Vvedenie v russkiju aspektologiju*. Jazyki russkoj kul'tury, Moskva.

**Korpora:**

**RuN-korpuset**, Universitetet i Oslo.

**The Russian National Corpus** (*Russkij nacional'nyj korpus*) – [www.ruscorpora.ru](http://www.ruscorpora.ru)